

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Hyllestad kommune

Utval: Kontrollutval - Hyllestad kommune
Møtedato: 21.03.2014
Møtetid: 10.00
Stad: Formannskapssalen
Møtenr.: 1/2014
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmann i sakene 6-7/14. Revisor i sak 7/14.

Melding til: Ordfører (møterett), KRYSS-revisjon (møterett) og varamedlem.
(Varamedlem møter etter nærare innkalling).

Dersom du ikkje kan møte, gje melding på telefon 57612785 / 97170064 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

01/14 Godkjenning av innkalling og sakliste.
02/14 Skriv og meldingar.
03/14 Møteplan 2014 for kontrollutvalet i Hyllestad
04/14 Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Hyllestad
05/14 Revisor sin eigen vurdering av ubundenskap
06/14 Orientering om praksis for eigedomsskatt for oppdrettsanlegg
07/14 Forvaltningsrevisjonsrapport – Tenesteanalyse av pleie og omsorg.
08/14 Oppfølgingsliste 1-2014 – Hyllestad.
09/14 Eventuelt.

Hyllestad, 12.3.2013.

Håkon Giil (s)
Leiar


Audhild Ragni Vie Alme
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	57612785 arva 97170064 arva	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

01/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat
Dato: 12.03.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet i Hyllestad	21.03.2013	01/14	Ja

Kontrollutvalet sitt vedtak:

02/14 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat
Dato: 12.03.2014.

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Hyllestad	21.03.2014	02/14	Ja

Saksvedlegg

- SM 01-14: Brev datert 03.12.2013 frå Fylkesmannen: Vedtak etter klage på vedtak om dispensasjon frå utdanningskravet. Ikkje offentleg (sendt pr post til medlem)
- SM 02-14: Sak 011/14 handsama i Hyllestad kommunestyre 20.2.2014: Dispensasjon frå utdanningskrava i Åfjorddalen barnehage - Klagesak. Ikkje offentleg (sendt pr post til medlem)
- SM 03-14: Brev datert 13.1.2014 frå KRYSS Revisjon til Hyllestad kommune: Rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald m.v.
- SM 04-14: Brev datert 20.1.2014 frå KRYSS Revisjon til Hyllestad kommune: Uttale frå leiinga – Hyllestad kommune sin rekneskap for 2013
- SM 05-14: Skatterekneskapen 2013/ Årsrapport for 2013, Skatteoppkrevjaren i Hyllestad kommune, datert 20.1.2014.
- SM 06-14: Svarbrev datert 10.2.2014 frå Hyllestad kommune til Kryss Revisjon: Tilsyn i forhold til risiko for misleghald m.v.
- SM 07-14: Brev datert 7.3.2014 frå Morten Askvik, Sak: Permisjonsnekt i samband med årsmøtet i Senterpartiet i Sogn og Fjordane.
- SM 08-14: Sak 009/14 handsama i Hyllestad kommunestyre 20.2.2014: Prosjektrekneskap og sluttrapport – rehabilitering og ombygging Hyllestad skule.
- SM 09-14: Invitasjon til FKT fagkonferanse i Haugesund 3. -4. juni 2014.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Skriv og meldingar vert teke til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som skal takast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal takast opp som eiga sak, kan skriv og meldingar takast til vitande. eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skriv.

Sekretariatet sine vurderingar:

Hyllestad kommune
v/Rådmannen
Kommunehuset
6957 Hyllestad

Dykkar ref.:

Vår ref.:

\\misleghaldtilsyn14/tf14

Arkivkode:

216

Journalnr.:

031 / 2014

Dokumentdato:

13. januar 2014

RÅDMANNEN SITT TILSYN I FORHOLD TIL RISIKO FOR MISLEGHOLD, M.V. :

I følge gjeldande *revisjonsstandardar* (ISA) skal revisor opparbeide seg ei forståing av kommunen si verksemd og dei risikoforholda som knyter seg til den økonomiske rapporteringa i kommunen. Bakgrunnen for dette er at revisor skal kunne rette sin innsats inn imot områder der risikoen er størst for at vesentleg feilinformasjon, eller områder der faren for at feil og manglar av vesentleg karakter kan oppstå. Dette enten slik feilinformasjon, eller feil og manglar, skuldast bevisste eller ubevisste feil.

For å vere oppdatert og deri oppnå auke i forståinga av den kommunale verksemda og eksisterande risikoforhold, krev gjeldande revisjonsstandard at *revisor skriftleg innhentar årleg uttale* frå leiinga i kommunen om korleis risiko for misleghald vert vurdert, korleis denne risikoen blir handtert, kommunikasjon nedover i organisasjonen i forhold til handtering av risiko, og kommunikasjon frå leiinga i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd.

Revisjonen tør derfor be om skriftleg tilbakemelding på følgjande:

- rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sitt rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald
- kva prosessar rådmannen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for misleghald i kommunen – inkludert eventuelle betydelege risiki for misleghald som er identifisert, eller postar i rekneskapen eller opplysningar knytta til rekneskap, der det er sannsynleg at det ligg føre misleghald
- kva eventuell kommunikasjon har rådmannen med Hyllestad Kommunestyre vedkomande slike prosessar
- kva eventuell kommunikasjon rådmannen har med tilsette vedkomande eigne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd
- om rådmannen har kjennskap til eventuelle faktiske, mistenkte eller påståtte misleghald i kommunen

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, mobil: 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, mobil 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 27 87

Tlf. Charles Litsheim, 57 61 27 88, mobil. 91 33 30 46

Tlf. Stig Årdal, 57 61 27 91, mobil: 90 52 48 55

Tlf. Kari Sygna, 57 61 27 89, mobil: 97 98 13 22

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 27 90, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret: 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 99 23 52 16

Tlf. Torill Nordstrand, 47 65 50 93

- om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldst mislegheiter som kan knytast til *relasjonar til nærstående partar* og transaksjonar med desse:
 - *kva er identiteten til kommunen sine nærstående partar og kva eventuelle endringar som har vore det siste året*
 - *kva slags relasjonar kommunen har til desse nærstående parter, og*
 - *korvidt kommunen har gjennomført transaksjonar med desse og i tilfelle ja, kva slags transaksjonar, og kva som var føremålet med transaksjonane*

Vi håper De kan gje oss nokre kommentarar til ovannemnde, og tør be om at rådmannen sitt svar tilbake til oss kan ligge føre innan 10. februar 2014.


Førde, 13. januar 2014

Med helsing



Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonsjef



Kopi: Kontrollutvalet i kommunen

Hyllestad kommune
v/rådmann

6800 Førde

kopi: ordfører
kontrollutval
økonomisjef

Dykkar ref.:

Vår ref.:

\\årsavslutning2013

Arkivkode:

216

Journalnr.:

002/2014

Dokumentdato:

20. januar 2014

UTTALE FRÅ LEIINGA - HYLLESTAD KOMMUNE SIN REKNESKAP FOR 2013

Revisjon etter kommunelova sine bestemmelsar skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk, jf. koml.§ 78 med tilhøyrande forskrift. Revisjon etter god kommunal revisjonsskikk skal følgje internasjonale revisjonsstandardar (ISA-er), fastsatt av International Auditing and Assurance Standards Board (IAASB).

Vi viser og til bestemmelsen i kommunelova § 23, som tydeleggjer administrasjonssjefen sitt ansvar for å føre kontroll med kommunen si verksemd. I tråd med allment aksepterte leiingsprinsipp vil ein leiar av ei verksemd måtte etablere rutinar og system for å sikre at verksemda når dei mål som er satt, samt ei forsvarleg formueforvaltning. Revisor skal som kjent skriftleg påpeike feil og manglar ved organisering av den økonomiske internkontrollen i kommunen.

Det følgjer av ISA 580 – *Skriftlege uttalelser*, at revisor må innhente føremålstenlege uttaler frå leiinga. Det må innhentast skriftlege uttaler om at leiinga meiner å ha oppfylt sitt ansvar for utarbeidinga av rekneskapen og for fullstendigheita av informasjonen som er lagt fram for revisor, samt for å underbygge anna revisjonsbevis. Vidare følgjer det av ISA 240 – *Revisors oppgåver med og plikt til å vurdere misleghald ved revisjon av rekneskaper*, at revisor må innhente skriftlege uttaler frå leiinga om sentrale spørsmål og vurderingar i forhold til misleghald. (Sjå og vårt brev datert 13.01.2014) Etter ISA 560 – *Hendelser etter balansedagen*, har revisor og plikt til å vurdere hendingar etter utløpet av rekneskapsåret.

Dette er bakgrunnen til at vi har funne det riktig å be om ei særskilt skriftleg uttale frå kommunen si ansvarlege administrative leiing om at dei meiner å ha oppfylt sitt ansvar for utarbeiding av rekneskapen og at den, så langt leiinga kjenner til, inneheld dei opplysningar som vert krevd etter lov og god kommunal rekneskapsskikk. Vedlagt følgjer eksempel på ei slik erklæring vedkomande rekneskapen for 2013. Saman med ei oppsummering av eventuelle feil i rekneskapen som revisor har påvist og som seinare ikkje er retta, meiner revisjonen at uttalen vil vere dekkande.

Vi håpar og at kommunen si leiing vil finne erklæringa hensiktsmessig. Med visning til punktet om hendingar etter utløpet av rekneskapsåret, er det naturleg at erklæringa dekker tidsrommet fram til og

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora

Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, mobil: 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, mobil 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 27 87

Tlf. Charles Litsheim, 57 61 27 88, mobil. 91 33 30 46

Tlf. Stig Årdal, 57 61 27 91, mobil: 90 52 48 55

Tlf. Kari Sygna, 57 61 27 89, mobil: 97 98 13 22

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 27 90, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret, 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 99 23 52 16

Tlf. Torill Nordstrand, 47 65 50 93

med 15. april, då vi etter oppsett plan skal avgje vår revisjonsberetning. Vi tillet oss derfor å be om at uttalen frå leiinga i utfylt og underskriven stand blir sendt til oss innan nemnde dato.

I samband med rekneskapsavslutninga minner vi og om at dei grunnleggjande samanhengane i rekneskapen må vere tilstades og at kretsløp og andre sentrale samanhengar og avstemmingar skal vere gjennomført. Alle avstemmingar skal vere dokumentert.

Revisjonen er kjend med at Hyllestad kommune har kjøpt NKRF sin Cd som inneheld mellom anna dei nødvendige avstemmingane, og oppmodar om at denne vert nytta i årsavslutninga for 2013.

Ref. til Lov om bokføring (bøkføringslova) § 11, skal det føreligge dokumentasjon for balansepostar. Vi syner mellom anna til at det må føreligge dokumentasjon for at bokførte bundne fondsavsetningar stettar krava for å vere bundne fond. Slik vi kan sjå har Hyllestad kommune pr. 31.12.12 bokført som bunde driftsfond (25199700) kr 4.429.000 og bundne investeringsfond (25599700) kr 433.000.

Vi registrerer at konto for ubrukte lånemidlar (29100001) pr. 31.12.12 er bokført med saldo på kr 6.681.000-. Ubrukte lånemidlar som har stått over fleire år, bør gjennomgåast og vurderast i samband med nye låneopptak.

Vi syner og til KRS nr. 4 som omhandlar skille mellom drift og investering.

Vi minner elles om dei krav som er stilt til kommunen si årsmelding/årsrapport (rekneskapsforskrifta § 10) og til dei notekrav som er stilt til rekneskapspresentasjon. Forskriftene sin frist for levering av årsmeldinga/årsrapporten for 2013 er 31. mars 2014.

Det kan oppstå situasjonar der administrasjonen sjølv eller revisor finn feil og manglar i den avlagde rekneskapen, som ein i samråd med revisor vel å retta opp. Dersom det av ulike årsaker blir føreteke endringar i rekneskapen etter at den er oversendt til revisor, skal det framleggast nytt rekneskap, med ny dato påført (bør vere som tillegg til opprinneleg dato) og nye underskrifter.

Vi vil minne kommunane om at revisor etter det nye regelregimet er forplikta til å skrive negativ revisjonsberetning den 15.04.14, dersom rekneskap og årsmelding/årsrapport ikkje ligg føre innan forskriftsfristane.

Vi ser fram til eit konstruktivt samarbeid i det føreståande arbeidet med årsoppgjeret for 2013, og vonar administrasjonen legg opp rutinar som sikrar at økonomibestemmelsane og dei fristar som er sett, skal kunne overhaldast.

Vi ønskjer administrasjonen lukke til med det føreståande rekneskapsarbeidet kring årsoppgjeret for 2013.

Hyllestad, 20. januar 2014
Med helsing

Terje Førde
Revisjonssjef
(sign.)


Aud Marit Nyland Elde
Kommunerevisor I

Vedlegg:

Eksempel på uttale frå leiinga/fullstendighetserklæring til årsrekneskapen for 2013

VedleggEksempel/mal for uttale frå leiinga / fullstendighetserklæring til årsrekneskapen 2013

Til

KRYSS Revisjon

6800 Førde

UTTALE FRÅ LEIINGA VEDKOMANDE ÅRSREKNESKAPEN TIL HYLLESTAD KOMMUNE FOR 2013 – FULLSTENDIGHETSERKLÆRING.

Dette brevet vert sendt i samband med dykkar revisjon av rekneskapen til Hyllestad kommune for året som vart avslutta 31. desember 2013, med det føremål å kunne konkludere om korvidt rekneskapen i det alt vesentlege gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Vi stadfestar etter beste evne og overtyding at:

Rekneskap og budsjett

- Vi har oppfylt vårt ansvar for å syte for at kommunen sin rekneskap og økonomi forvaltning er gjenstand for betryggande kontroll, herunder slik intern kontroll som vi finn naudsynt for å muliggjere utarbeiding av ein rekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil. Vi har oppfylt vårt ansvar vedkomande utarbeiding av rekneskapen i samsvar med kommunelova og forskrift om årsrekneskap og årsberetning (for kommuner og fylkskommuner), og meiner at rekneskapen gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.
- Viktige forutsetningar som er nytta av oss ved utarbeidinga av rekneskapsestimat, herunder rekneskapsestimat målt til virkeleg verdi, er rimelege.
- Alle hendingar etter utløpet av rekneskapsåret som iflg god kommunal rekneskapsskikk medfører korrigering eller omtale, er korrigert og omtalt.
- Vi meiner at verknaden av ikkje korrigert feilinformasjon er uvesentleg, både enkeltvis og samla for rekneskapsåret. Ei liste over ikkje korrigert feilinformasjon følgjer som vedlegg.
- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året ligg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlege forpliktelsar for kommunen utover det som går fram av rekneskapen.
- Alle budsjettendringar gjennom året er registrert og inkludert i regulert budsjett.
- Dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen, er i samsvar med budsjettvedtak.

Opplysningar som er gjevne:

- Vi har gjeve revisor:
 Tilgang til alle opplysningar, som vi har kjennskap til, som er relevante for utarbeidinga av rekneskapen
 Tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsføremål, og ubegrensa tilgang til personar i kommunen som det etter revisor si vurdering er nødvendig å innhente revisjonsbevis frå.
- Alle transaksjonar er registrert og reflektert i rekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om resultat av vår vurdering av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som følge av misleghald. (vi viser til eige brev)
- Vi har gjeve revisor opplysningar om alle kjende tilfelle av manglande etterleving eller mistanke om manglande etterleving av lover og forskrifter som kan ha betydning for utarbeidinga av rekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om identiteten til kommunen sine nærstående partar og alle forhold til nærstående partar og transaksjonar med desse som vi er kjende med.
- Vi har rekneskapsført eller opplyst om alle forpliktelser, både aktuelle og latente, og har i note til årsrekneskapen gjeve opplysning om kommun sine garantiansvar.
- ((ta eventuelt inn andre aktuelle kulepunkt ved behov))

Eventuelle kommentarar til kulepunkta over (evt henvisningar til kommentarar i særskilt vedlegg

Stad, dato

(Administrasjonssjef/rådmann)

(Økonomiansvarleg/rekneskapssjef)



HYLLESTAD KOMMUNE
Økonomiavdelinga

SM-05/14

SEKOM
Postboks 338

6802 FØRDE

Vår ref.:
Arkivsaknr.: 14/49-2/ ARA
L.nr.: 14/354

Dykkar ref.:

Arkivkode:


Dato:
20.01.2014

Skatterekneskapen 2013

Vedlagt vert oversendt følgjande:

Skatterekneskapen 2013
Forklaring til skatterekneskapen
Årsrapport til skatterekneskapen

Med helsing


Arnhild Aven
Skatteoppkrevjar

Telefon: 57789507

Postadr.: 6957 HYLLESTAD
Telefon: 57 78 95 00
Telefaks: 57 78 86 95
E-post: postmottak@hyllestad.kommune.no

Org.nr. 964 967 547
Bankkonto skatt: 7855.05.14132
Bankkonto: 3837.07.00319
Web-adresse: www.hyllestad.kommune.no

Årsrapport for 2013

Skatteoppkrevjaren i Hyllestad kommune

Innhold

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd.....	3
1.1 Skatteoppkrevjarkontoret.....	3
1.1.1 Ressursar	3
1.1.2 Organisering.....	3
1.1.3 Ressursar og kompetanse	3
1.2 Internkontroll	4
1.3 Vurdering av skatteinngangen.....	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret	4
1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret	4
1.4 Skatteutval	4
2. Skatterekneskapen	5
2.1 Avlegging av skatterekneskapen	5
2.2 Margin	5
2.2.1 Margin for inntektsåret 2010.....	5
2.2.2 Kommentar til marginavsettinga.....	5
3. Innkrevjinga.....	6
3.1 Restanseutviklinga.....	6
3.1.1 Totale restansar og berostilte krav	6
3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar	6
3.1.3 Restansar eldre år.....	7
3.1.4 Kommenterar til restansar og restanseoppfølging for eldre år	7
3.2 Effektiviteten av innkrevjinga	8
3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat pr. 31.12.2012	8
3.2.2 Vurdering av sammanheng mellom aktivitet og resultat.....	8
3.2.3 Omtale av spesielle forhold.....	8
3.2.4 Kontoret sine eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga	8
3.3 Særnamskompetanse.....	9
4. Arbeidsgivarkontroll.....	9
4.1 Organisering av arbeidsgivarkontrollen	9
4.2 Planlagde og gjennomførde kontrollar	9
4.3 Resultat frå arbeidsgivarkontrollen	9
4.4 Vurdering av arbeidsgivarkontrollen	9
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar	9
4.6 Gjennomførde informasjonstiltak	10

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

1.1.1 Ressursar

Ressursfordeling	Årsverk	%-del fordelt
Tal årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som kun er nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen i rekneskapsåret	0,85	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatterekneskap	0,25	29,4%
Innkrevjing av skatt og arbeidsgivaravgift	0,35	41,2%
Arbeidsgivarkontroll	0,20	23,5%
Administrative oppgåver	0,05	5,9%
(Del fordelt skal være 100 %)	Sum	100 %

1.1.2 Organisering

Funksjonen som skatteoppkrevjar er organisert inn under økonomiavdelinga og økonomisjefen er skatteoppkrevjar sin nærmaste administrative overordna.

Skatteoppkrevjar har i dag 80% stilling. Arbeidsområdet som skatteoppkrevjar er vurdert til om lag 0,70 årsverk. Skatteoppkrevjar har også ansvaret for innkrevjing av av kommunale avgifter/eigedomsskatt og føring av legatrekneskap. I tillegg vert det utført ein del felles skranketeneste, generell informasjon m.m.

I utgangspunktet er skatteoppkrevjar åleine om arbeidet som høyrer inn under skatteoppkrevjar sitt ansvarsområde, men det er inngått ein samarbeidsavtale med kommunane Askvoll og Fjaler, jf. pkt. nedanfor. I tillegg deltek kommunen i eit interkommunalt samarbeid om rekneskapskontrollør, der Hyllestad kommune sin stillingsdel i eit normalår utgjer 15,25%.

1.1.3 Ressursar og kompetanse

Under ein normalsituasjon vert bemanninga vurdert som tilfredsstillande for det arbeidsområdet skatteoppkrevjar har ansvaret for.

På grunn av at ein person er åleine om arbeidsoppgåvene, vert kontoret sårbart ved ferie og event. sjukefråvær. Det er difor inngått ein samarbeidsavtale med kommunane Askvoll og Fjaler, jf. pkt. 1.1.2. Skatteoppkrevjarane i Fjaler og Hyllestad har gjensidige fullmakter og tilgangar til å utføre arbeidsoppgåver for kvarandre etter skattebet.lov og skatteoppkrevjar-innstruksen sitt totalområde, medan tilgangar til/frå Askvoll foreløpig er avgrensa.

For fagleg oppdatering og utvikling deltek ein på kurs, konferansar m.m. som vert arrangert av Skatt vest eller andre, og som er relevant for dei arbeidsoppgåvene som skal utførast.

1.2 Internkontroll

Internkontrollen er samansett av styrande dokumentasjon, gjennomførande dokumentasjon og kontrollerande dokumentasjon.

Som del av styrande dokumentasjon utarbeider skatteoppkrevjar verksemdsplan for kvart år. Som del av gjennomførande dokumentasjon skal det utarbeidast lokale rutineskildringar for kontoret si verksemd. Rutineskildringane er sist oppdatert 07.05.2013.

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret

Frå årsrekneskapen 2013 er henta følgjande tal:

		2012	2013
	Arbeidsgivaravgift	-28 680 995	-30 498 576
	Personlege skattytarar	-100 563 418	-102 942 991
	Selskapsskatt	-3 968 910	-1 229 052
	Renter	41 164	101 957
	Innkrevjing	-17 699	15 172
Sum		-133 189 858	-134 553 490

Som det går fram av tabellen ovanfor, utgjer den samla skatteinngangen for 2013 kr. 134.553.490. Dette ein auke på 1.363.632 samanlikna med resultatet for 2012. Det må her nemnast at skatteinngangen for 2012 auka med over 8 mill. i forhold til året før.

Tabellen syner vidare at skatt for personlege skattytarar har auka med vel 2,3 mill i forhold til fjoråret.

Innbetalt selskapsskatt syner ein nedgang på vel 2,7 mill., medan arbeidsgivaravgift (som i si heilheit vert overført til staten) har auka med vel 1,8 mill.

1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret

Rekneskapen syner at fordelt skatt til Hyllestad kommune for 2013 utgjer 32.337.934 og er ein auke på 452.485 i forhold til resultatet for 2012.

Kommunen hadde budsjettert med ein skatteinngang på 33 600 000.

1.4 Skatteutval

Det har i 2013 ikkje vore saker til handsaming i skatteutvalet.

2. Skatterekneskapen

2.1 Avlegging av skatterekneskapen

Avlegging av skatterekneskapen

Skatteoppkrevjaren i Hyllestad kommune stadfester at skatteregnskapet for 2013 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjar § 3-1.

- Det er ikkje motteke pålegg om regnskapsføringa, rapporteringa og avlegging av skatterekneskapen frå regional kontrollleining.

Årsrekneskapen for 2013 følger som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2012

Beskrivelse	Sum
Innestående margin for inntektsår 2012, pr. 31.10.2013	0
For mykje avsett margin for inntektsår 2012	0
For lite avsett margin for inntektsår 2012	- 1 695 692

Marginprosent

Prosentats marginavsetning: 10 %. Marginprosenten har vore uendra over fleire år.

Marginavsetning for inntektsåret 2013, pr. 31.12.2012: kr 9 664 231

Gjeldande prosentats: 10%

2.2.2 Kommenterar til marginavsettinga

Marginavsettinga for inntektsåret 2012 var ikkje tilstrekkeleg til å dekke til gode v/skatteavrekninga for det aktuelle år. For lite avsett margin: kr 1 695 692.

For inntektsåret 2011 utgjorde negativ margin 1 394 891.

Den negative margin har til no vore uproblematisk og det er ikkje gjort framlegg om å auke prosentatsen.

3. Innkrevjinga

3.1 Restanseutviklinga

3.1.1 Totale restansar og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2013	Herav berostilt restanse 31.12.2013	Restanse 31.12.2012	Herav berostilt restanse 31.12.2012	Endring i restanse Reduksjon (-) Auke (+)	Endring i berostilt restanse Reduksjon (-) Auke (+)
Sum restanse pr. skatteart	945 197	40 294	1 310 209	12 422	- 365 012	+ 27 872
Arbeidsgivaravgift	0	0	0	0	0	0
Artistskatt			0	0	0	0
Forseinkingssesrenter	7 172	1 011	7 394	1011	- 222	0
Forskotsskatt	0	0	0	0	0	0
Forskotsskatt person						
	93 567	0	211 270	0	- 117 703	0
Forskotstrekk/utleggs trekk	13 995	0	0	0	+ 13 995	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innkrevjingsinntekter	16 064	670	7 034	670	+ 9 030	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjer	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt person	814 399	38 613	1 084 511	10 741	- 270 112	+ 27 872
Sum restanse diverse krav	0	0	0	0	-----	-----
Diverse krav	0	0	0	0	-----	-----
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	945 197	40 294	1 310 209	12 422	-----	-----

3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser

Den totale restansemassen viser ein nedgang på totalt 365.012 i forhold til situasjonen pr. 31.12.2012.

Restanse forskotstrekk gjeld eit fastsett utleggstrekk hos arb.gj. i annan kommune og er sikra med utlegg. Elles syner restanse innkrevjingsutgifter ein auke med omlag 9.000. Av restanse innkrevjingsutgifter skriv 12.212 seg frå tiltak gjennomført i 2013.

Restanse forskotsskatt person har gått ned med 117.703 og restanse restskatt person er redusert med 270.112.

Skattekontoret har i 2013 akseptert berostilling av restskatt person for 8 skattytarar, med tilsaman kr. 27.868.

Av den totale restansemassen, utgjør berostilte krav 39.676 og er knytt opp mot 14 skattytarar. Med eit unntak gjeld berostilte restansar skattytarar som er heimehøyrande i utlandet.

Skattekontoret har i 2013 også innvilga avskrivning/utgiftsføring av restskatt person med 14.600. Kravet var relatert mot 2 utenlandske skattytarar og har vore til innkrevjing i utlandet utan dekningsresultat.

Forseinkingsrenter for same krav er utgiftsført med 5.232.

Vidare er pensjonsgivande inntekt for 9 ubetalte skattekrav redusert med 46 854,-. Også dette for skattytarar heimehøyrande i utlandet.

Utlíkna skatt/avgift

Utlíkna skatt person for inntektsåret 2012:	101.243.666	for 1.247 skattytarar
Utlíkna skatt person for inntektsåret 2011:	94.085.675	for 1.195 skattytarar
Utlíkna selskapsskatt inntektsåret 2012:	1.777.607	for 43 skatteobjekt
Utlíkna selskapsskatt inntektsåret 2011:	5.441.628	for 41 skatteobjekt
Arbeidsgivaravgift 2013:	30.498.576	
Arbeidsgivaravgift 2012:	28.680 995	

Tal personlege skattytarar har auka med 52 personar frå inntektsåret 2011 til inntektsåret 2012. Den utlíkna skatten for 2012 har auka med over 7 mill. i forhold til resultatet for inntektsåret 2011.

Når det gjeld selskapsskatten har tal skatteobjekt auka med 2, medan totalt utlíkna skatt er redusert med om lag 3.6 mill. samanlikna med forrige inntektsår.

3.1.3 Restanser eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2011	35 078	33 035
2010	2 676	1 085
2009	12 067	11 624
2008 – 19XX	284 041	-----

3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år

Av den samla restansen utgjør restansar for eldre år 333.862 pr. 31.12.2013. Situasjonen pr. 31.12.2012 var 404.949. Restanse eldre år er såleis redusert med 71.087,-.

"Restskatt – person" er ein vesentleg del av restansen for eldre år.

Med unntak av restanse på 27.982,-, som er omfatta av gjeldsordning, gjeld resterande del av utestående for 2008 – 19XX skattytarar som er heimehøyrande/oppheld seg i utlandet. Det er sendt krav om hjelp til innkrevjing til det aktuelle land for dei krav der vilkåra for dette er oppfylt.

Av restansen, utgjør krav av typen "for mykje utbetalt" kr 48.484. Restansen skriv seg frå at skattytarar ved første skatteoppgjer fekk til gode skatt som vart utbetalt. I etterkant korrigerer skattekontoret avrekninga, aukar den utlíkna skatten og resultatet vert "for mykje utbetalt". Erfaring syner at for skattytarar som er reist ut av landet, er utsiktene til å få oppgjort slike skattekrav ofte små.

Kontoret har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2013. Antall krav som var forelda pr. 31.12.2013: 1

Samla sum på krav som var forelda pr. 31.12.201: **kr 95.**

Kravet gjeld attståande forseinkingsrenter på restskatt, der hovedstol, og så godt som heile rentekravet, er oppgjort i 2013.

3.2 Effektiviteten av innkrevjinga

3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat per 31.12.2013

Innkrevjinga synte følgjande resultat per 31.12.2013:

Innbetalt skatt/avgift av sum krav siste år	Resultat pr. 31.12.2013	Krav frå Skatt vest
Restskatt personlege skattytarar (2011)	98,7 %	95,0%
Forskotstrekk (2012)	100%	99,9%
Forskotsskatt person (2012)	99,7%	99,5%
Forskotsskatt upersonlege Skattytarar 2012	100%	99,9%
Restskatt upersonlege skattytarar 2011	100%	99,9%
Arbeidsgjevaravgift (2012)	100%	99,9%
Innfordra restskatt person av sum krav til innfordr. (2011)	87,9%	75,0%

Innkrevjingsresultatet syner at ein for alle skatteartane ligg over krava som er sett frå Skatt vest for 2013.

3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat

I innkrevjingsarbeidet er det i 2013 nytta motrekning, utleggstrekk, utleggsforretning, varsel om tvangsdekning, tvangsdekning i bankkonto og krav er sendt til innkrevjing i utlandet. Ein betalingsavtale er akseptert.

3.2.3 Omtale av spesielle forhold

Det at ein så stor del av restanse på restskatt eldre år er knytt til skattytarar heimhøyrande i utlandet (jf. ovanfor), krev ekstra tidsbruk i forhold til oppfølging. Pr 31.12. er det over 30 slike restansar. Mange med forholdsvis små beløp, men dei fleste krev uansett årleg oppfølging i inntil 13 år før det er snakk om at krava er forelda. Dei av krava som ikkje fyller vilkåra for innkrevjing i utlandet, eller dei vi får i retur fordi kravet «anses uinndrivelig i bistandsstaten», er det lite truleg at vi i det heile får oppgjort.

3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen

Kontoret prioriterer innkrevjing høgt og målet er å halde fram med same rutinar for innkrevjing som tidligare.

3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjar har i 2013 nytta særnamsmøynde og har sjølv utført dei utleggsforretningane som har vore gjennomført.

4. Arbeidsgivarkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgivarkontrollen

Hyllestad kommune deltek i interkommunalt samarbeid om felles rekneskapskontrollør i HAFS-regionen. (Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og Gulen). Solund kommune har arbeidsgivaransvaret for stillinga.

4.2 Planlagde og gjennomførde kontrollar

Tal planlagde kontrollar for 2013: 3.

Tal gjennomførde kontrollar 2013: 3

Som utgjør: 5,1 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

4.3 Resultater fra arbeidsgivarkontrollen

I ein av kontrollane vart det avdekka for lite innrapportert grunnlag LTO/avg.gr.lag med om lag 360.000. Arbeidsgjevar gjennomførte eigenretting i samsvar med avdekkinga. For ein annan arb.gj.er det gjort merknad om mangelfull melding til AA-reg, mangelfull dokumentasjon v/utbet. av diettgodtgjersle og periodisering av avgiftsgrunnlag (pensj.premie).

4.4 Vurdering av arbeidsgivarkontrollen

Skatt vest sitt krav til kontrollar er oppnådd og kontrollaktiviteten for 2013 vert vurdert som tilfredsstillande.

Slik bemanningssituasjonen er per i dag, er det gode utsikter til at kravet til kontrollar skal bli oppfylt også i 2014.

Kontrolløren, som har vikariert i stillinga dei to siste åra, er no fast tilsett. Den tidligare kontrolløren er tilsett i ei anna stilling i Solund kommune (som har arbeidsgivaransvar for kontrollørstillinga), og meininga er at ho skal fungere som backup ved event. fråvær.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører

Det har ikkje vore samarbeid med andre kontrollaktører i 2013.

4.6 Gjennomførte informasjonstiltak

Det har ikkje vore organisert informasjonstiltak siste året, men informert via tlf. og mail etter førespurnad/ved behov.

Dei fleste arbeidgivarar nyttar rekneskapskontor og kommunikasjonen går i stor grad mot desse.

Hyllestad, 20.01.2014

Arnild Aven
Arnild Aven
skatteoppkrevjar

Vedlegg: Årsrekneskapen for 2013 - signert av skatteoppkrevjar

ARSREKNESKAP SKATT FOR KOMMUNE 1413 HYLLESTAD

REKNESKAPSÅRET 2013

Avlagt etter kontantprinsippet

		2013	2012
	Likvider	10 155 509	9 815 045
	Skyldig skattektreditorene	-346 828	-295 022
	Skyldig andre	-144 448	-86 122
	Innestående margin	-9 664 231	-9 433 899
	Udisponert resultat	-3	-3
Sum			
	Arbeidsgiveravgift	-30 498 576	-28 680 995
	Personlige skatteyttere	-102 942 991	-100 563 418
	Selskapsskatt	-1 229 052	-3 968 910
	Renter	101 957	41 164
	Innfordring	15 172	-17 699
Sum		-134 553 490	-133 189 858
	Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	30 498 576	28 680 995
	Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	28 312 799	27 165 390
	Fordelt til Fylkeskommunen	7 044 365	6 889 555
	Fordelt til kommunen	32 337 934	31 885 449
	Fordelt til Staten	36 359 816	38 569 016
	Krav som er ufordelt	-	-
	Videresending plassering mellom kommuner	-	-547
Sum		134 553 490	133 189 858
Sum totalt		0	0

Hyllestad kommune

Skatteoppkrevjaren

Hyllestad, 20.01/2014

Arnhild Aven
Arnhild Aven
skatteoppkrevjar

FORKLARING TIL ÅRSREKNESKAPEN

Skatterekneskapen er avlagt etter kontantprinsippet. Skatterekneskapen viser skattar og avgifter mm som er innbetalt gjennom rekneskapsåret.

Innbetalte skattar og avgifter mm er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygda og staten (skattekreditorane), etter gjeldande fordelingstal.

Sumlinjene i årsrekneskapen

- **Likvide midlar**

Likvide midlar i skatterekneskapen er inneståande på bankkonto for skatt med tillegg av eventuell kontantar.

- **Skuldig skattekreditorane**

Fordelingsoppgjeret til skattekreditorane for desember, står som gjeld i balansen 31.12. Skatteoppkrevjaren skal betale ut det som er fordelt til skattekreditorane seinast 10. januar.

Dersom dette er eit positivt tal, har skatteoppkrevjaren eit krav på skattekreditorane. Skattekreditoren skal betale inn denne summen til skatteoppkrevjaren innan 20. januar.

- **Skuldig andre**

Denne summen er uidentifiserte og uplasserte innbetalingar, som ikkje er fordelt til skattekreditorane.

- **Udisponert resultat**

Dette skal vere ein liten sum som gjeld øreavrunding i skatterekneskapssystemet

- **Innbetalte skattar og avgifter, renter, innkrevjing**

Dette er innbetalt arbeidsgivaravgift, forskotstrekk etter frådrag for avsett margin, forskotsskatt frå personlege og upersonlege skattytarar, kjeldesatt, samt renter og gebyr.

- **Fordelt skattekreditorane**

Dette er innbetalte skattar og avgifter, renter og gebyr som er fordelt til skattekreditorane.

- **Krav som er ufordelt**

Dette skal vere ein liten sum og gjeld øreavrunding i skatterekneskapsystemet.



HYLLESTAD KOMMUNE
Rådmannen

Kryss Revisjon
Rådhuset, Hafstad v 28

6800 FØRDE

6-14
SM 06/14
Kryss Revisjon
Dato: 11.02.2014
Arkiv: 005-2014
Arkiv: 2/6
Arkiv: 14/3
Arkiv: 7.7.

Vår ref.:
Arkivsaknr.: 13/105-9/ BNE
L.nr.: 14/1016

Dykkar ref.:

Arkivkode:
K1-026, K3-&17

Dato:
10.02.2014

Tilsyn i forhold til risiko for mislighald m.v

Syner til brev datert 13.januar der de ber om årleg uttale frå kommuneleinga i forhold til risiko for mislighald og handtering av dette.

Nedunder gjev vi vår vurdering av dei områder de ber om tilbakemelding på.

- Det vert synt til Økonomi- og finansreglementet, kap 7. rapportering.
Dei budsjettansvarlege sjekkar sine rekneskapstal mot budsjett i Agresso web.
Innan 15. i kvar månad leverar dei budsjettansvarlege utfylt månadsrapport (eiget skjema) til rådmann med kopi til økonomisjef. Rapporteringa er eit ledd i den administrative internkontrollen, og vert ikkje handsama politisk.
Månadsrapportane vert gjennomgått i leiarmøter og eventuelle avvik vert vurdert i forhold til å iverksetje tiltak.
Vesentleg feilinformasjon som skuldast mislighald, vil verte avdekka gjennom månadsrapportar, samt gjennom sakshandsaming og førebuing til framlegging av tertialrapportar for politisk handsaming.
Syner vidare til kap. 8 som omhandlar kjøp og sal av varer og tenester; kontroll av varemottak, handsaming av leverandørfaktura, tilvisning og kontroll mot budsjett.
Risikoen vert vurdert som svært liten.

- Syner også her til prosessar beskreve i kap 7 og 8 i økonomireglementet
- Kommunestyret har vedteke Økonomi- og finansreglementet, sist revidert 27.09.2012. Vidare er kommunikasjon med kommunestyret gjennom tertialrapportar, årsmelding og årsrekneskap.
- Økonomi og finansreglementet inneheld etiske retningslinjer i 7 punkt som stiller krav til tilsette som forvaltarar av fellesmidlar.
- Rådmannen kjenner ikkje til faktiske, mistenkte eller påståtte mislighald i kommunen. Det vil eventuelt verte handtert og gjort tiltak umiddelbart

Postadr.: 6957 HYLLESTAD
Telefon: 57 78 95 00
Telefaks: 57 78 86 95
E-post: postmottak@hyllestad.kommune.no

Org.nr. 964 967 547
Bankkonto skatt: 7855.05.14132
Bankkonto: 3837.07.00319
Web-adresse: www.hyllestad.kommune.no

- Rådmann har ingen kjennskap til forhold slik som skissert i siste punkt

Med helsing

Bente Nesse
Rådmann

Telefon: 57789503

07.03.2014

i 09/14

Til

07.03.08

Sekom

Avs:

Morten Askvik

Lokallagsleiar og gruppeleier Hyllestad SP

SM 07-14

Kopi til:

-Kontrollutvalet i Hyllestad

-Utvalsleiar Håkon Giil

Sak: Permisjonsnekt i samband med årsmøtet i Senterpartiet i Sogn og Fjordane

Fredag 28.02.14 til laurdag 01.03.14 var der årsmøte i Senterpartiet i Sogn og Fjordane.

Eg er lokallagsleiar i partiet og gruppeleiar for partigruppa i kommunestyret. I tillegg er eg medlem i formannskapet. Dei to første verva er særskild viktig i forhold til kven som har løyve til å møte på årsmøtet i SP i S&F.

Litt om bakgrunnen. Eg har meld ifrå om tidspunktet for årsmøtet i god tid til skuleleiinga. Permisjonssøknaden vart sendt når innkallinga kom, og i god tid i høve praksisen til kommunen. Søknaden var levert i veke 7. Framgangsmåten er i tråd med reglementet og avtaler med nærmaste overordna.

Eg fekk munnleg vite at søknaden var avslått.

Avslaget var grunngjeve med tungtvegande driftsgrunner denne dagen.

Det var eit normalt tal tilsette på jobb denne dagen. Med det meiner eg at det var ikkje sjukdom eller velferdspermisjonar utover det normale.

Då vert det naturleg å sjå på korleis drifta vart lagt opp den dagen, og kva som vart prioritert sidan avslaget vart grunngjeve med «tungtvegande driftsgrunner».

07.03.2014

10 tilsette vart sendt på felles sensoropplæring i Hafs den dagen. Det mest vanlege talet dei siste åra har vore mellom 2-4. Etter min erfaring ville det lett vore mogleg å gjennomføre eksamen og ha sensorar til andre kommunar med ni på kurs, i staden for ti.

Eg tok kontakt med Jan Olav Gjerde, ordførar i Hyllestad. Ordføraren var klar på at det var å reise. Eg fekk godkjenning av ordførar til å ta del i møtet, altså permisjon. Derfor var det skuffande at eg fann eit skriftleg avslag på søknaden frå administrasjonen den 24.02.14.

Eg stilte spørsmål til administrasjonen om det var rett, og fekk endeleg svar den 26.02.14 på ettermiddagen.

Då får eg vite at rådmann og skule har hatt møte den dagen kor dei konkluderte med at det ikkje vart gitt permisjon.


Det er eit anna moment som er verdt å merkje seg. Ettersom eg rekna med å vere på årsmøtet den 28.02, så melde eg meg ikkje til sensorkurset. Eg har fått informasjon frå skuleleiinga om at dersom eg hadde meldt meg til sensorkurset, hadde det vore sjølv sagt at eg skulle få permisjon til å ta del på kurset. Dermed er det ikkje noko med min person som gjer det avgjerande for drifta på skulen at eg vart på skulen den dagen.

Eg stiller meg undrande til saksgangen og avslaget på permisjonssøknaden med den grunngjevinga som vart gitt.

Med helsing



Morten Askvik



SAKSGANG		
Utval, styre m.v.	Møtedato	Saksnr.
Hyllestad kommunestyre	20.02.2014	009/14
Sakshandsamar: Bente Nesse	Arkivkode: K1-614	Arkivsaknr. 12/94

Prosjektrekneskap og sluttrapport - rehabilitering og ombygging Hyllestad skule

ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Hyllestad kommunestyre godkjenner prosjektrekneskap og sluttrapport – rehabilitering og ombygging Hyllestad skule
2. Mindreforbruket på kr. 20.046,90 er omdisponert til prosjekt 1932 «Tilbygg Hyllestad skule».

20.02.2014 HYLLESTAD KOMMUNESTYRE

KOMM-009/14 SAMRØYSTES VEDTAK:

1. Hyllestad kommunestyre godkjenner prosjektrekneskap og sluttrapport – rehabilitering og ombygging Hyllestad skule
2. Mindreforbruket på kr. 20.046,90 er omdisponert til prosjekt 1932 «Tilbygg Hyllestad skule».

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
23	N	11.02.2013	Sentraladministrasjonen - Irene Bøe	Samla skule under same tak - fase 1 - sluttrapport

IKKJE TRYKTE DOKUMENT:

AKTUELLE LOVER, FØRESEGNER, AVTALAR M.M.:

Kommunelova

Økonomi og finansreglement- Hyllestad kommune

Revisjonsuttale datert 03.07.13

KVA SAKA GJELD:

Godkjenning av prosjektrekneskap og sluttrapport

SAKSUTGREIING:

Prosjektrekneskapen syner ein samla kostnad på kr 1.579.953. Prosjektet er budsjettert med ei ramme på kr 1.600.000. Prosjektet har soleis eit mindreforbruk på kr. 20.046,90. Prosjektet er i heilheit lånefinansiert.


Kontrollutvalet har handsama saka og godkjent prosjektrekneskap og rapport under føresetnad av at mindreforbruket vert omsiponert i samsvar med regelverket

Denne omdisponeringa er tidlegare handsama i sak 13/141, kommunestyrevedtak 012/13, saman med alle overførte investeringsprosjekt frå 2012 til 2013

VURDERING:

I tråd med uttale frå revisjon og komntrollutvalet si tilråding kan prosjektrekneskapen og rapporten – rehabilitering og ombygging av Hyllestad skule godkjennast

SM 09-14



FAGKONFERANSE KONTROLL OG TILSYN

HAUGESUND 3-4. JUNI 2014

ÅRSMØTE I FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN 3. JUNI 2014



www.fkt.no

Dag 1	Tirsdag 3. juni 2014
09.00 – 10.00	Registrering med mat
10.00 – 10.15	Åpning av konferansen. Per Rune Vereide, styreleder FKT
10.15 – 10.45	Velkommen til Haugesund. Ordfører i Haugesund Petter Steen jr.
10.45 – 11.15	Nytt fra Kommunal og moderniseringsdepartementet, forventninger og fremtidstanker. Statssekretær Jardar Jensen, KMD
11.15 – 11.30	Spørsmål og kommentarer fra salen
11.30 – 11.45	Pause (Kaffe)
11.45 – 12.15	Presentasjon og overlevering av veileder om høringer i kontrollutvalgene. Wencke Sissel Olsen og Hans Blø, FKT
12.15 – 13.00	Lunsj
13.00 – 14.00	Forvaltningsrevisjon som verktøy i kontrollarbeidet Riksrevisor Per Kristian Foss
14.00 – 14.15	Spørsmål og kommentarer fra salen
14.15 – 14.45	Er forvaltningsrevisjonsarbeid interessant utenfor kontrollutvalget? Arnt – Heikki Steinbakk, Formannskapet i Stavanger
14.45 – 15.00	Spørsmål og kommentarer fra salen
15.00 – 15.30	Samfunnstrygghet og beredskap Haavard Stensvand, Fylkesberedskapssjef i Sogn og Fjordane
15.30 – 15.45	Spørsmål og kommentarer fra salen
	ÅRSMØTE I FKT
15.45 – 16.00	Registrering årsmøtet i FKT med kaffe
16.00 – 16.45	Årsmøte FKT
17.15	Sosialt arrangement

Dag 2	Onsdag 4. juni 2014
08.30 – 09.00	Filmfremvisning «Det åpne landet»
09.00 – 10.00	Pensjonsproblematikk i kommunene. Bjørn Brox fra Agenda Kaupang (og Kommunal Rapport)
10.00 – 10.15	Spørsmål og kommentarer fra salen
10.15 – 10.30	Pause
10.30 – 11.15	Kommunelovutvalget, mandat, arbeid og fokus på egenkontroll Leder av kommunelovutvalget, Oddvar Flæte
11.15 – 11.30	Spørsmål og kommentarer fra salen
11.30 – 12.45	Lunsj og utsjekk
12.45 -13.30	Antikorrupsjon og etikkarbeid i kommunesektoren Helge Kvamme fra advokatkontoret Selmer
13.30 – 13.45	Spørsmål og kommentarer fra salen
13.45 – 14.15	Skråblikk Arne Jensen, Generalsekretær Norsk redaktørforening
14.15 – 14.30	Avslutning ved leder i FKT

MÅLGRUPPE FOR KONFERANSEN

Kontrollutvalgsmedlemmer og ansatte i kontrollutvalgssekretariatene, ordførere, ansatte i Fylkesmannsembetene og andre som er opptatt og interessert i kontroll og tilsynsarbeid i offentlig sektor.

PRAKTISK INFORMASJON

Konferansehotell: Rica Maritim Hotel, tlf. 52 86 30 00

Adresse: Åsbygaten 3, 55 28 Haugesund

INFORMASJON OM ÅRSMØTE

Årsmøtet er kun for medlemmer i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

Medlemmer som har saker til årsmøtet, eller forslag om vedtektsendringer, må sende disse til sekretariatet innen 6 uker før årsmøtet, altså innen 22. april 2014

Styret sender ut sakspapirene 2 uker før årsmøtet, innen 20. mai.2014

Dersom din kommune / ditt sekretariat ikke er medlem i FKT, men ønsker å møte på årsmøtet med stemmerett, må innmelding skje innen 20. mai 2014

Leder i valgkomiteen: Odd Uglem, 2560 Alvdal / odd@meskano.no /

Mobil: 40037905 (jobb) / 90056442 (privat.)

Ønsker du mer informasjon eller medlemskap i FKT? Se hjemmesiden www.fkt.no eller kontakt sekretariatet.

KONTAKTINFORMASJON TIL SEKRETARIAT:

Hogne Haktorson: Tlf. 55 23 94 53 / 91 10 59 82 eller Roald Breistein: Tlf. 55 23 94 47 / 97 50 51 52

E- postadresse: fkt@fkt.no

PÅMELDING

Påmelding via FKTs hjemmeside: www.fkt.no

Bindende påmelding **innen fredag 11. april 2014.**

Ved avbud etter at påmeldingsfristen har gått ut, blir det belastet et administrasjonsgebyr på kr. 500,- i tillegg til eventuelle kostnader FKT får til hotellet. Avbud siste 14 dager før konferansen gir full deltakeravgift.

DELTAKERAVGIFT

- Deltagelse med overnatting: Kr. 5.400,- (Ikke medlem kr. 5.800,-)
- Deltagelse uten overnatting, sosialt arrangement og middag: Kr. 4.300,- (Ikke medlem kr. 4.700,-)
- FKT har reservert rom på konferansehotellet. Tildeling ut fra mottatt påmelding (først til mølla).
- Ekstra overnatting 2. – 3. juni 2014 Kr. 1.300,-

ANNEN INFORMASJON

Filmen «Det Åpne Landet»

Husk at du er i filmbyen Haugesund, på hotellet hvor Amanda prisene deles ut hvert år. I Auditorium Lille Maritim vises en fantastisk film, som på 3 lerret presenterer regionen på en glimrende måte. Filmens varighet er 23 minutter og vises to ganger:

- Mandag. 2. juni kl. 21.00 (for dem som kommer kvelden før)
- Onsdag. 4. juni kl. 08.30.

Sosial utflukt med kongelige tilsnitt.

- Bussene henter oss utenfor hotellet kl. 17.15, og kjører til Avaldsnes i Karmøy kommune.
- I **Nordvegen Historiesenter** ønskes vi velkommen i Kongshallen. En audiovisuell Harald Hårfagre tar oss med på en reise gjennom tid og rom og forteller oss om den spennende historien på Avaldsnes
- Omvisning også i **Olavskirken** – den snart 1000 år gamle middelalderkirken som var et viktig stoppested for pilgrimene som skulle til Nidaros.
- På retur vil bussene passere **Haraldshaugen** – det kjente minnesmerket om Harald Hårfagre som samlet Norge til et rike. Tilbake på hotellet ca. kl. 19.30/19.45.
- Middag på hotellet kl. 20.30

Flyplass

Haugesund lufthavn ligger på Helganes i Karmøy kommune. Avstand 13 km.
Flybussen går til hotellet / reisetid 25-30 min. / Pris 70,- (T/R 110)
Taxi / reisetid 15-20 min. / pris ca. 350,- dagtid / ca. 450,- kveld.

03/14 MØTEPLAN 2014 FOR KONTROLLUTVALET I HYLLESTAD

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte."

Kontrollutvalet vedtok i møte 25.09.2013 i sak 018/13 Forvaltningsrevisjon – val av prosjekt følgjande:

Kontrollutvalet startar opp arbeid med prosjektet : "Totalgjennomgang av pleie- og omsorgssektoren sett i lys av KOSTRA-tal", med budsjett som styringsverktøy. SEKOM-sekretariat utformar tinging av prosjektet som vert handsama på neste møte.

Tinginga vart først handsama i kontrollutvalet i sak 026/13 Revisjonsprosjekt – totalgjennomgang av pleie- og omsorgssektoren sett i lys av Kostra-tal, tinging, og dokumentet vart sendt til KRYSS-revisjon 19.12.2013.

Sekretariatet sine vurderingar:

Heimel for sekretariatet si handsaming av saka er § 20 2. ledd i forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar:

"§ 20. Sekretariat

2. ledd.

Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og at utvalgets vedtak blir iverksatt. "

I rundskriv 02/06 frå KRD er det gjeve ei nærmare tolking av korleis denne paragrafen er å forstå. *"Rapporter som avgis av revisor på revisors selvstendige faglige ansvar vil kontrollutvalgets sekretariat ikke ha adgang eller mulighet til å overprøve. Også slike rapporter skal imidlertid gå via sekretariatet, men i slike saker vil sekretariatets saksforberedelse være en formalitet."*

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON

Dato: 10-3-2014

Off:

Sak nr. 006/14

Regnr.:

Arkiv: 216

Avd.kode:

Sakshandsamar *B. B. B.*



REVISJONS- RAPPORT

Hyllestad kommune:

TENESTEANALYSE AV PLEIE OG OMSORG

**Rapport fanga av
Hyllestad Kontrollutval**

Endeleg rapport levert den: 10.03.2014

INNHALD

1	INNLEIING: VIKTIGE FUNN OG OM TENESTEANALYSAR	5
1.1	Viktige funn i revisjonsrapporten – KOSTRA-analyse av PLO:	5
1.2	Revisjonsrapport - ikkje <i>forvaltnings</i> revisjonsrapport	10
1.3	Tenesteanalyse av PLO gjennom bruk av KOSTRA- og IPLOS-statistikk	10
1.4	Tidlegare utførte tenesteanalysar i Pleie- og omsorg i Hyllestad	11
1.5	Definisjonar av ord og uttrykk nytta i rapporten	12
1.6	Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne revisjonsrapporten	12
2	TYPE REVISJON OG RETTSLEG FORANKRING AV REVISJONSRAPPORTEN	12
2.1	Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon	12
2.2	KRYSS-Revisjon	13
3	OM DEN REVIDERTE EININGA – HYLLESTAD KOMMUNE	13
3.1	Folkemengd og befolkningssamansetjing i Hyllestad – fram til i dag	13
3.2	Hyllestad kommune som organisasjon	14
3.2.1	Pleie og omsorg – organisering	14
3.2.2	Rekneskapstal Pleie og omsorg 2012	16
3.2.3	Fråværsstatistikk PLO m. fl	16
4	BAKGRUNNEN FOR OG PROBLEMSTILLINGANE I REVISJONSRAPPORTEN	17
4.1	Formelt om tinginga av (forvaltnings-)revisjonen	17
4.2	Tingingsdokumentet frå SEKOM	17
4.2.1	Føremål – problemstillingar – og avgrensingar av prosjektet	17
4.3	Revisjonen si vurderingar av tingingsdokumentet	18
4.3.1	Spissing av problemstillinga – endeleg problemstilling	18
4.3.2	Implikasjonar ved problemstillinga: Kva funn kan den gje svar på?	18
4.3.3	Tenesteanalyse – kva er det?	18
5	KVA KAN TENE SOM FAGLEG REVISJONSGRUNNLAG	19
5.1	KOSTRA-tal eigna som ”revisjonskriterium” ?	19
5.2	KOSTRA	19
6	METODE	21
6.1	Statistikk bygd på Kostra må lesast og tolkast med varsemd	22
7	PROBLEMSTILLING : FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR	22
7.1	BEHOV	23
7.1.1	Innleiing: Alderssamansetjing som indikator på behov	23
7.1.2	Tenestebehov for ulike aldersgrupper	23
7.1.3	Alderssamansetjinga i kommunen over tid som indikator på behov	24
7.1.4	Registrerte bistanndsbehov gjennom Iplos	25
7.1.5	Vurdering – Behov for tenester (jf. del 7.1 ff)	26
7.2	Ressursbruk/prioritering	27
7.2.1	Pleie- og omsorgstenestene samla	27
7.2.2	Vurdering Ressursbruk/Prioritering – heile PLO (jf. 7.2 ff)	29
7.2.3	Heimetenester	31
7.2.4	Vurdering Heimetenester	32
7.2.5	Institusjonstenester	32
7.2.6	Vurdering Institusjonstenester	33
7.2.7	Aktivisering og støttetjenester	33

7.2.8	Vurdering Aktivisering og støttetjenester	34
7.3	Dekningsgrad	34
7.3.1	Pleie- og omsorgstjenester samla	35
7.3.2	Vurdering dekningsgrad - for PLO sett under eitt	36
7.3.3	Heimetenester:	36
7.3.4	Vurdering dekningsgrad – Heimetenester	39
7.3.5	Institusjonstenester:	40
7.3.6	Vurdering dekningsgrad – Institusjonstenester	43
7.4	Produktivitet/Einingskostnad	44
7.4.1	Heile tenesta	46
7.4.2	Vurdering Produktivitet – tenesta samla:	47
7.4.3	Heimetenester	48
7.4.1	Vurdering Produktivitet – Heimetenesta:	51
7.4.2	Institusjonstenester	53
7.4.3	Vurdering Produktivitet – Institusjonstenestene	54
7.5	Kvalitetsindikatorar Kostra/Iplos	55
7.5.1	Vurdering – kvalitetsindikatorar Iplos/Kostra	57
7.6	Medarbeidarane	58
7.6.1	Vurdering – medarbeidarane i PLO sin kompetanse og fråvær	60
8	RÅDMANNEN SINE merknader TIL HØYRINGsversjonen	61
8.1	Formelt om høyringa:	61
8.2	Kryss Revisjon sine kommentarar til rådmannen sitt høyringssvar på revisjonsrapporten:	61
9	Underskrift	65
10	REFERANSAR	65
11	VEDLEGG:	66
11.1	Omgrep frå SSB – KOSTRA	66
11.2	Kostra-veileder 2009	66

FIGURAR:

Figur 1: Organisasjonskart Hyllestad kommune.....	16
Figur 2: Forholdet mellom prioritering, produktivitet og dekningsgrad.....	20
Figur 3: Tenestebehov sett i lys av alderssamansetjing (i %) og prioritering for PLO samla, uttrykt gjennom netto driftsutgifter (i kr).....	23
Figur 4: Figuren syner korleis samtlege tenestemottakarar fordeler seg på ulike typar registrert bistandsbehov.....	25
Figur 5: Figuren over syner kommunen sine samla netto driftsutgifter til pleie- og omsorgstjenester - fordelt på kommunen sine innbyggjarar over 67 år.....	27
Figur 6: Figuren over syner korleis nettoutgifter pr innbyggjar 67 år og eldre er, fordelt på funksjonane aktivisering, institusjonstenester og heimetenester.....	27
Figur 7: Figuren over syner fordelinga av kommune sine netto driftsutgifter til pleie- og omsorgstjenester – fordelt på Kostra-funksjonar.....	28
Figur 8: Figuren over syner kommunane sine netto driftsutgifter til heimetenester i kroner, fordelt på alle innbyggjarar i kommunen.....	31
Figur 9: Figuren over syner netto driftsutgifter til institusjonstenester, kr pr innbyggjar over 80 år..	32
Figur 10: Netto driftsutgifter til aktivisering og servicetenester – kroner pr innbyggjar.....	33

Figur 11: Figuren seier noko om kva ”tenesteprofil” kommunen har på PLO-tenester – dvs dekningsgrad – for innbyggjarar i aldersgruppa 80 år og eldre.	35
Figur 12: Andel innbyggjarar – i ulike aldersgrupper - som mottak heimetenester.	37
Figur 13: Mottakarar av heimetenester, aldersfordelt (i prosent).....	37
Figur 14: Andel heimetenestemottakarar med omfattande bistandsbehov	38
Figur 15: Forholdet mellom andel innbyggjarar i institusjon og plassar i institusjon, 80 år og eldre	40
Figur 16: Andel innbyggjarar som er bebuarar på institusjon - aldersfordelt	41
Figur 17: Fordeling av institusjonsplassar på ulike typar opphald.....	42
Figur 18: Figuren syner kor stor andel av mottakarar av institusjonstenester som er registrert med omfattande bistandsbehov.	43
Figur 19: Korrigerte brutto driftsutgifter pr mottakar av pleie og omsorgstenester.....	46
Figur 20: Årsverk pr. mottakar i brukarretta tenester – PLO (Fylkesmannen sin Kostra-generator) .	46
Figur 21: Korrigerte brutto driftsutgifter pr mottakar av heimetenester, kr.	48
Figur 22: Gjennomsnittleg nettoutgifter pr brukar av heimetenester – i aldersgruppa 0-66 år og 67 år og eldre.	49
Figur 23: Andel vedtakstimar til heimetenester for brukarar 0-66 år og 67 år og over.	50
Figur 24: Gjennomsnittleg timar til praktisk bistand og heimesjukepleie, pr brukar pr veke.....	51
Figur 25: Korrigerte brutto driftsutgifter pr kommunal plass i institusjon, i kroner	53
Figur 26: Korrigerte brutto driftsutgifter pr kommunal plass i institusjon, i kroner, fordelt på funksjon	53
Figur 27: Andel plassar i einarom og andel plassar i brukartilpassa einarom med eige bad/wc.....	55
Figur 28: Tilgjenge til lækjar og fysioterapeut på sjukeheim, timar pr veke pr bebuar. (Fylkesmannen sin generator).....	56
Figur 29: Andel av alle brukarar – eksklusiv brukarar med langtidsopphald på institusjon – med individuell plan.....	57
Figur 30: Andel årsverk i brukarretta tenester med fagutdanning.	58
Figur 31: Andel årsverk i brukarretta tenester – etter utdanning	58
Figur 32: Legemeldt sjukefråvær av totalt antal årsverk i brukarretta teneste.	59

TABELLAR:

Tabell 1: Folketalsutvikling i perioden 2003-2013. Netttotal. Kjelde: SSB	13
Tabell 2: Rekneskapstal PLO 2012. (Tal i heile 1.000 kroner). (Kjelde: Årsmelding Hyllestad kommune 2012).....	16
Tabell 3: Sjukefråvær PLO m.fl. Hyllestad 2012. (Kjelde Årsmelding Hyllestad kommune, 2012). 16	
Tabell 4: Folketalsutvikling i Hyllestad perioden 2003-2013. Netttotal. Kjelde: SSB	24
Tabell 5: Estimert folketalsutvikling i Hyllestad for perioden 2012- 2040. Absolutte tal. Kjelde: SSB	24
Tabell 6: Sjukefråvær i brukarretta tenester i Hyllestad, 2012:	60

1 INNLEIING: VIKTIGE FUNN OG OM TENESTEANALYSAR

Lesetips:

I dette kapittelet er overordna *funn* frå kapittel 7 i revisjonsrapporten *dregne ut*, og presentert for å kunne gje ei rask, men fortetta, oversikt over materialet. *Samanlikning* kommunane mellom og dei *vurderingane* som er gjorde av funna, og oppmodinga til kommunen sjølve om område for vidare *refleksjon* kring talmaterialet, finn ein fortløpande i same kapittel 7.

Det er i dette kapittelet vidare gjort greie for kva som skil ein revisjonsrapport – som er status for denne rapporten - frå ein *forvaltningsrevisjonsrapport*.

Vidare er det ein omtale av kva *tenesteanalysar* er for noko – som er den metodiske innfallsporten til denne revisjonsrapporten – og kva dei kan nyttast til, omtalt. Endeleg er sentrale *ord og uttrykk* i rapporten definert.

1.1 Viktige funn i revisjonsrapporten – KOSTRA-analyse av PLO:

Denne rapporten er ein såkalla *tenesteanalyse* der ressursbruken innan tenestområdet PLO i Hyllestad i perioden 2010-2012 er skildra, gjennom statistikk henta frå m.a. KOSTRA og Iplos.

Hyllestad er i figurane i rapporten samanlikna med Solund, Bremanger Askvoll, Kostra-gruppe 5, fylket og landssnittet.

Nedanfor er viktige funn i rapporten dregne ut og presenterte:

BEHOV:

Behovet for PLO-tenester er gjennomgåande påverka av alder, og såleis har *alderssamansetjinga* blant innbyggjarane betydning for tenestetilbod og utgiftsnivå. I denne revisjonsrapporten brukar vi *alderssamansetjing* som ein indikator på behov.

- **Alderssamansetjing:**
 - Hyllestad kommune er i 2012 den kommunen av dei samanlikna med *størst andel eldre innbyggjarar over 67 år*. Andelen innbyggjarar 67-79 år har auka kring 2 % i tidsrommet 2010-2013.
- **Folketalet no – og frametter** (auka tal eldre korresponderer allment med auka pleie- og omsorgsbehov).
 - Folketalet i Hyllestad har dei siste 10 åra vore relativt stabilt, men har vore *minkande*, særleg dei siste tre åra, frå 1537 innbyggjarar i 2003 til 1483 innbyggjarar januar 2013.
 - Det samla folketalet i Hyllestad er forventat at vil minke til 2040 – men for aldersgruppa 67-79 år og 80 år og eldre – altså *dei eldste eldre* – vil folketalet *gjennomgåande auke* med 50-60 personar i baa aldersgruppene fram mot 2040.
- **Behovsprofil hjå eksisterande brukarar** (har konsekvensar for dimensjonering av og kostnader ved hjelpetilbodet):
 - Hyllestad har *fleire tenestemottakarar med noko/avgrensa behov* (49,3%) enn alle dei andre samanlikna kommunane og landssnittet (44,2 %) – og andelen brukarar med

middels og omfattande bistandsbehov er mindre i Hyllestad enn dei andre direkte samanlikna kommunane og landssnittet.

- Ein tendens i Hyllestad dei 3 siste åra har vore ein prosentvis *auke i andelen brukarar med omfattande bistandsbehov*.

RESSURSBRUK/PRIORITERING:

Ressursbruk/prioriteringsindikatorar vert rekna ut ved å fordele utgifter til ei teneste på tal innbyggjarar som er i målgruppa for tenesta.

- **Tenesta PLO - samla:**

- Hyllestad har *høgast netto driftsutgifter til PLO samla, pr. innbyggjar 67 år og over pr. år* (kr 119621), både målt mot landet (kr 110907) og dei direkte samanlikna kommunane.
- Driftsutgiftene til PLO-tenester fordelt på innbyggjarar over 67 år i Hyllestad går særleg til funksjonen *Tenester til institusjoner* (58,6%) og *mindre* til *Tenester til heimebuande* (36,3%) enn hjå dei samanlikna kommunane, same kommunegruppe, fylket og landet sett under eitt (49,9%). Dette bryt med den nasjonale trenden på at det blir brukt mindre pengar til Tenester til institusjonar (f 253+261) og meir pengar til Tenester for heimebuande (f 254).
 - Netto driftsutgifter til PLO pr. innbyggjar 67 år + i Hyllestad *har auka dei siste tre åra* – men den relative vektinga av pengebruken i PLO internt har heile tida gått i favør av institusjonstenester.
 - Det er derfor naturleg å leggje til grunn at Hyllestad er ein såkalla «institusjonsorientert» kommune, heller enn såkalla «heimetenesteorientert» kommune der det relativt sett blir nytta meir pengar til heimetenester enn til institusjonstenester.

- **Heimetenester:**

- Netto driftsutgifter til heimetenester pr. innbyggjar 67 år + er kr 43 422. Dette er under landssnittet på kr 54 788.

- **Institusjonstenester:**

- På *netto driftsutgifter til institusjonstenester pr. innbyggjar over 80 år ligg Hyllestad i 2012 ligg i øvste skåra* (kr 14637) blant dei direkte samanlikna kommunane. Tala for Hyllestad korresponderer med ein allmenn tendens; kommunen ligg *høgt* på netto driftsutgifter pr. innbyggjar til institusjonstenester, og tilsvarende *lågt* på netto driftsutgifter pr. innbyggjar til heimetenester.
- Dersom vi ser på *kostnad pr. innbyggjar 67 år +*, ligg Hyllestad kr 20 000 over landssnittet, og er også høgst blant dei samanlikna kommunane.

- **Aktivering:**

- Hyllestad er den av dei eksplisitt samanlikna kommunane som i 2012 nyttar *mest pengar* (kr 1575) til *aktivering pr. innbyggjar* – og pengesummen har *dobla seg* på tre år.

DEKNINGSGRAD:

Dekningsgrad er eit mål på kor stor del av målgruppa (%) som mottak tenester, og blir berekna ved å ta talet brukarar av tenesta og dele på talet personar i målgruppa.

- **Tenesta PLO samla:**

- Det er *noko fleire* (2,2%) *innbyggjarar* på 80 år og eldre i som mottak PLO-tenester i Hyllestad i 2012 enn landssnitt – med ein dekningsgrad på 50%.
 - Hyllestad har *lågast* dekningsgrad (0,0%) på brukarar som bur i **omsorgsbustad med heildøgns bemanning** (landssnitt 4,1%), for gruppa innbyggjarar 80 år og eldre.
- **Heimetenester:**
 - Hyllestad er den kommunen i 2012 med *lågast dekningsgrad på yting av heimetenester for innbyggjarar* i alle tre aldersgruppene i inndeling – både samanlikna mot enkeltkommunar og aggregert snitt:
 - Hyllestad plasserer seg *midt mellom* dei samanlikna kommunane kva vedkjem yting av heimetenester i eigen bustad (31,1% – landssnitt 29,9%) for gruppa innbyggjarar **80 år og eldre**; andelen i aldersgruppa **67-79 år** er 5,3% (landssnitt: 7,4%) og andelen innbyggjarar som mottok heimetenester i aldersgruppa **0-66 år** er 1,2 (mot landssnitt 2,1%).
 - Andelen innbyggjarar som mottok heimetenester i Hyllestad i perioden 2010-2012 har vore *minkande* i alle tre aldersgruppe-kategoriane.
 - Det er *flest mottakarar* (52,8 %) av heimetenester i Hyllestad i 2012 i den eldste aldersgruppa, 80 år og eldre – ein trend som også held seg nasjonalt. Andelen i den yngste aldersgruppa, 0-66 år, som mottok heimetenester i Hyllestad er *større* (26,4 %) enn i den midlare aldersgruppa (67-79 år), 20,8 % - også det ein trend som held seg nasjonalt.
 - Hyllestad er den kommunen av dei direkte samanlikna kommunane med *lågast* nivå (9,4% - 2011-tal) heimetenestemottakarar med registrert omfattande bistandsbehov. 2012-tal: Solund har *høgast* registrert andel (30,4%) heimetenestemottakarar med omfattande bistandsbehov – Bremanger 18,4 og Askvoll 17,4%.
 - **Institusjonstenester:**
 - Hyllestad i 2012 er den kommunen som har *høgast* (18,9%) andel innbyggjarar **buande** på institusjon i aldersgruppa 80 år og eldre - landssnitt (13,8%)
 - Hyllestad (og Solund) har *høgast institusjonsdekning* (24,4%), målt i innbyggjarar 80 år + av dei samanlikna kommunane. Landssnittet er på 18,5%.
 - I Hyllestad er det større kapasitet (24,4 %) – institusjonsdekning – enn faktisk belegg i institusjon (18,9 %) i aldersgruppa 80 år og eldre.
 - Andelen innbyggjarar 80 år og eldre i Hyllestad som bur på institusjon har vore nokolunde stabilt i perioden 2010-2012 (17-18%)
 - Berre 80-åringar eller eldre nyttiggjer seg av kommunale institusjonstenester i Hyllestad – men til gjengjeld i større omfang (18.9 %) for denne aldersgruppa enn landssnittet (13,8%) og hjå dei andre samanlikna kommunane.
 - Når det gjeld fordeling av **institusjonsplassar** følgjer Hyllestad *landstrenden* i 2012: ”øvrige plasser”, dvs. ordinære institusjonsplassar er den største posten; dinest kjem plassar til demente i skjerma eining; så tidsbegrensa opphald, medan plassar til rehabilitering/habilitering er 5,7%.
 - Hyllestad har likevel fleire plassar i skjerma eining for aldersdemente (36,4% - landssnitt 23,3%), og *noko færre* «øvrige plassar» og plassar på tidsbegrensa opphald (9,1%) enn tala på «aggregert» nivå.
 - Hyllestad er den kommunen med *lågast* del (68,2%) institusjonstenestemottakarar som har **omfattande bistandsbehov** av dei direkte samanlikna kommunane – og andelen har halde seg stabilt på kring 65-68% i perioden 2010-2012.

PRODUKTIVITET/EININGSKOSTNADER

Omgrepet produktivitet skildrar kor mykje vi klarar å produsere for ein gjeven innsats av ressursar. Produktivitet blir målt ved å dele kroner som er brukt på talet på produserte einingar.

- **Tenesta PLO samla:**

- I Hyllestad er *brutto driftsutgifter* pr. mottakar av brukarretta tenester i 2012 (kr 521 600) *betydeleg* over landssnittet (359 230 kr) og berre Solund har høgare driftsutgifter.
 - Tidsserie 2010-2012:
 - brutto korrigerte *driftsutgifter pr. brukar* i dei brukarretta tenestene i Hyllestad har *auka* frå 362 000 kroner i 2010 til kr 521 000 i 2012.
 - *årsverkverknaden* har auka frå 0,46 i 2010 til 0,70 i 2012.
 - andelen årsverk i brukarretta tenester *med fagutdanning* har *auka* frå 78% i 2010 til 83% i 2012
 - *lønsutgiftene* pr. kommunalt årsverk i Hyllestad har *auka* frå 471 000 i 2010 til kr 584 000 i 2012.
- *Årsverkverknad pr. mottakar* i Hyllestad er 0,70; dette er godt over *snittet* for landet (0,48) og fylket (0,52)
- *Lønnsnivået* pr. kommunalt årsverk i brukarretta tenester i Hyllestad var i 2012 *lågast* av dei samanlikna kommunane (kr 584 000 - kr 648 000 pr. år, landssnitt).

- **Heimetenester:**

- Hyllestad er den kommunen, saman med Solund, med *dei høgaste gjennomsnittlege utgiftene til heimetenester* fordelt på alle registrerte brukarar av alle dei samanlikna kommunane; kring kr. 244 000 – landssnittet kr 215 00.
 - Tidsserie 2010-2012: Hyllestad, saman med Solund, ligg *høgast* blant kommunane når det gjeld *brutto driftsutgifter pr. tenestemottakar* av heimetenester; og utgiftene i Hyllestad har auka frå kr 152 315 i 2010 – til kr 244 509 i 2012.
 - Hyllestad er den kommunen med *høgast (kr 559 065) netto driftsutgifter* til heimetenestene pr. tenestemottakar i aldersgruppa 0-66 år av dei direkte samanlikna kommunane. Askvoll (som høyrer til ei anna kommunegruppe enn dei andre samanlikna kommunane, nyttar minst) (kr 277 728).
 - For brukarar 67 år og over har Hyllestad *høgast (kr. 131 000) netto driftsutgifter* til heimetenestene pr. tenestemottakar blant dei samanlikna kommunane.
 - Tidsserie 2010-2012: I aldersgruppa 0-66 år er *nettoutgifter pr. brukar* av heimetenester *aukande*, frå vel 448 000 i 2010 til vel 559 000 i 2012 – medan nettoutgiftene pr. brukar av heimetenester for aldersgruppa 67 år og over, har *auka* frå vel kr 49000 i 2010 til vel kr 131 000 i 2012.
- Hyllestad tildelte i 2012 fleire timar *heimeteneste* til *unge* enn til gamle: Folk i den yngste aldersgruppa, 0-66 år, hadde 60 % av alle vedtakstimane, medan aldersgruppa 67 år og eldre år hadde 40% av alle vedtakstimane – og er i tråd med tendensen for dei samanlikna kommunane.
 - *Aldersgruppa* heimetenestemottakarar 0-66 år utgjorde likevel berre 24,6 % av alle mottakarar – og nyttar altså 60% av alle tildelte *timar* til heimetenesta.

- Tidsserie 2010-2012: Andelen tildelte timar heimeteneste til den eldste aldersgruppa, 67 år og eldre, er aukande, frå 23% i 2010 til 40% i 2012 – og nedgang i tildelt timetal for den yngste aldersgruppa, 0-66 år.
- Hyllestad gjev færrest timar heimesjukepleie pr. veke enn nokon samanlikna kommunar – og færre timar praktisk bistand pr. veke enn snittet for landet.
 - I Hyllestad var talet for tildelte timar pr. veke til dei som mottar *Praktisk bistand* 6,9 t/v – landssnittet er på 7,9 t/v.
 - Hyllestad er den kommunen som tildeler færrest timar pr. veke (3,9) til brukarar av *heimesjukepleie*. Dette er under landssnittet (4,7 timar), for fylket (5,0 timar) og same kommunegruppe (4,4 timar).
 - Tidsserie 2010-2012: Ser ein på tendensane for Hyllestad dei tre siste åra, har kommunen hatt eit jamt aukande timetal heimesjukepleie og praktisk bistand.
- **Institusjonstenester:**
 - Hyllestad hadde i 2012 *høgast* (kr 959273) driftsutgifter pr. plass på funksjon 253, "*bistand, pleie- og omsorg*" av alle dei samanlikna kommunane, og ligg vel 100 tusen over landssnittet (kr 858 349) pr. plass i institusjon pr. år.
 - Hyllestad ligg noko *under* snittet på brutto driftsutgifter til *drift* (funksjon f 261) pr. kommunal plass – kr 91409, både målt mot eiga kommunegruppe, fylkessnitt og landssnittet (kr 96321)
 - Totalt sett (f 261 + f 253) utgjer dei korrigererte brutto driftsutgiftene pr. kommunal plass i institusjon i Hyllestad kr 1050 682, noko som plasserer Hyllestad med *høgast utgifter pr. institusjonsplass* av alle dei samanlikna kommunane – landssnittet er kr 953 670
 - Tidsserie 2010-2012: Dei samla driftsutgiftene på institusjon har gått opp alle tre åra; brutto driftsutgifter til funksjon 253 "*bistand, pleie- og omsorg*" har auka – medan korrigererte brutto utgifter til *drift* har gått ned i same treårsperioden.

Kvalitetsindikatorar Kostra/Iplos:

- Hyllestad kommune har 100% dekning på tal plassar i *einerom* – og er her over landssnittet (94%), og har også 100% plassar i *brukartilpassa* einerom, som er over landssnittet (81%).
 - Tidsserie 2010-2012: Tala knytt til plassar i *einerom* og *brukartilpassa* einerom er for Hyllestad sin del uforandra alle tre åra – 100% dekning i båe kategoriar.
- Hyllestad var den kommunen av dei samanlikna som i 2012 hadde *dårlegast* tilgang på *lækjartimar* pr. veke pr. bebuar, høvesvis 0,30 time (landssnitt 0,43 t pr. veke).
- Hyllestad hadde også *dårlegast* tilgjenge til *fysioterapitimar*, 0,18 time pr. veke (mot 0,33 t/v i landssnitt).
 - Tidsserie 2010-2012: Tidsserien for Hyllestad syner at omfanget av *lækjartimar* pr. veke pr. bebuar på sjukeheim mest er lik frå 2010 (0,31 t/v) til 2012 (0,30 t/v). Omfanget *fysioterapitimar* er også mest lik mellom 2010 (0,19 t/v) og 2012 (0,18 t/v) .
- Hyllestad er den av dei eksplisitt samanlikna kommunane med *høgast* del (21,7%) bebuarar på institusjon som *har individuell plan*.
 - Tidsserie 2010-2012: Omfanget av brukarar med individuell plan har vore aukande frå 2010 (17,3%) til 2012 (21,7%).

Medarbeidarane

- Hyllestad er den av dei samanlikna kommunane i 2012 med størst omfang årsverk med *fagutdanning* (83%) i brukarretta tenester i Pleie- og omsorgstenesta av dei samanlikna kommunane; landssnittet er på 74%.
 - Tidsserie 2010-2012: Andelen årsverk i brukarretta tenester med fagutdanning i Hyllestad har *auka* dei siste tre åra; i 2010 var delen på 78%, i 2012 på 83% prosent.
- Den største gruppa årsverk i brukarretta tenester i Hyllestad i 2012 er dei med fagutdanning frå *vidaregåande* skule (49%). Delen årsverk i Hyllestad med fagutdanning frå *høgskule/universitet* er på 32%. Hyllestad sin andel årsverk i brukarretta tenester *utan* fagutdanning er på 17%. Tala her følgjer den nasjonale trenden.
 - Tidsserie 2010-2012: Delen årsverk med fagutdanning er aukande i Hyllestad; andelen årsverk for tilsette med vidaregåande skule – og for dei med universitetsutdanning har både auka frå 2010 til 2012 – og Hyllestad er den kommunen med størst andel årsverk i brukarretta tenester med fagutdanning frå *høgskule/universitet* (av kommunane dei føre ligg tal for i figuren).
- Hyllestad kommune hadde i 2012 det *lågaste* (6,8%) legemeldte *sjukefråværet* i brukarretta tenester av dei samanlikna kommunane. Landssnittet er på 8,9 %; fylkessnittet er 8,0% og snittet for kommunegruppa er 8,6 %.
 - Tidsserie 2010-2012: Sjukefråværet i dei brukarretta tenestene i Hyllestad syner ein nedgåande trend dei tre siste åra, frå 11,3% i 2010 – til 6,8% i 2012.

1.2 Revisjonsrapport - ikkje *forvaltningsrevisjonsrapport*

Denne rapporten er ein **revisjonsrapport**. Ordinært er det *forvaltningsrevisjonsrapportar* som vert laga på tingingar frå kontrollutvalet; tingsdokumentet for denne spesifikke revisjonen er då opphavleg også tinging av *forvaltningsrevisjon*. Men som medelt sekretariatet pr. mail frå oss 03.11.2013, så er datagrunnlaget som skal analyserast – innrapporterte tal frå kommunen som grunnlag for KOSTRA/IPLOS – av ein slik karakter at ein ikkje utan vidare kan seie at desse kjeldene som grunnlag for såkalla revisjonskriterium er *autoritative*. Dette er eit krav etter RSK 001 (Standard for Forvaltningsrevisjon) om rapporten skal ha status som forvaltningsrevisjonsrapport.

For kontrollutvalet vil det at rapporten ber overskrifta revisjonsrapport, og ikkje forvaltningsrevisjonsrapport, ikkje ha noko større å seie for verdien av produktet vi leverer og kommunen sin bruk av den: Den presenterte statistikken og analysane som vert gjort, vil vere like fyllestgjerande og opplyssande, uansett. Til det kjem at vi i rapporten i praksis har handsama datagrunnlaget like metodisk strengt som vi gjer om det er ein forvaltningsrevisjon vi har gjennomført. Dermed kokar det heile ned til at vi som revisjonseining har høyrande fri ved evt. internkontroll hjå oss ved å nytte nemninga revisjonsrapport, sidan KOSTRA- og IPLOS-tal ikkje er eintydige og objektive storleikar nok til å kunne seie at revisjonskriteria er utleia av eller grunngjeve i, autoritative kjelder.

1.3 Tenesteanalyse av PLO gjennom bruk av KOSTRA- og IPLOS-statistikk

Denne Revisjonsrapporten omhandlar *ressursbruk i Pleie- og omsorgstenesta* i (2010-) 2012 i Hyllestad kommune og dei kommunane det er naturleg å samanlikne seg med, basert på samanstilling av statistiske data frå KOSTRA/IPLOS.

Metodisk ligg revisjonsrapporten tett opp til standarden KS (gjennom KS – Effektiviseringsnettverkene) nyttar for utarbeiding av såkalla "tenesteanalysar" i kommunal forvaltning i Noreg. Datagrunnlaget for analysen er stort, og kommunale pleie- og omsorgstenester utgjer ein komplisert og samansett meny, og kommunar har ulik vektning og samansetjing av tenester. Ved utarbeiding av rapporten har siktemålet vore å vise dei viktigaste indikatorane, inndelt i dimensjonane:

- Behov
- Prioritering
- Dekningsgrad
- Produktivitet...

... for slik å få auka innsikt i samanhengane mellom ressursinnsats, resultat og kvalitet. Vi skuldar å gjere merksam på at det er *det samla tenestetilbodet* til ulike aldersgrupper som må vurderast, og ein bør t.d. ikkje vurdere heimetenester og institusjonstenester kvar for seg, men sjå tenestetilbodet som ein heilskap.

I KS Effektiviseringsnettverk er noko av målet med å gjennomføre tenesteanalysar, der tilsette i kommunane sjølve er med i nettverksgrupper der slike analysar vert utarbeidde, at deltakarane får **auka kunnskap og medvit om tenester og praksis i eigen kommune, og at lærdomen har overføringsverdi og kan nyttast når deltakarane kjem "tilbake til kvardagen"**.

I tråd med dette: Noko av intensjonen med denne revisjonsrapporten og utarbeidinga av tenesteanalysen, er at kommunen sine politikarar og administrasjon får eit statistisk oversyn over status innan PLO i Hyllestad kommune. Dette kan så danne basis for dialog og arbeid med funna frå rapporten, som ledd i å finne forbedringsområde og tiltak/endingar som bør følgjast opp. Skilnadene i funna mellom dei samanlikna kommunane, kan gje indikasjonar på om Hyllestad "har noko å hente" ved å endre praksis i form av betra tenesteyting og/eller effektivisert ressursbruk. Endeleg vil det vere mogeleg for kommunen sjølve å gjennomføre eit tilsvarende statistisk-metodisk opplegg seinare, etter mal frå denne revisjonsrapporten, om det er ynskjeleg.

Det er viktig å understreke at presentasjon og tolking av statistikk, som denne revisjonsrapporten er, *ikkje* åleine kan gje eit samla bilete av den faktiske stoda innan PLO i Hyllestad. Dei ansvarlege for tenesta i kommunen vil kunne gje eit kompletterande og utdjupande bilete, "dei kjenner best kor skoen trykkjer", basert på erfaring frå drifta over tid.

1.4 Tidlegare utførte tenesteanalysar i Pleie- og omsorg i Hyllestad

Hyllestad kommune har av eigen regi delteke i eit KS effektivitetsnettverk for pleie og omsorg og gjort tenesteanalysar tidlegare – seinast i 2010, i lag med kommunar frå Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Førre gang ein deltok var i 2004. Kommunen deltok i 2010 i nettverket med helse- og omsorgssjef og leiar omsorgssenter. Frå tenesteanalysen i 2010 heiter det:

«Gjennom tenesteanalysen, der ein i hovudsak ser på kjernetjenester innan pleie- og omsorg (heimmeteneste og institusjon), ser vi no klårare kor vi står, og på kva område vi kan og bør satse på framover. Funna avvik ikkje i vesentleg grad frå slik vi kjenner situasjonen, men status er no dokumentert, og ein har eit betre beslutningsgrunnlag enn tidlegare.

Tenesteanalysen munnar ut i løysingar som ein ikkje har sett klårt føre seg tidlegare, og vil såleis vere eit viktig grunnlag for arbeidet med helse- og omsorgsplanen. Analysen vil elles bli presentert for administrativ og politisk leiing, tillitsapparatet og brukarorganisasjonar».

Denne Revisjonsrapporten – tenesteanalyse for PLO med tal frå 2010-2012 – held såleis tidsmessig fram der tenesteanalysen i 2010-rapporten slutta, og dannar såleis ein forlengja basis for å vurdere utviklingstrekk over tid, og for å vurdere endingar mellom dei to tidsperiodane.

1.5 Definisjonar av ord og uttrykk nytta i rapporten

KOSTRA står for KOmune-STat-RApportering (sjå del 5ff.).

Kommunegruppe 5 (sjå KOSTRA): Små kommuner med høye bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter¹.

- I Sogn og Fjordane gjeld dette i 2012 kommunane **Hyllestad, Solund, Bremanger og Horningdal**.
- ❖ **IPLOS:** IPLOS er nemninga på et nasjonalt helseregister som skal danne grunnlag for nasjonal statistikk for pleie- og omsorgssektoren. Det er et verktøy for dokumentasjon, rapportering og statistikk for kommunane og for statlige styresmakter.
- ❖ **KS:** Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon
- ❖ **PLO:** Pleie- og omsorg. Eit av fleire administrative tenesteområde i kommunen.
- ❖ **Tenesteanalyse** er ei systematisk og balansert vurdering og tolking av tenesta sine einskilddelar og heilskap. Analysen skal ideelt sett fungere som et strategisk og fagleg grunnlagsdokument for dialog om forbetningsområde i tenesta.

I tillegg er *Askvoll* teke med i oversikta, sjølv om kommunen i tala for 2012 soknar til kommunegruppe 4, av di Hyllestad gjerne samanliknar seg med denne nabokommunen innan PLO.

1.6 Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne revisjonsrapporten

I RSK 001 punkt 8 er det eit ufråvikeleg krav at revisor skal være uavhengig og objektiv i utføringa av revisjonsarbeidet. For kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt skal det gjerast ei vurdering av om revisor er uavhengig; og sjølv om dette er ein revisjonsrapport har vi lagt den same strenge uavhengigheitsvurderinga til grunn som ved ein forvaltningsrevisjonsrapportar. Vi har nytta kommunelova § 79 og forskrift om revisjon mv § 13 som grunnlag for vår uavhengigvurdering.

Vi ser etter kriteria i ovannemnde rettskjelder ikkje tilhøve som svekkjer vår uavhengigheit i utføringa av denne revisjonsrapporten.

2 TYPE REVISJON OG RETTSLEG FORANKRING AV REVISJONSRAPPORTEN

Denne rapporten er utarbeidd av KRYSS- Revisjon på oppdrag frå kontrollutvalet i Hyllestad kommune. Oppdraget vart formalisert gjennom vedtak i kontrollutvalet og eiga skriftleg tinging (sjå del 4.2). Som omtalt ovanfor (i del 1.2) var denne tinginga bestilt som ein *forvaltningsrevisjon* – men har, av grunnar som er nemnde, fått status som **Forvaltningsrapport**, men altså utan at dette har større konsekvensar for korleis kommunen kan nyttiggjere seg tala.

2.1 Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon

Kravet om *revisjon* av kommunal verksemd er heimla i Kommunalova § 78, og i Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner, fastsett av KRD den 15. juni 2004.

Forvaltningsrevisjon er ein sjølvstendig disiplin innan revisjonsfaget, og er rettsleg forankra i Kommunalova § 78 og Forskrift om revisjon, § 6. I Forskrift om revisjon § 7 vert det fastslått at forvaltningsrevisjon skal skje etter god kommunal revisjonsskikk og etter anerkjende standardar.

¹ Jf SSB – Gruppering av kommuner og fylkeskommuner (http://www.ssb.no/offentlig-sektor/kommune-stat-rapportering/3.gruppering-av-kommuner-og-fylkeskommuner#A_Kommunene)

2.2 KRYSS-Revisjon

KRYSS-Revisjon er eit interkommunalt samarbeid oppretta etter Kommuneleova § 27, og verksemda er resultatet av samanslåinga av dei tre tidlegare revisjonsdistrikta i Ytre Sogn, Ytre Sunnfjord og Indre Sunnfjord. Samarbeidet har to *forvaltningsrevisorar* tilsette på heiltid.

3 OM DEN REVIDERTE EININGA – HYLLESTAD KOMMUNE

Hyllestad kommune presenterer seg sjølv slik på heimesida si – www.hyllestad.kommune.no :

«Hyllestad kommune er ein liten kystkommune som ligg på nordsida av Sognefjorden. Hyllestad kommune vart skipa i 1861 og er samansett av bygder som tidlegare tilhøyrdde to andre kommunar. Landskapet her er typisk for ytre fjordbygder på vestlandet. Her i Hyllestad kan du oppleve ein variert vestlandsnatur frå sjø til fjell, på rydda stiar eller langs den Trondhjemske Postvei.

Kommunen har eit flatevidde på 260 km², høgaste punktet er Risnesnipa med 777 m.o.h. Kystlinja langs fastlandet er 118 km lang.

Geologien i kommunen er mangearta, alle kjenner vi vel til granatglimmerskifer? Meir ukjend er kanskje kvit ironhjemitt og eklogitt - som er økonomisk interessante.

Folketalet er pr. 1.1.2012 1461. For meir oppdaterte tal, sjå SSB.

Hyllestad er ein utprega landkommune med omsyn til busettingsmønster. Største tettbebygning finn du på Sørbovåg, på Hyllestad og i Leirvik.

Hyllestad er geografisk sentrum og her ligg kommuneadministrasjonen. Du finn og Hyllestad skule her, NAV, kyrkjekontor, samt helsetilbod som lege, fysioterapeut, helsestasjon og tannlege.

På Sørbovåg ligg m.a. Hyllestad omsorgssenter Eiklund og omsorgstenesta har sin administrasjon der.

I Leirvik ligg skipsverftet Havyard Ship & Tecnology, som er den største arbeidsplassen i kommunen. HAFS Elektro finn du på Åfjorddalen, Leirvik. Hyllestad kommune er i næringsstatistikken rekna som ein industrikommune.

Hyllestad kommune seier i sin kommuneplan at:

- Hyllestad kommune skal vere ein god kommune å leve i for alle. - Ein skal auke folketalet - særleg med tanke på ungdom og kvinner.»

3.1 Folkemengd og befolkningssamansetjing i Hyllestad – fram til i dag

Å gjere ei framskriving av folketalet er ein viktig føresetna for utviklinga av pleie- og omsorgstenestene i ein kommune. Folketalsutviklinga i dei *ynge* aldersklassane seier oss noko om lokalsamfunnet sitt eksistensgrunnlag og potensiale. Utviklinga i *mellomgruppene* fortel noko om tilgangen på arbeidskraft – medan prognosar for dei *eldste* aldersgruppene er viktig i høve til dimensjonering og innretning av tenestetilbodet frametter.

Nedanfor er det gjeve oversyn over **folketalet** i Hyllestad (i absolutte tal pr. 1. januar) dei siste 10 åra.

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Folketal (netto)	1537	1557	1526	1502	1492	1505	1474	1502	1483	1461	1428

Tabell 1: Folketalsutvikling i perioden 2003-2013. Netttotal. Kjelde: SSB

3.2 Hyllestad kommune som organisasjon

3.2.1 Pleie og omsorg – organisering

Omsorgstenestene har følgjande omgang årsverk²:

- Omsorgssenteret 27,2 årsverk
- Heimetenestene 19,0 årsverk
- Forpleiing 7,4 årsverk

I førre tenesteanalyse for Pleie og omsorg, «*Tenesteanalyse for Pleie- og omsorgstenesta i Hyllestad kommune*» (desember 2010), utført av Hyllestad kommune sjølve, gjennom Effektiviseringsnettverka, blir organiseringa av Pleie- og omsorg skildra slik:

«Pleie- og omsorgstenestene og helsetenestene vart omorganisert frå 1.01.10. Tenestene vart då organisert under felles leing av helse- og omsorgssjefen. Pleie- og omsorgstenestene vart organisert i tre einingar:

- ❖ Hyllestad omsorgssenter Eiklund leia av leiar omsorgssenter,
- ❖ heimetenestene (heimesjukepleie, heimhjelp, miljøtenesta for psykisk utviklingshemma, BPA og omsorgsløn) leia av leiar heimetenestene og
- ❖ forpleiing (kjøkken, reinhald og vaskeri) leia av forpleiingsleiar.

Omsorgstenestene har basen sin på omsorgssenteret på Sørbøvåg.

Omsorgssenteret har no 22 sjukeheimsplassar. 11 institusjonsplassar vart i 2008 omgjort til omsorgsbustader / bufellesskap – ut frå bemanningsplanen og behova den gongen – på 5 plassar. Det siste året har ein i periodar nytta alle 11 romma på bufellesskapen, og ein har hatt overbelegg på institusjonen. Behova har altså vore større enn det ein dimensjonerte tenestene til i 2008. Ein disponerer i tillegg 11 omsorgsbustader på Sørbøvåg; i tillegg har ein 4 aldersbustader på Hyllestad og 3 aldersbustader i Leirvik. Ein har hatt ledige bustader heilt fram til hausten 2010. Heimetenestene har ikkje eit generelt tilbod mellom kl 22:30 og kl 08:00. Det blir likevel gitt døgniltbod i særlege høve i delar av veka etter behov og enkeltvedtak. Bebuarar på Bøky og i Sørvisbustadane kan etter enkeltvedtak få dekkja behov for tilsyn på natt frå omsorgssenteret.

Helsetenestene, som omfattar legetenesta, helsestasjon, jordmortenesta, psykisk helseteneste og fysio er lokalisert i kommunehuset på Hyllestad, er ikkje omfatta av tenesteanalysen.

Overordna mål for helse- og omsorgstenestene 2011 - 2014

- ❖ Kommunen skal yte gode tenester til innbyggjarane i samsvar med gjeldande lov og faglege retningslinjer.
- ❖ Ein skal samarbeide på tvers av fag og tenester for å oppnå best mogeleg tilbod til brukarane.
- ❖ Tenestenivået skal vere basert på tilgjengelege økonomiske ressursar og behovet i befolkninga, og bør ikkje avvike vesentleg frå relevante samanlikningar i KOSTRA.
- ❖ I løpet av planperioden skal ein tilpasse tenestene etter nye lovkrav m.v. som følgje av Samhndlingsreforma - m.a. med å vektlegge førebyggjande helsearbeid og re-/habilitering samt auke kompetansen både i eigen organisasjon og i samarbeid med andre kommunar.

Delmål omsorgssenteret for 2011 - 2014

- ❖ Yte kvalitativt god og tilstrekkeleg teneste i samsvar med lover, forskrifter og tilgjengelege ressursar.
- ❖ Gjennomføre tiltaksplanen i nærversprosjektet, m.a. betre informasjon til brukarar og pårørande.
- ❖ Vidareutvikle det tverrfaglege samarbeidet i kommunen, og samarbeide med andre kommunar.
- ❖ Vurdere kompetansebehov / stillingsplanen, ressursbehova og ev omleggingar i samband med helse- og omsorgsplanen.

² Årsmelding 2012 Hyllestad kommune

Delmål heimetenestene 2011 - 2014:

- ❖ Yte kvalitativt gode og tilstrekkelege tenester i samsvar med lover, forskrifter og tilgjengelege ressursar.
- ❖ Vidareutvikle det tverrfaglege samarbeidet i kommunen, og samarbeide med andre kommunar.
- ❖ Gjennomføre ernæringsprosjektet.
- ❖ Vurdere kompetansebehov / stillingsplanen, ressursbehova og ev omlegging i samband med helse- og omsorgsplanen.
- ❖ Etablere bustader for unge funksjonshemma med heildøgns omsorg i økonomiplanperioden.

Delmål forpleining 2011:

- ❖ Ein skal ha kvalitativt gode og tilstrekkelege tenestene innafor tildelte ressursar.
- ❖ Inntektene skal aukast – m.a. for å kunne oppretthalde dagens kjøkkenfunksjonar».

I Årsmeldinga for Hyllestad kommune for 2012 heiter det om Mål og resultat for Omsorgstenestene:


- « • Trass i bemanningsutfordringar og overbelegg, har ein levert gode og forsvarlege tenester. Det er rom for forbetringar når det gjeld internkontroll og rutinar.
- Ein klarer å ta i mot ferdigbehandla pasientar frå sjukehus – har betalt for 4 liggedøger i 2012– resultatet er framleis eit konstant overbelegg på sjukeheimen og generelt press på tenestene.
- Resultatet av iherdig rekrutteringsarbeid er full sjukepleiedekning i 2. hå.
- Sjukefråværet har gått litt ned, og behovet for kjøp av vikartenester har avteke i høve til 2011.
- Det interne tverrfaglege samarbeidet har vore godt. Samhandlinga med Helse Førde har vore mykje i fokus - samhandlingsrutinar er utvikla og fungerer no stort sett godt.
- Ein startar opp arbeidet med omlegging av turnus og flytting av personell med tanke på heildøgns teneste i heimetenestene; jf. helse- og omsorgsplanen.
- KOSTRA-data for 2011 viser at ein ligg over snittet i fylket og kommunegruppa når det gjeld netto driftsutgifter pr. innbyggjar over 67 år.
- Budsjettet for 2012 vart oppjustert med 1 mill kr pr. 3.kv.
- Det økonomiske resultatet er ei samla meirutgift på 969.492 kr – av dette er 236.000 kr meirutgifter til medfinansiering av spesialisthelsetenesta. Dette er eit mindre avvik i høve til prognosen i månadsrapporten for november, som varsla ei meirutgift på om lag 500' kr, når ein tek omsyn til at bokføringa av meirkostnaden med medfinansieringa på det tidspunktet ikkje var kjent.

Av konkrete avvik kan nemnast:

- Ansvar 370: Meirutgift kr 315.428 – hovudsakleg pga energikostnader (straum) Eiklund og vesentleg mindreinntekter omsorgsbustader pga ledige bustader.
- Ansvar 371: Meirutgift kr 732.096 (496.096 når ein trekkjer frå meirutgiftene på medfinansieringa kr 236') – hovudsakleg løn (som ikkje blir kompensert med sjukelønsrefusjonar og auka brukarbetaling).
- Ansvar 372: Meirutgift kr 4.467 - innertiar på samla resultat, men interne avvik på avlastning og støttekontakt; heimesjukepleien (kjøp av vikartenester, sjukeløn); mindreutgifter miljøtenesta og brukarstyrde tenester.
- Ansvar 373: Mindreutgift kr 82. 499 - mindre til løn, meir til mat, mindreinntekt sal av mat; mindre til forbruksmateriell».

Omsorgstenestene har makta å levere forsvarlege og gode, trass i administrative utfordringar etter stillingsreduksjon i samband med budsjettet for 2012, m.a med eit stort etterslep når det gjeld betaling for opphald i institusjon. Tenesta er arbeidsintensiv og trykket på tenesta er høgt. Målet er at omleggingane, med større vekt på heimetenestene, skal skape betre økonomisk stabilitet. Kommunestyret styrka den administrative bemanninga i budsjettvedtaket for 2013. Kommunestyret har justert opp budsjettet pr. 3.kv. Likevel kjem ein ut med eit samla meirforbruk.

Samla kjem helse- og omsorgstenestene ut med eit meirforbruk på 1.162.481 kr – eit avviket på 2,8 % i høve til eit samla budsjett på 47 mill kr. Avviket er forklart i årsmeldinga»



Figur 1: Organisasjonskart Hyllestad kommune
(Kjelde: www.hyllestad.kommune.no)

3.2.2 Rekneskapstal Pleie og omsorg 2012

Ansvar	Tenesteområde omsorg	Budsjett	Rekneskap	Avvik
370	Leiar omsorg	-239.058	76.370	315.428
371	Leiar institusjon	16.799.635	17.531.731	*) 732.096
372	Leiar heimetenester	12.858.626	12.863.093	4.467
373	Leiar forpleiing	3.728.797	3.646.298	-82.499
		33.148.000	34.117.492	969.492

*) medrekna meirutgift medfinansieringa kr 236.000 kr.

Tabell 2: Rekneskapstal PLO 2012. (Tal i heile 1.000 kroner). (Kjelde: Årsmelding Hyllestad kommune 2012)

3.2.3 Fråværsstatistikk PLO m. fl

	2012
Helsestasjon	5,28
Psykisk helseten.	0,37
Aktivitetssenteret	0
Legeskontoret	8,8
Omsorgssenteret	11,77
Heimetenestene	8,62
Forpleiing	8,69

Tabell 3: Sjukefråvær PLO m.fl. Hyllestad 2012. (Kjelde: Årsmelding Hyllestad kommune, 2012)

I årsmeldinga for Hyllestad kommune for 2012 heiter det om sjukefråværet:

«Sjukefråværet har samla sett gått litt ned sidan i fjor og året før. Einskildarbeidstakarar blir følgde opp i samsvar med IA-rutinane. Sjukefråværet og vakansar i stillingar i omsorgstenestene har medført kjøp av vikartenester også i 2012. Det er kjøpt vikartenester for 2,4 mill kr i 2012 mot budsjettet 2 mill kr. Dette er ein nedgang i høve til 2011 då ein kjøpte tenester for 3,8 mill kr. Avtalen med Vacant går ut ved komande årsskifte».

4 BAKGRUNNEN FOR OG PROBLEMSTILLINGANE I REVISJONSRAPPORTEN

4.1 Formelt om tinginga av (forvaltnings-)revisjonen

Bakgrunnen for det som opphavleg hadde status som eit forvaltningsrevisjonsprosjektet, går fram av *tingingsdokumentet* frå SEKOM-sekretariat.

4.2 Tingingsdokumentet frå SEKOM

4.2.1 Føremål – problemstillingar – og avgrensingar av prosjektet

Kontrollutvalet i Hyllestad tinga opphavleg ein forvaltningsrevisjonsrapport knytt til *Vurdering av delegasjonsreglement – Sjå på rutinar og tilbakerapportering til politiske organ*. Arbeidet vart påbyrja av Forvaltningsrevisor våren 2013. Kontrollutvalet ynskte seinare å omgjere dette til eit anna, alternativt prosjekt – men utan å misse «plassen sin» i ventande forvaltningsrevisjonsprosjekt i Kryss Revisjon.

Våren 2013 gjorde Kontrollutvalet i tråd med dette ei prioritering av nye forvaltningsrevisjonsprosjekt gjennom Plan for forvaltningsrevisjon 2013-2016 (sak 12/13). Forvaltningsrevisor deltok i dette møtet, og sa at i fall ein vel prosjektet Analyse av PLO gjennom Kostra-tal, så lyt prosjektet få status som revisjonsrapport og ikkje *forvaltningsrevisjonsrapport*, utan at dette får nokon større praktiske konsekvensar for kommunen sin bruk av materialet, eller kvaliteten på rapporten (jf. del 1.2). Dette ut frå at Kostra-tal som revisjonskriterium ikkje kan seiast å vere utleidd av såkalla autoritative kjelder – noko RSK 001 har som krav. Kryss Revisjon la til, at ein frå vår hand måtte ta som premiss at tematikken for det nye prosjektet ville bli ein analyse av PLO gjennom Kostra-tal, beint fram for å kunne halde kontinuiteten i arbeidet, og at det ikkje ville bli halde eit nytt oppstartsmøte også på dette nye prosjektet, all den tid ordførar var til stades i same kontrollutvalsmøtet, og var samd i at kontrollutvalet prioriterte PLO som 1. prioritet i si innstilling.

Denne prioriteringslista vart handsama av kommunestyret (sak 30/13) – der analyse av PLO gjennom bruk av Kostra-tal var gjeve 1 prioritert, både hjå Kontrollutvalet og uforandra vedtatt også av kommunestyret.

I møte i Kontrollutvalet 25.09.2013 (sak 018/13), vart prosjektet formelt valt: *«Totalgjennomgang av Pleie- og omsorgssektoren sett i lys av KOSTRA-tal»*. Sekom fekk så i oppgåve å forme ut eit konkret tingingsdokument i samsvar med dette. I møte i kontrollutvalet 09.12.2013 (sak 026/13) gjorde ein vedtak om at tinginga skulle ha tilsvarande ordlyd: *«Totalgjennomgang av Pleie- og omsorgssektoren sett i lys av KOSTRA-tal»*, og at revisor fekk ansvar for operasjonalisering av tinginga.

4.3 Revisjonen si vurderingar av tingsingsdokumentet

4.3.1 *Spissing av problemstillinga – endeleg problemstilling*

Ordlyden i utkast til problemstilling, jf. del 4.2.1. er av revisjonen spissa slik:

- **"Gjennom ein komparativ tenesteanalyse blir Pleie- og omsorg i Hyllestad samanlikna med same tenesta i nærskylda kommunar gjennom bruk av kvantitative KOSTRA-tal – for å vurdere korleis kommunen i 2010-2012 ligg an knytt til: behov, produktivitet, prioritering og dekningsgrad".**

4.3.2 *Implikasjonar ved problemstillinga: Kva funn kan den gje svar på?*

Revisjonen les problemstillinga til, for det første, å vere av *deskriptiv* (skildrande) karakter. Det vil seie at vi gjennom talmaterialet skal gje ein faktuell, talmessig status over tenesteområdet slik det *er* – avgrensa til ein gjeven tidsperiode. Men statistiske data er "harde data", og gjev ikkje uttrykk for t.d. brukarar sine *opplevingar* av eller *kvaliteten* på kommunale tenester. Der funna i talmaterialet gjer det naturleg, stiller revisjonen "*spørsmål til refleksjon*": Dette er spørsmål kommunen kan fundere over som ledd i vurdering og analyse av noverande situasjon i eininga PLO, og kva ynskje ein har frametter.

Ei slik deskriptiv tilnærming på rapporten er noko anna enn ei rein *normativ* tilnærming – som i tillegg til å skildre den faktiske tenestesituasjonen og kva variasjonar som finst – gjerne har karakter av å kome med detaljerte tilrådingar eller er instruerande i høve til løysingstiltak som ledd i å endre ein situasjon/tilhøve/praksis i retning: slik noko *bør vere*. Uansett, ein må først gå vegen om å søkje å *skildre* tilhøva slik dei er – før ein kjem med for bombastiske tiltakspakkar. Eller – bileteleg sagt: Ein må stille diagnosen før ein føreskriv medisin.

4.3.3 *Tenesteanalyse – kva er det?*

Denne revisjonen er gjennomført som ein tillempa tenesteanalyse. Definisjon av ein *analyse* er: "*Undersøkelse som består i at noe sammensatt oppløses i enkelte bestanddeler*". Ei *tenesteanalyse* er ei systematisk og balansert vurdering og tolking av tenesta sine einskilddelar og heilskap. Analysen skal ideelt sett fungere som eit strategisk og fagleg grunnlagsdokument for dialog om forbettringsområde i tenesta, der sentrale aktørar er politikarar, tenesteleiarar og rådmannsnivå i kommunen.

Føremålet med analysen er generelt å få oversikt over og kunnskap om tenesta si:

- Styrke
- Svakheiter
- Forbettringspotensial
- Ei vurdering av og val av forbettringsområde

Den metodiske *rekkefølga* i ein slik tenesteanalyse er:

- Først: **Skildre** – kva syner KOSTRA-indikatorane knytt til:
 - *Prioriterer vi tenestene i forhold til andre tenester i kommunen?*
 - *Rettar vi ressursane mot de prioriterte målgruppene?*
 - *Produserer vi tenestene på en produktiv og effektiv måte?*
- Dinest: **Drøfte/vurdere funna**
Når ein drøftar/vurderer Kostra-tal, må ein vere seg medviten:
 - Kva ligg bak desse variasjonane ein avdekkjer i Kostra-tala?
 - Er det andre forhold som er medverkande til at tala evt. ikkje kan samanliknast?
 - Er det behov for å rette opp nøkkeltal (feilrapportering) i den einskilde kommune?
 - Kva syner kartlegginga av kvalitet, gjennomgang av likskap og variasjon?

- Er det nokon samanheng mellom produktivitet, dekningsgrad, prioritering og kvalitet?
 - Kva kritiske suksessfaktorar kan vere sentrale i å forklare resultat?
- Til sist: **konkludere**: Konsekvensar – kva avgjerder må fattast? – retning!
- Kva tiltak, erfaringar og læring kan overførast?
 - Kva konkrete mål bør det einiskilde tenestemråde og kommunen under eitt sette seg?

Problemstillinga, slik den er utforma, inneber at vi i denne revisjonsrapporten først og fremst vil ha fokus på første hoved-kulepunkt ovanfor (skildre) og i nokon grad på andre hoved-kulepunkt (drøfte/vurdere). Tredje hovud-kulepunkt, som m.a. handlar om kva tiltak ein må sette i verk som følgje av analysen – ligg utanfor revisor si oppgåve å svare på, og er meir av politisk karakter.

5 KVA KAN TENE SOM FAGLEG REVISJONSGRUNNLAG

5.1 KOSTRA-tal eigna som ”revisjonskriterium” ?

Ettersom dette er ein revisjonsrapport, og ikkje ein *forvaltnings*revisjonsrapport, så blir det ikkje stilt så strenge revisjonsfaglege krav som ved forvaltningsrevisjonar som byggjer på RSK 001: Mellom anna skal det i slike tilfelle utleiast eksplisitte revisjonskriterium med basis i såkalla revisjonskjelder, dvs. *dei krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal reviderast/vurderast i forhold til*.

I denne revisjonsrapporten, med analyse av KOSTRA-tal for PLO i Hyllestad, blir ”revisjonskriteria” praktisk talt, å sjå på **korleis fordelingane er** for KOSTRA-tala for Produktivitet, Dekningsgrad, Prioritering og Behov i høve til ”snittet” for kommunar det er naturleg å samanlikne seg med – m.a. og snitt for kommunegruppa, fylket og landssnittet.

5.2 KOSTRA

KOSTRA er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev styringsinformasjon om kommunal verksemd. Målet med innføringa av KOSTRA var å systematisere og samordne økonomi- og tenesterapportering frå kommunane til staten. Målet har vore å gjere eksisterande data betre tilgjengeleg og å samanstille dei på ein meningsfull måte. Informasjonen er meint å gje betre grunnlag for analyse, planlegging og styring, og sjå om nasjonale mål blir nådde.

Det blir rapportert to typar data til KOSTRA – *rekneskapsdata* frå kommunen sitt kommunerekneskap og *tenestedata*. Det er desse tala som danner grunnlag for nøkkeltala og grunnlagstala som blir presentert i KOSTRA. Når kommunane rapporterer sine rekneskapsdata til SSB, skal utgifter og inntekter førast i/grupperast i faste definerte funksjonar. På denne måten blir det mogeleg å samanlikne tala mellom kommunar og over tid. For eksempel skal kommunane rapportere sine utgifter til aktivisering av eldre og funksjonshemma (t.d. matombringing) på Funksjon 234, uavhengig av korleis kommunen har organisert denne tenesta. Med slik kategorisering har ein forsøkt å gjere KOSTRA-rapporteringa organisasjonsnøytral.

Statistisk Sentralbyrå har gruppert dei 434 kommunane i landet inn i 29 kategoriar, etter folkemengde og økonomiske rammeføresetnader.

- *Det skilles mellom små, mellomstore og store kommuner. Små kommuner har færre enn 5000 innbyggere, mellomstore har fra 5000 til 19999 innbyggere, mens store kommuner har 20000 eller flere innbyggere.*
- *Bundne kostnader per innbygger er et mål på kommunenes kostnader for å innfri minstestandarder og lovpålagte oppgaver.*

- *Frie disponible inntekter per innbygger er et mål på hvor mye inntekter kommunene har til disposisjon etter at de bundne kostnadene er dekket, og gir en antydning av kommunenes økonomiske handlefrihet.*

Vi har i denne revisjonen tatt utgangspunkt i dei KOSTRA-funksjonane som SSB/Kostra har definert som Pleie- og omsorgstenester:

Funksjon 234: Aktivisering og servicetjenester overfor eldre og funksjonshemmede³

Funksjon 253: Pleie, omsorg, hjelp og re-/habilitering i institusjon

Funksjon 254: Kjernetjenester knyttet til pleie, omsorg, hjelp til hjemmeboende

Funksjon 261: Institusjonslokaler


Nokre gonger er nøkkeltal henta direkte frå Kostra nivå 2, andre gonger er samanstillingar komne fram ved å kople data frå Kostra nivå 2 og 3 (noko som gjer at det i desse situasjonane ikkje nødvendigvis finst tal på alle grafane i figurane).

KOSTRA systematiserer kommunane si rapportering til Statistisk sentralbyrå i tre typar indikatorar og nøkkeltal (sjå figur 2 nedanfor):

- Kommunane si **prioritering** av tilgjengelege ressursar (kommunens ressursinnsats)
- **Dekningsgrad** for aktuelle tenester (tilgjenge til tenestene)
- **Produktivitetsindikatorar**

KOSTRA fangar dermed opp tre *føresetnader for effektivitet*:

1. Retter vi ressursane mot dei prioriterte målgruppene?
2. Tilbyr vi tenester til brukarane som har behov for dei?
3. Produserer vi tenestene på ein produktiv (kostnadseffektiv) måte?



Figur 2: Forholdet mellom prioritering, produktivitet og dekningsgrad

Produktivitet:

Dette er forholdet mellom produsert mengde av tenester og omfanget av innsatsfaktorer som er blitt brukt under produksjonen. I KOSTRA brukar ein Korrigerte brutto driftsutgifter. Dette omfattar driftsutgiftene ved kommunen sin egen tenesteproduksjon pluss avskrivningar minus dobbeltføringar i dei kommunale rekneskapa som skuldast vidarefordeling av utgifter/internekjøp mv.

³ Funksjon 254, tjenester til hjemmeboende omfattar følgjande støttetjenester utover praktisk bistand og hjemmesjukepleie: Brukerstyrt personlig assistent; Avlastning - utenfor institusjon ; Omsorgslønn

Dekningsgrad:

Prinsipielt skal dekningsgrad seie noko om i kor stor grad behovet for ei bestemt teneste blir dekket. I KOSTRA brukar ein indikatorar for andel innbyggjarar i sentrale målgrupper som har teneneste. I pleie og omsorg blir desse nøkkeltala brukt til å vise kapasitet i tilbødet.

Prioritering:

Prioritering speglar korleis kommunen (gjennom politiske vedtak) vel å disponere dei tilgjengelige økonomiske ressursane. I KOSTRA er dette netto driftsutgifter pr. innbyggjar i målgruppa. Netto driftsutgifter viser driftsutgiftene inkludert avskrivningar etter at driftsinntektene, som m.a. inneheld øyremerka tilskot frå staten og andre direkte inntekter/eigenbetalingar er trekt frå. Dei resterande utgiftene må dekkast av dei frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringar frå staten m.v. Utgiftsrammene i den enkelte kommune er grunnlaget for nivået på prioritering, og skilnader mellom kommunar skuldast erfaringsvis ulikt inntektsnivå.

6 METODE

Denne revisjonsrapporten er altså ein komparativ analyse mellom Hyllestad og andre kommunar det er naturleg å samanlikne denne med. Datagrunnlaget som ligg til grunn for tenesteanalysen er offentleg statistikk, innrapportert frå den reviderte kommunen sjølv gjennom dei pålagde KOSTRA- og IPLOS-rapporteringane. Hovudsakleg er nøkkeltala som vert brukt i prosjektnotata basert på Statistisk sentralbyrå sine KOSTRA-faktaark.⁴ Ikkje alle nøkkeltal finst i desse fakta-arka direkte, noko er utrekna for analyse med utgangspunkt i "grunnlagsdata" som SSB har lagt ut på internett.⁵ Nokre av befolkningstala kan vere henta frå andre kjelder i SSB, og der er kjeldene oppgjevne.

Vi har nytta KOSTRA-tal for året 2012 (presentert 15.06.2013), utarbeidd av Statistisk Sentralbyrå og utlagt på deira heimesider (www.kostrano.no/ssb), for å svare på problemstillinga. For å kunne gje eit statistisk bilete av situasjonen i kommunen ut over berre eit "øyeblikksbilete" – er det i tillegg til tal for 2012 (dvs. dei siste tilgjengelege tala ved oppstart av forvaltningsrevisjonen) også teke med samanliknbare tal for åra 2011 og 2010 for Hyllestad kommune sitt vedkomande. Slik er det mogeleg å danne seg eit bilete av utviklinga over tid. Denne statistikken er så henta inn i anten ein såkalla statistikk-generator utarbeidd av Fylkesmannen i Nord-Trøndelag⁶, som vi har nytta til å generere nokre få av våre figurar/tabellar i rapporten. Likevel er dei fleste av figurane/tabellane som er nytta, bygd på KS, Effektiviseringsnettverkene sin kostragenerator.

Fleirtalet av indikatorane er henta direkte frå nivå 2 i SSB. Nokre indikatorar er likevel rekna ut frå nivå 3/råttall. Her er det ikkje med snitt for land eller kommunegruppe i dei presenterte figurane.

⁴ Sjå: <http://www.ssb.no/kostra/>

⁵ SSB publiserer/ legg ut faktaark for kvart tenesteområde i tre nivå:

Nivå 1 gir eit fåtall overordna og aggregerte nøkkeltall for prioritering, dekning og produktivitet.

Nivå 2 inneheld meir detaljerte nøkkeltall som gir høve for ei breiare analyse av ressursbruk og tenesteyting.

I nivå 3 har SSB lagt ut grunnlagstala som er brukt for utrekning av nøkkeltalla i nivå 1 og 2. Desse grunnlagstala blir brukt for å sette saman andre nøkkeltall enn dei som finst i nivå 1 og 2.

⁶ <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=2866&amid=2575483>

6.1 Statistikk bygd på Kostra må lesast og tolkast med varsemd

Vi oppmodar generelt til at dei som les rapporten er noko varsam med tolking av tala, då det kan vere feil både i talgrunnlag frå kommunane til SSB og i KS sine berekningar der. Det meste av tal og figurar kjem fram etter manuelle berekningar, og dette aukar sjansen for at det kan oppstå feil.

Bruk av KOSTRA-tal har sider ved seg som ein må vere seg medvite også når denne rapporten blir lesen: KOSTRA-rapportering og -tal er enno ein ”ung vitskap”; kommunane kan ha unnlåte å rapportere som dei skal og innrapporterte tal kan vere feil. Også innhenting og val av indikatorar, og måten statistikken vert generert i dei nytta statistikkgeneratorane frå KS og Fylkesmannen, samt presentasjon av talmateriale, kan ha feil og unøyaktigheiter hefta ved seg.

Til det kjem problematiseringa av kva KOSTRA-tala djupast sett *fortel*: Syner det statistiske materialet at den reviderte tenesteeininga t.d. ligg lågare enn andre kommunar på ulike verdiar på variablane ein samanliknar – så kan dette av kommuneleiinga bli lese som god økonomistyring. Ein tenesteleiar tenkjer på si side kanskje at hadde ein brukt opp heile budsjettet, så ville ein fått ytt betre tenester – medan tenestemottakaren og pårørande vil kunne hevde at kommunen brukar for lite samla ressursar på området, og at ekstraløyvingar eller budsjettoppjustering er på sin plass. Same KOSTRA-tala nytta som indikator på ressursbruken i ei eining, kan slik vurderast også i lys av ”auga som ser”, og dermed kven sin ståstad ein har, og ligg der ikkje berre som objektive fakta. Dersom KOSTRA-tala viser høg ressursbruk, treng dette ikkje nødvendigvis bety at ein yter gode tenester. Og omvendt: Om tala viser låg ressursbruk, kan kommunen likevel yte gode tenester. Om så er tilfelle, så seier vi at kommunen er *kostnadseffektiv*. KOSTRA-tal seier heller ikkje noko om korleis tenestetilbodet er samansett og kvaliteten på dette.

Det er også slik at sjølv for kommunar som er definert i same kommunegruppe – så som m.a. Hyllestad, Solund og Bremanger – så vil det alltid vere kommunespesifikke skilnader knytt til måte å organisere seg på, naturgevrne skilnader o.a. – som gjer at kostnadsnivået vil variere – og såleis kan vere medforklarande på skilnadane i presenterte figurar og tabellar kommunane mellom.

KOSTRA-tal vil uansett berre vere ein *grov indikator* på problemstillinga; skal ein kunne seie noko meir presist om ressursbruken ved desse tenestene, må ein gjere ei meir omfemnande undersøking av organisering og drifta ved desse tenestene; eit arbeid som ligg langt forbi dei ressursane som er sett av gjennom denne revisjonsrapporten.

Endeleg må ein hugse på at KOSTRA-tala er ”augneblinksbilete” og uttrykkjer ikkje, isolert sett, utvikling. Tilsvarende som for KOSTRA ligg det også potensielle feilkjelder knytt til innrapporterte IPLOS-data som ein må vere seg medvite, når ein nyttiggjer seg slikt materiale (jf. òg omtale av dette i metodekapittelet).

7 PROBLEMSTILLING : FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR

- Problemstilling: ”Gjennom ein komparativ tenesteanalyse blir Pleie- og omsorg i Hyllestad samanlikna med andre samanliknbare kommunar gjennom bruk av kvantitative KOSTRA-tal for 2012 – for å vurdere korleis kommunen ligg an knytt til behov, produktivitet, prioritering og dekningsgrad”.

Tenesteanalysen (ressursanalysen) for PLO vil omhandle statistikk knytt til følgjande hovudområde: Behov – prioritering – produktivitet – dekningsgrad/bruksratar. Først om behov:

7.1 BEHOV

7.1.1 Innleiing: Alderssamansetjing som indikator på behov


Når vi samanliknar kommunar ved hjelp av økonomi og tenestedata, er det viktig å ta omsyn til at *utgiftsbehovet* kan vere ulikt. Variasjonar i folkemengda og -samansetjing, inntekts- og utgiftsnivå påverkar ressursbruken og tenestestrukturen på ulike tenesteområde. Når vi tolkar resultata, bør vi ta omsyn til slike "ufriviljuge" skilnadar. Det er ikkje nødvendigvis slik at ulikskapar i kommunane sine føresetnader har noko å seie for effektiv ressursbruk og god tenesteyting *på den einskilde tenestestad*.

Innbyggjarane sine *behov* for tenester er eit viktig grunnlag for kva, og kor mykje, tenester som vert tilbydd. I kortversjon kan vi seie at behovet for tenester bør ha stor innverknad på kommunen si *prioritering*. Det er likevel ikkje enkelt å måle behov, eller å dokumentere kommunen sine "samla" behov på ein slik måte, at det kan ha direkte nytte av det når ein skal gjere vedtak om prioriteringar, kapasitet og kostnader.

Behovet for tenester vert også påverka av andre kjenneteikn, og SSB sin levekårsindeks kan gje oss fleire indikasjonar på behov. I tillegg er det andre sosiodemografiske kjenneteikn som kan påverke innbyggjarane sine behov og kommunane sitt tenestetilbod, t.d. rusmisbruk og psykisk helse. Ein del slike kjenneteikn er gjensidig forsterkande, og førekjem "samtidig", og det er ikkje alltid eintydig kva som vert påverka av kva, og kva som har si årsak i ein utanforliggjande variabel. – Det vil til dømes vere vanskeleg å *talfeste* kva som påverkar kva, og med kor stor styrke når det gjeld kjenneteikn, arbeidsløyse, rus, økonomi, helse og utdanningsnivå. Det er få eller ingen objektive indikatorar som "legitimerer" eller gjev eit eintydig bilete av kva som er riktig tenestenivå sett i forhold til innbyggjarane sine behov.

Behovet for PLO-tenester er gjennomgåande påverka av alder, og såleis har *alderssamansetjinga* blant innbyggjarane betydning for tenestetilbod og utgiftsnivå. I denne revisjonsrapporten brukar vi *alderssamansetning* som ein indikator på behov.

7.1.2 Tenestebehov for ulike aldersgrupper



Figur 3: Tenestebehov sett i lys av alderssamansetjing (i %) og prioritering for PLO samla, uttrykt gjennom netto driftsutgifter (i kr).

(Kjelde: Kostra – generert i Fylkesmannen sin statistikkgenerator).

Søyla i figuren over seier noko om alderssamansetjinga av eldre menneske blant kommunane, i kategoriane 67-79 år og 80 år og over, og om kor store desse aldersgruppene er i prosent av befolkninga.

Fakta:

Figuren syner at Hyllestad kommune i 2012 er den kommunen av dei samanlikna **med størst andel eldre innbyggjarar over 67 år**. Hyllestad har den største andelen (14,6%) innbyggjarar i aldersgruppa 67-79 år, både målt mot dei andre direkte samanlikna kommunane og målt mot landssnittet (9,3%). For aldersgruppa 80 år og eldre ligg kommunen (6,3%) lågast av dei direkte samanlikna kommunane, men også her over fylkessnitt og landssnittet (4,5%).

Hovudgruppa av mottakarar av pleie- og omsorgstenester er eldre, dvs. innbyggjarar 67 år og over. Framskriving av befolkning i ulike aldersgrupper gjev viktig kunnskap ved planlegging av pleie- og omsorgstenester, og då er det også viktig å sjå på ulike aldersgrupper blant eldre.

Tidsserie Hyllestad:

Figuren viser at andelen innbyggjarar i Hyllestad i aldersgruppa 80 år + har vore stabil i åra 2010-2012, frå 6,6 % i 2010 til 6,3% i 2012. Derimot ser vi at **det, i utgangspunktet, høge nivået på andelen innbyggjarar 67-79 år har auka med kring 2 % i tidsrommet 2010-2012**.

7.1.3 Alderssamansetjinga i kommunen over tid som indikator på behov

Tabellen nedanfor gjev oversyn over folketalet i Hyllestad, i absolutte tal, dei siste 10 åra fram til 2013

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Folketal (netto)	1537	1557	1526	1502	1492	1505	1474	1502	1483	1461	1428

Tabell 4: Folketalsutvikling i Hyllestad perioden 2003-2013. Netttotal. Kjelde: SSB

Fakta:

Tabellen over syner at folketalsutviklinga dei siste 10 åra har vore relativt uendra, likevel med ein **konstant folketalsnedgang dei tre siste åra, til 1428 (pr. januar) i 2013**.

Tabellen nedanfor er ei befolkningsframskriving for Hyllestad, frå no og fram til år 2040 (med middels nasjonal vekst – MMMM), fordelt på ulike aldersgrupper.

	2012	2015	2020	2025	2030	2040
	Folketal					
0-5 år	63	60	63	75	82	64
6-12 år	138	105	74	74	85	92
13-15 år	60	67	40	31	33	42
16-19 år	80	72	81	47	37	49
20-44 år	393	384	367	356	328	270
45-66 år	436	431	451	461	459	391
67-79 år	196	231	240	225	204	254
80 år+	95	92	101	126	150	150

Tabell 5: Estimert folketalsutvikling i Hyllestad for perioden 2012- 2040. Absolutte tal. Kjelde: SSB


Fakta:

Tabellen over syner at særleg i **aldersgruppa 67-79 år og 80 år og eldre – altså dei gamle – vil folketalet gjennomgåande auke fram mot 2040**, medan folketalet i dei yngste aldersgruppene, ungdomsgruppene og i yrkesaktiv alder, vil minke. Særleg veksten i talet på eldre over 80 år etter 2020 er det verdt å merkje seg. Begge aldersgruppene ligg godt over landssnittet (tala for dette er ikkje med i tabellen).

Det samla **folketal i kommunen vil derimot minke i perioden frå 2012-2040**, til forventa 1312 innbyggjarar i 2040 – mot 1428 innbyggjarar i januar 2013.

7.1.4 Registrerte bistandsbehov gjennom Iplos

Gjennom Iplos kan kommunen sine vurderingar av behov dokumenterast, gjennom registrering av bistandsbehov *hå den enkelte tenestemottakar*. Dei komande figurane gjev ikkje informasjon om det samla bistandsbehovet i befolkninga, men om behovet hjå den delen av befolkninga som er *registrerte brukarar* av pleie- og omsorgstenester i kommunen, basert på vurderinga som er gjort av kvar einskild brukar (Iplos-skår).



Figur 4: Figuren syner korleis samtlige tenestemottakarar fordeler seg på ulike typar registrert bistandsbehov

Figuren over syner fordelinga av bistandsbehov hos mottakarar av tenester, kommunane mellom.

Fakta:

Landssnittet for fordelinga av bistandsbehov syner at det er størst del brukarar med noko/avgrensa pleiebehov (44,2 %). Den nest største gruppa i landssnittet er brukarar med middels bistandsbehov (32,1%). Andelen brukarar med omfattande bistandsbehov på landssnittet utgjer den minste gruppa (23,7 %).

Hyllestad si fordeling på bistandsbehov brukarane imellom i 2012 følgjer den overordna lands- og fylkestrenden. Likevel har **Hyllestad fleire tenestemottakarar i gruppe brukarar med noko/avgrensa behov (49,3%) enn alle dei andre samanlikna kommunane og landssnittet (44,2 %)** – slik at andelen brukarar med middels og omfattande bistandsbehov i Hyllestad er mindre enn både landssnittet og dei andre direkte samanlikna kommunane.

Tidsserie 2010-2012

Hyllestad har i perioden 2010- 2012 hatt ein prosentvis *auke* både i *andelen brukarar med noko/avgrensa bistandsbehov* og *andelen brukarar med omfattande bistandsbehov* – og har hatt ein *nedgang* i talet på brukarar med middels bistandsbehov.

7.1.5 Vurdering – Behov for tenester (jf. del 7.1 ff)

Folketal, folketalsutvikling og alderssamansetjinga i befolkninga gjev viktig kunnskap ved planlegging av yting av pleie- og omsorgstenester. Hovudgruppa av mottakarar av pleie- og omsorgstenester er eldre, dvs. innbyggjarar 67 år og over, og det er såleis interessant å sjå korleis Hyllestad plasserer seg her. Like eins, framskriving av befolkning i ulike aldersgrupper gjev viktig kunnskap ved planlegging av pleie- og omsorgstenester, og då er det også viktig å sjå på ulike aldersgrupper blant eldre:

Hyllestad kommune er i 2012 den kommunen av dei samanlikna med ***størst andel eldre innbyggjarar over 67 år***. *Andelen innbyggjarar 67-79 år har auka* med kring 2 % i tidsrommet 2010-2013.

Samla folketal i kommunen dei siste 10 åra har vore relativt stabilt, har dei vore minkande dei siste tre åra – med eit folketal på 1483 innbyggjarar pr. januar 2013.

Sjølv om tala syner at det samla folketalet i kommunen er forventa at vil minke fram mot 2040, så er det forventa at i ***aldersgruppa 67-79 år og 80 år og eldre – altså dei gamle – så vil folketalet gjennomgåande auke fram mot 2040***. Den *relative* alderssamansetjinga innanfor samla folketal vil ha mykje å seie, då talet eldre allment korresponderer med auka pleie- og omsorgsbehov.

Det at den relative delen eldre aukar sterkt i høve til utviklinga i landet elles, vil kunne ha innverknad på ressursprioriteringa i kommunen. Talet på eldre over 80 år er eit viktig utgangspunkt for behovet for plassar i sjukeheim eller bustadar med heildøgns pleie- og omsorg – og for den generelle bemanninga i omsorgstenestene.

Kva behovsprofil har så Hyllestad; har dei avgrensa eller store behov?. Dette vil kunne ha konsekvensar for dimensjoneringa av og kostnader ved hjelpetilbodet:

Hyllestad har fleire ***tenestemottakarar i med noko/avgrensa behov (49,3%) enn alle dei andre samanlikna*** kommunane og landssnittet (44,2 %) – slik at andelen brukarar med middels og omfattande bistandsbehov i Hyllestad er *mindre* enn dei andre direkte samanlikna kommunane og landssnittet. Ein tendens har likevel vore ein prosentvis ***auke i andelen brukarar med omfattande bistandsbehov*** dei siste 3 åra fram til 2012. Ut frå denne behovsprofilen så skal ikkje Hyllestad ha større utgifter til PLO enn landssnittet elles.

Figurane/tabellane over knytt til BEHOV i Hyllestad kommune, gjev interessante opplysningar for vidare refleksjon:


- Kva har det seg at Hyllestad har fleire tenestemottakarar i gruppene med noko/avgrensa tenestebehov enn dei samanlikna kommunane og landssnittet – men likevel har høgare samla utgifter til PLO (jf. seinare) enn kartlagt avgrensa bistandsbehov hjå sine tenestemottakarar ?
- Hyllestad er i dag den kommunen av dei samanlikna med fleste eldre innbyggjarar, 67 år og eldre. Andelen eldre i Hyllestad er dessutan forventa at vil auke fram til 2040 (jf. tabell 5); både i aldersgruppa 70-79 år og i gruppa 80 år + . Dette vil gje auka press på Pleie- og omsorgstenestene: Kva konsekvensar har dette og kva grep har kommunen planlagt for å møte den auka mengda eldre innbyggjarar med potensielt aukande ressursbehov?

7.2 Ressursbruk/prioritering


Ressursbruk/prioriteringsindikatorar vert rekna ut ved å fordele utgifter til ei teneste på tal innbyggjarar som er i målgruppa for tenesta.

I SSB blir desse indikatorane kalla for *prioriteringsindikatorar*, sjølv om det i praksis vil vere slik at utgiftsnivået på tenester både heng saman med korleis ein prioriterer og samla inntektsnivå.

7.2.1 Pleie- og omsorgstenestene samla



Figur 5: Figuren over syner kommunen sine samla netto driftsutgifter til pleie- og omsorgstenester - fordelt på kommunen sine innbyggjarar over 67 år



Figur 6: Figuren over syner korleis nettoutgifter pr innbyggjar 67 år og eldre er, fordelt på funksjonane aktivisering, institusjonstenester og heimetenester

Figurane over (figur 5 og 6) syner kommunen sine samla netto driftsutgifter til pleie- og omsorgstenester – fordelt på alle kommunen sine innbyggjarar over 67 år. Ein prioriteringsindikator fortel ikkje noko om *kven* eller *kor mange* som mottek tenester, eller *kor mykje* kvar einskild brukar mottek. Det er berre eit gjennomsnittstal for kostnader per innbyggjar – i målgruppa.

Ved bruk av Kostra-tal åleine, kan vi ikkje skilje mellom tenester til innbyggjarar i ulike aldersgrupper. Innbyggjarar *under* 67 år representerer ein vesentleg del av behovet/utgiftsnivået: Nasjonalt vert om lag 60 % av timevedtaka i heimetenesta brukt til brukarar under 67 år. Samtidig er 88 % av bebuarane på institusjon 67 år og over (kjelde: KS Rettleiarnettverket).

Dette inneber at for begge deltenestene innan PLO samla er det meir riktig å bruke indikator for 67 år og over enn 80 år +. KS seier at denne indikatoren er den beste illustrasjonen på kommunen si prioritering: Ved å fordele netto driftsutgifter berre på innbyggjarar over 67 år, korrigerer indikatoren for ulikskapar i utgiftsbehov som skuldast ulikt tal eldre i kommunen, og dermed blir utgiftsnivået meir samanliknbart mellom kommunar.

Fakta:


Figur 5 over syner at Hyllestad i 2012 har ***høgast netto driftsutgifter til PLO samla, pr. innbyggjar 67 år og over pr. år*** - kr 119621, både målt mot landssnittet (kr 110907) og mot dei dei direkte samanlikna kommunane.

Figur 6 syner dei same overordna tala, men her er tala brote ned på *funksjonar*. Då trer eit særmerkt fenomen fram, nemleg at i 2012 er ***netto driftsutgifter til institusjonstenester pr. innbyggjar 67 år og eldre er mykje høgare i Hyllestad*** (saman med Solund), enn for alle dei andre samanlikna kommunane – på kr 70 098, mot eit landssnitt på kr 50352.

Dette har som følge at netto driftsutgifter til *heimetenester* pr. innbyggjar over 67 år i Hyllestad er tilsvarende *lågare* i 2012 (kr 43422) enn landssnittet (kr 54788) og dei andre direkte samanlikna kommunane.

Tidsserie 2010-2012:

Tidsserien over syner at **netto driftsutgifter til PLO** (fordelt på innbyggjarar 67 år og over) – har vore oppåtgåande, men ***har dei to siste åra likevel stabilisert seg på kring kr 120 000 pr. år.***



Figur 7: Figuren over syner fordelinga av kommune sine netto driftsutgifter til pleie- og omsorgstenester – fordelt på Kostra-funksjonar

Figuren over seier *ikkje* noko om nivået på pengane som blir brukt – prioritering av tenester – men *på det innbyrdes forholdet mellom tenestene innan PLO*; kor stor del av utgiftene som høvesvis går til institusjon, heimetenester og aktivisering.

Fakta:

Figuren over (figur 7) syner at i 2012 så var gjennomsnitt for landet og for fylket at det blei brukt *minst* pengar til Aktivisering (f 234), *meir* pengar til Tenester til institusjonar (f 253+261) og *mest* pengar til Tenester for heimebuande (f 254).

Denne trenden held seg derimot ikkje for Hyllestad – og heller ikkje for dei direkte samanlikna kommunane i same kommunegruppe. Hyllestad brukar i 2012 **mest pengar på funksjonen Tenester til institusjoner, (58,6% – mot eit landssnitt på 45,4%)**. Hyllestad brukte *mindre* på Tenester til heimebuande (36,3%) enn det dei samanlikna kommunane, same kommunegruppe, fylket og landet sett under eitt (49,4%) gjorde.

Tidsserie 2010-2012:

Eit trekk for Hyllestad dei tre siste åra fram til 2012, er at **netto driftsutgifter innan PLO på dei ulike Kostra-funksjonane har vore relativt innbyrdes stabile**: Kostra-funksjonen Tenester til institusjonar (f. 254) har ein andel på 56-61% av totalutgiftene til PLO. Tilsvarende ligg kostrafunksjonen Aktivisering, støttetjenester (f 234) sin andel frå 2,6-5% - medan heimetenester sin andelen av netto driftsutgifter til PLO dei siste tre åra har lege mellom 36-38%.

7.2.2 Vurdering Ressursbruk/Prioritering – heile PLO (jf. 7.2 ff)

Målgruppe for kommunale pleie- og omsorgstenester er alle innbyggjarane, men hovuddelen er *eldre*. Samtidig veit vi at *heimebuande* under 67 år som får PLO-tenester som regel er ressurskrevjande brukarar, og kan i stort mon påverke kommunen sitt utgiftsnivå til heimetenester, og dermed også kommunen sine samla utgifter på pleie- og omsorgstenester.

Gjennomgangen over syner at Hyllestad er ein ”raus kommune” – med omsyn til kor mykje midlar kommunen nyttar til PLO. Hyllestad har **høgast netto driftsutgifter til PLO samla, pr. innbyggjar 67 år og over pr. år** (kr 119621), både målt mot landet (kr 110907) og dei direkte samanlikna kommunane, men dei er under snittet for Sogn og Fjordane og kommunegruppa. Dette inneber, i praksis, at anten er det mange av dei gamle i Hyllestad som mottok Pleie- og omsorgstenester, eller at dei som får tenester, får eit omfangsrikt tilbod.

Samtidig syner tala (figur 7) med tydelegheit at driftsutgiftene til PLO-tenester fordelt på innbyggjarar over 67 år, særleg går på funksjonen **Tenester til institusjoner** (58,6% – mot eit landssnitt på 45,4%), og *mindre* til **Tenester til heimebuande** (36,3%) enn det dei samanlikna kommunane, same kommunegruppe, fylket og landet sett under eitt (49,4%). Hyllestad bryt såleis med den overordna trenden – til liks med dei direkte samanlikna kommunane i same kommunegruppe – på at det blir brukt *minst* pengar til Aktivisering (f 234), *meir* pengar til Tenester til institusjonar (f 253+261) og *mest* pengar til Tenester for heimebuande (f 254).

Men sjølv om netto driftsutgifter til PLO pr. innbyggjar 67 år + har auka i Hyllestad dei siste tre åra (jf. figur 5) – så har den relative vektinga av pengebruken i PLO internt i same tidsrom vore stabil: Mest pengar i PLO i Hyllestad går i heile perioden til institusjonstenester.

I «Tenesteanalysen for Pleie- og omsorgstenesta i Hyllestad kommune i 2010» (s 6-7), blir den tunge vektinga av institusjonstenestene knytt til driftsutgifter omtalt også då:

«Hyllestad kommune ligg litt over landsgjennomsnittet når det gjeld netto driftsutgifter pr. innbyggjar over 67 år...Institusjonstenesta er høgare prioritert enn heimetenestene. Det låg

ei klår politisk prioritering til grunn for dette då ein satsa på utbygginga av Hyllestad omsorgssenter Eiklund. Institusjonstenesta utgjer heile 64% av netto driftsutgifter i tenesta, mens heimetenestene utgjer 34%....»

Det at Hyllestad kommune, relativt sett, brukar mest pengar innan PLO på funksjonen *Tenester til institusjonar*, og langt meir pengar til denne funksjonen enn dei kommunane den er samanlikna med, og at nivået har vore stabilt høgt dei siste tre åra (kring 56-61%), kan tyde på at **Hyllestad kan kallast ein "institusjonsorientert" kommune**. Dette, i motsetnad til såkalla "*heimetenesteorienterte*" kommunar der det relativt sett blir nytta meir pengar til heimetenester enn til institusjonsbuande. Utdraget frå Tenesteanalysen gjort i Hyllestad i 2010, stadfestar også at kommunen har gjort ei medvita prioritering mot institusjonstenester.

I ein – etter kvart noko eldre – rapport⁷ (2005) skil ein nettopp mellom såkalla *institusjonsorienterte* og *heimetenesteorienterte* kommunar; der definerer ein dei to typene kommunar ut frå *den relative fordelinga* av brukarar på høvesvis institusjons- og heimetenester. I rapporten heiter det om karakteristika ved dei to typene kommunar (s. 4):

"Enkle sammenlikninger av gjennomsnittsverdiene for de to typer kommuner viser at hjemmetjenesteorienterte kommuner har lavt kommunalt inntektsnivå, mer konsentrert bosetting, flere innbyggere, en lavere andel eldre i befolkningen, en høyere andel yngre brukere (under 67 år) og en lavere andel eldre brukere (80 år og over). Det er liten forskjell mellom de to kommunetyper når det gjelder andelen psykisk utviklingshemmede i befolkningen."

I den nemnde rapporten er Hyllestad ikkje teke med i oppsettet over anten heimeteneste- eller institusjonsbaserte kommunar på dette tidspunktet (i 2005, som altså er fleire år før åra analysen vår er gjort for). Det kunne likevel vere interessant å vurdere påstanden vår om det er naturleg å sjå Hyllestad som ein institusjonsbasert kommune, opp mot nokre av konklusjonane i 2005-rapporten knytt til karakteristika ved det motsette, heimetenesteorienterte kommunar. Tida tillèt likevel ikkje at vi her gjer ein djupare analyse av dei faktiske funna i revisjonsrapporten opp mot konklusjonane henta frå 2005-rapporten tatt inn nedanfor, men dei er etter revisjonen sitt syn så interessante at dei kan danne grunnlag for at Hyllestad kommune gjer eigne vurderingar av desse tilhøva.

Av funn/konklusjonar i rapporten (2005) knytt til karakteristika ved heimetenesteorienterte vs. institusjonsorienterte kommunar tar vi med:

- ✓ Sammenlikning av gjennomsnittsverdiene for de to typer kommuner viser at hjemmetjenesteorienterte kommuner har lavere ressursinnsats per innbygger og per innbygger 67 år og over, mens det er liten forskjell mellom de to kommunetypene når det gjelder ressursbruk per innbygger 80 år og over. At forskjellen i ressursbruk mellom de to typer kommuner blir mindre når ressursbruken relateres til den eldste aldersgruppen, har sammenheng med at de institusjonsorienterte har en høyere andel eldre 80 år og over. (s 4)
- ✓ Analysene indikerer at høy institusjonsandel går sammen med høy ressursinnsats per innbygger også etter at det er kontrollert for andre forhold. (s 5)
- ✓ Hjemmetjenesteorienterte kommuner har høyere dekningsgrader enn institusjonsorienterte kommuner, og forskjellen er størst for den eldste aldersgruppen. (s 5)

⁷ RESSURSBRUK OG TJENESTETILBUD I INSTITUSJONS OG HJEMMETJENESTEORIENTERTE KOMMUNER. Utredning for Helse- og omsorgsdepartementet
Utkast til rapport, 02.03.05


✓ Vi har også foretatt en sammenlikning av kommunenes vurdering av hvorvidt brukerne får tilstrekkelig hjelp i forhold til sine behov. Hjelpen vurderes å være om lag like god i hjemmetjeneste og institusjon. Det er heller ingen særlig forskjell mellom institusjons- og hjemmetjenesteorienterte kommuner.

✓ Hjemmetjenesteorientering (lav institusjonsandel) isolert sett bidrar til lavere ressursbruk og til høyere dekningsgrad i pleie- og omsorgssektoren. Hjemmetjenesteorientering bidrar altså til at flere får et tilbud med mindre bruk av ressurser. Kan vi på bakgrunn av dette konkludere med at hjemmetjenesteorientering er mer effektivt enn institusjonsorientering. Nei, ikke nødvendigvis. Høyere ressursbruk og lavere dekningsgrad kan ha sammenheng med at de institusjonsorienterte kommuner gjennomgående har tyngre brukere og at institusjonsomsorg i større grad er nødvendig for de tyngste brukerne. Tilsvarende kan de hjemmetjenesteorienterte kommuner ha mer funksjonsdyktige brukere og av den grunn høyere dekningsgrad og lavere ressursbruk.

Figurane over, knytt til **Ressursbruk/Prioritering for heile PLO** i Hyllestad kommune (jf. del 7.2 ff.), gjev interessante opplysningar for vidare refleksjon i kommunen:

- I Hyllestad er netto driftsutgifter pr. innbyggjar 67 år + til institusjonstenester mykje høgare enn for andre samanlikna kommunar. Også om ein ser på fordelinga på funksjonane internt i PLO, utgjer Tenester til *institusjonstenester* ein svært stor del av netto driftsutgifter innan PLO i høve til det utgiftene til heimetenester gjer.
 - Ynskjer kommunen halde på dette høge utgiftsnivået pr. innbyggjar til PLO?
 - Er tenester til institusjonstenester sin relative del av netto driftsutgifter innan PLO fornuftig?
 - Er denne ressursfordelinga eit resultat av eit medvite val?
- I kva grad vil Hyllestad kommune definere seg som ein *institusjonsorientert* kommune, gitt opplysninga frå 2005-rapporten om kva som karakteriserer heimeteneste- og institusjonsorienterte kommunar?

7.2.3 Heimetenester



Figur 8: Figuren over syner kommunane sine netto driftsutgifter til heimetenester i kroner, fordelt på alle innbyggjarar i kommunen.

Figuren over syner kommunen sine samla netto driftsutgifter til heimetenester, fordelt på alle innbyggjarane i kommunen. Når ein ser på ressursbruk til heimetenester, kan det kan vere fornuftig å sjå dette i forhold til *alle innbyggjarane* i kommunen, av di brukarar av heimetenester fordeler seg noko meir breitt aldersmessig enn brukarar av institusjonstenester, slik at dette truleg gjev eit meir riktig bilete av korleis prioriteringa er. Merk at figuren berre syner gjennomsnitt kr pr. innbyggjar – og seier ikkje noko om *kor mange* innbyggjarar som mottek tenester, eller *kor mykje* tenester den enkelte brukar mottek.

Fakta:

Figuren over syner at Hyllestad i 2012 plasserte seg mellom dei eksplisitt samanlikna kommunane kva netto driftsutgiftene til heimetenester i kroner pr. innbyggjar, vedkjem (kr 11326) – Solund nytta minst, kr 8735 pr. innbyggjar til heimetenesta. Askvoll, som sorterer til ei anna kommunegruppe – nytta aller mest til heimetenestene (kr 15851)

Tidsserie 2010-2012:


Netto driftsutgifter til heimetenester pr. innbyggjar har auka i Hyllestad dei siste tre åra – frå kring kr 9900 i 2010 til kr 11300 i 2012.

7.2.4 Vurdering Heimetenester

Vi har tidlegare sett att Tenester til *Institusjonstenester* (f 254+ 261) utgjorde den største andelen av netto driftsutgifter i PLO samla i Hyllestad i 2012, kring 59 % , jf. figur 7.

Denne tendensen speglar seg att også når ein ser på **netto driftsutgifter til heimetenestene i Hyllestad i 2012 (36,3%) som er lågare** enn både for kommunegruppa, fylket og landssnittet (49,4 %) – og har halde seg relativt stabilt i perioden 2010-2012, jf. figur 7. Derfor kan ein truleg seie at det er dei nøkterne utgiftene på heimetenester i Hyllestad som sponsar dei høge institusjonsutgiftene, og som gjer at kommunen likevel berre har eit utgiftsnivå for PLO samla litt over landssnittet (jf. figur 5).

7.2.5 Institusjonstenester



Figur 9: Figuren over syner netto driftsutgifter til institusjonstenester, kr pr innbyggjar over 80 år

For å illustrere kommunen si prioritering av institusjonstenester, er *netto* driftsutgift til institusjon (F253 og F261) nytta, av di dette talet synleggjer kommunen sine utgifter etter at eigenbetalingar, refusjonar, tilskot mv er trekt frå. Viktig er det å merkje seg at figuren over ikkje seier noko om *kostnadsnivå* på drift av institusjonsplassar eller om *kapasiteten* er tilfredstillande.

Vi har sagt at målgruppa for institusjonsplassar er *innbyggjarar over 80 år*, av di desse utgjer hovudtyngda av bebruarane på institusjon. Indikator for prioritering av institusjonstenester er berekna ved å fordele sum netto driftsutgifter til institusjon på alle innbyggjarar over 80 år i kommunen.

Fakta:

Vi ser at Hyllestad i 2012, relativt sett, **ligg i øvste skåra blant dei direkte samanlikna kommunane på netto driftsutgifter til institusjonstenester pr. innbyggjar over 80 år** (kr 14637). Solund har høgast netto driftsutgifter til institusjonstenestene, kr 16413 og Bremanger med kr 12816.

Tidsserie 2010-2012:


Netto driftsutgifter til institusjonstenester pr. innbyggjar har auka jamt i Hyllestad dei siste tre åra, frå kring kr 13 300 i 2010 til 14600 i 2012.

7.2.6 Vurdering Institusjonstenester

Figur 8 og figur 9 kan sjåast i lys av kvarandre. Ein allmenn tendens er at om ein kommune ligg *høgt* på netto driftsutgifter i heimetenester, så ligg ein gjerne *lågt* på netto driftsutgifter til institusjon. Og omvendt: Ligg ein høgt på institusjon, så ligg ein lågt på heimetenester.

Tala for Hyllestad korresponderer med ein slik allmenn tendens; kommunen ligg høgt på netto driftsutgifter pr. innbyggjar til institusjonstenester, og tilsvarende lågt på netto driftsutgifter pr. innbyggjar til heimetenester.

7.2.7 Aktivisering og støttetenester



Figur 10: Netto driftsutgifter til aktivisering og servicetenester – kroner pr innbyggjar

Figuren seier ikkje noko om kven som faktisk mottok tenestene, men syner alle utgiftene på funksjon 234 Aktivisering og støttetenester – fordelt på alle *innbyggjarane* i kommunen.

Fakta:

Figuren over syner at av dei eksplisitt samanlikna kommunane i 2012, så nyttar **Hyllestad mest pengar (kr 1575) til aktivisering pr. innbyggjar**, men Askvoll – som er i ei anna kommunegruppe – nyttar endå meir: kr 2920 kroner pr. innbyggjar.

Tidsserie 2010-2012:

Omfanget på brukte midlar til Aktivisering pr. innbyggjar i Hyllestad har dessutan **dobla seg på tre år** – frå kr 715 i 2010 til kr 1575 i 2012

7.2.8 Vurdering Aktivisering og støttetenester

Aktivisering og støttetenester (funksjon 234) utgjer ein liten andel av ressursane. Likevel inneheld dei tenester som mange brukarar og pårørande opplever som viktige, mellom anna ved å bidra til trivnad og meistring i kvardagen. Figuren over, samanstillt med figur 6, syner at Hyllestad ligg mykje godt på landssnittet i 2012 på nivået for Aktivisering og støttetenester.

Figurane over, knytt til **Aktivisering og støttetenester** i Hyllestad kommune gjev interessante opplysningar for vidare refleksjon i kommunen:

- Omfanget på brukte midlar til Aktivisering pr. innbyggjar i Hyllestad har **dobla seg på tre år** – frå kr 715 i 2010 til kr 1575 i 2012. Er dette ein faktisk og medviten auke, eller kan det skuldast endra/meir rett rapportering i KOSTRA?

7.3 Dekningsgrad

Kommunen sine samla utgifter kjem til syne som eit produkt av *kor mange* som mottek tenester og *kor mykje teneste* kvar einskild får. Ved analyse av Pleie- og omsorgstenester må indikatorar for *einheitskostnad/prioritering* difor sjåast i samanheng med *dekningsgrad* – både for heimetenesta og institusjonstenester.

Eksempel: Ein kommune med ein høg institusjonsdekning har føresetnader for at fleire av dei pleietrengande får bur i institusjon, og på denne måten kan ressursinnsats i heimetenesta reduserast. På den andre sida kan ein kommune med ”for høg” institusjonsdekning risikere å ha bebuarar på institusjon som like gjerne kunne ha budd i eigen bustad og motteke rimelegare tenester.

I denne delen av rapporten skal vi sjå på dekningsgrad og samansetjing av tenesteilbodet

Dekningsgrad er eit mål på kor stor del av målgruppa (%) som mottek tenester, og blir berekna ved å ta talet brukarar av tenesta og dele på talet personar i målgruppa.

Prinsipielt skal dekningsgrad seie noko om i kor stor grad *behovet* for ei bestemt teneste er dekt. Det finst ikkje ein statistisk eintydig definisjon av behov (jf. tidlegare); ein måte å løyse dette på er å sansyneleggjere behovet; t.d. er aldersgruppa 80 år + målgruppe for institusjon.


I KOSTRA blir *bruksratar* gjennomgåande nytta som indikator for dekningsgrad.

Nøkkeltal for dekningsgrad kan brukast til å vise (samanlikne) kapasitet på tilbodet, og til å synleggjere kven som mottek tenester. Særleg for eldre brukarar er det viktig å sjå dekningsgrad *heimetenester* i samanheng med dekningsgrad *institusjonstenester*.

På landsbasis er det 2,0 % av innbyggjarane som mottok heimetenester – medan heile 34,6 % av innbyggjarane over 80 år mottok heimetenester.

Eksempel: Indikatoren ”Antall omsorgsboliger pr. 1000 innbyggere” er eit nøkkeltal som synleggjer kapasitet, og gjer det mogeleg å samanlikne mellom kommunar. Indikatoren ”Aldersfordeling av beboere i omsorgsbolig” synleggjer kven som faktisk mottok tenester; dvs. reell dekningsgrad.

7.3.1 Pleie- og omsorgstenesta samla



Figur 11: Figuren seier noko om kva ”tenesteprofil” kommunen har på PLO-tenester – dvs dekningsgrad – for innbyggjarar i aldersgruppa 80 år og eldre.

Fakta:

Figur 11 over syner at i Hyllestad i 2012 blir 50% av innbyggjarane i aldersgruppa 80 år og eldre ytt PLO-tenester av eit eller anna slag til; det er såleis tilsvarende 50,0% som ikkje mottok slike tenester (mot eit landssnitt på 52,2 %). Det er såleis **noko fleire (2,2%) innbyggjarar på 80 år og eldre som mottok PLO-tenester i Hyllestad enn på landsbasis.**

Vidare utmerker Hyllestad seg ved å ha lågast dekningsgrad (0,0%) på brukarar som bur i omsorgsbustad med heildøgns bemanning (landssnitt 4,1%): Vidare, har Hyllestad *høgast* dekningsgrad på institusjon for innbyggjarar 80 år og eldre (18,9%) av dei samanlikna kommunane (meir om dette i del 7.3.5) og *midt i mellom* (31,1%) dei samanlikna kommunane på yting av heimetenester i eigen bustad (meir om dette i del 7.3.3)

I «Tenesteanalysen for Pleie- og omsorgstenesta i Hyllestad kommune i 2010» (s 7), blir dekningsgraden omtalt slik:

«Hyllestad har høg dekningsgrad når det gjeld institusjonstenester...Bufellesskapen har i prinsippet ikkje heildøgns omsorg. Relativt høg dekningsgrad samsvarar med den høge prioriteringa. Sjølv om heimetenestene er lågt prioritert, er dekningsgraden relativt høg.»

Tidsserie 2010-2012:

I Hyllestad har delen innbyggjarar 80 år og eldre som mottar noko form for PLO-tenester, vore minkande dei siste tre åra; 50% i 2012 mot 56,1% i 2010. Det er tenestetilbodet *heimetenester* i eigen bustad som har minka mest i tidsperioden; kring 7% færre av innbyggjarane i denne aldersgruppa mottar heimetenester i 2012.

7.3.2 Vurdering dekningsgrad - for PLO sett under eitt

Årsaker til variasjon i dekningsgrad kan allment vere m.a.:

- Behov vil variere over tid mellom kommunar
- Ulik praksis for tildeling av hjelpetenester
- Talet innbyggjarar i målgruppa aukar utan at tenestevolumet aukar
- Ulike inntekter mellom kommunane

Hyllestad er ein "raus" kommune med omsyn til dekningsgraden på Pleie- og omsorgstenester; vi ser nemleg at Hyllestad i 2012 har den høgaste dekningsgraden av dei samanlikna kommunane når det gjeld *tildeling av PLO-tenester* i aldersgruppa 80 år og over; 50,0% av innbyggjarane i denne aldersgruppa mottok slike tenester. Dette er 2,2 prosentpoeng høgare enn yting av PLO-tenester for landet under eitt. Likevel ser vi ei endring dei siste tre åra; då stadig *færre* i denne aldersgruppa mottar kommunale PLO-tenester i 2012 enn i 2010, og det er tenestetilbodet *heimetenester* i eigen bustad som gjer til dette ved å ha minka i tidsperioden (nedgang på 6 %).

Vi har tidlegare i rapporten vist at Hyllestad i dag har etter måten *mange* gamle menneske, både i aldersgruppa 67-79 år, og i aldersgruppa 80 år + (jf. figur 3) – og at talet eldre i Hyllestad berre vil auke i åra fram mot 2040 i baa aldersgruppene (tabell 5). Det at Hyllestad greier å ha høg dekningsgrad på PLO-tenester, samtidig som kommunen har mange eldre, er svært positivt, sett frå brukarane sin ståstad. Det er likevel viktig å presisere at dekningsgrad ikkje seier noko om *kor mykje* den einskilde får, men berre kor stor del av målgruppa som får PLO-tenester.

Hyllestad kommune er vidare heller *styrande på kva type PLO-tilbod som blir gjeve* i høve til dei samanlikna kommunane – om det er heimetenester, institusjonstenester eller omsorgsbustad. I Hyllestad er stikkordet «Institusjon»:


Figurane over, knytt til dekningsgrad for PLO **sett under eitt** i Hyllestad kommune, gjev interessante opplysningar for vidare refleksjon:

- Er høg samla dekningsgrad på PLO-tenester for innbyggjarar i aldersgruppa 80 år eller eldre (2,2 % over landssnitt) eit uttrykk for ei medvita prioritering frå kommunen si side?
- Korleis trur ein at eit tilbod om omsorgsbustad med heildøgns bemanning og redusert institusjonstilbod vil slå ut på kostnadsbiletet for PLO-tenester?

I det følgjande differensierer vi og vurderer dekningsgrad på *deltenestene* innan PLO – først på heimetenester så på institusjonstenester.

7.3.3 Heimetenester:

I figuren nedanfor har vi avgrensa yting av kommunale PLO-tenester til å gjelde dekningsgrad for *heimetenester*, slik dei fordeler seg på ulike aldersgrupper.



Figur 12: Andel innbyggjarar – i ulike aldersgrupper - som mottok heimetenester.


Fakta:

Figuren over syner for det første at dekningsgraden for yting av heimetenester allment aukar med *aukande alder* i befolkninga; dvs. det er flest innbyggjarar i aldersgruppa 80 år og eldre som mottok heimetenester – så også i Hyllestad kommune.

Vidare er Hyllestad den kommunen med *lågst dekningsgrad på yting av heimetenester for innbyggjarar i alle tre aldersgruppene* – både samanlikna mot enkeltkommunar og aggregerte snitt: Andelen innbyggjarar som mottok Heimetenester i den eldste aldersgruppa i Hyllestad, 80 år + er 31,1 % (landssnitt 34,0%). Andelen innbyggjarar som mottar Heimetenester i aldersgruppa 67-79 år er 5,3% (landssnitt: 7,4%) og andelen innbyggjarar som mottok heimetenester i aldersgruppa 0-66 år er 1,2 (mot landssnitt 2,0%).

Tidsserie 2010-2012:

Vi ser av figuren over at *andelen innbyggjarar som mottok heimetenester i Hyllestad i perioden 2010-2012 har vore minkande* i alle tre aldersgruppe-kategoriane.



Figur 13: Mottakarar av heimetenester, aldersfordelt (i prosent)

Figuren over syner korleis aldersfordelinga er i ulike grupper – avgrensa til den delen av befolkninga som *faktisk mottok* heimetenester⁸, og skil seg slik frå førre figur som omtalte bruk av heimetenester slik den fordeler seg i *befolkninga*, dvs. pr. innbyggjar.

⁸ Med heimetenester i heimen meiner ein følgjande tenester i IPLOS: Praktisk bistand: daglege gjeremål, Praktisk bistand - opplæring: daglege gjeremål, Praktisk bistand: brukarstyrt personlig assistent, Avlastning - utanfor institusjon, Omsorgslønn, Pleie og omsorg utanfor institusjon (heimesjukepleie).


Figuren over syner at heimetenester er ei meir nyansert teneste enn "tenester til eldre" - ein er ikkje nødvendigvis gamal for å ta imot heimeteneste.

Fakta:

For Hyllestad ser vi at det i 2012 er flest mottakarar av heimetenester i den *eldste* aldersgruppa, 80 år og eldre (52,8 %) – ein trend som også held seg i dei samanlikna kommunane. Men figuren syner òg at andelen i den *yngste* aldersgruppa, 0-66 år, som mottok heimetenester i Hyllestad er større (26,4 %) enn i den *midlare* aldersgruppa (67-79 år), der talet er 20,8 % - også det følgjer trenden mellom dei samanlikna kommunane.

Tidsserie 2010-2012:

Tidsserien syner at aldersfordelinga på ulike grupper heimetenestemottakarar i Hyllestad har vore så og seie stabil dei tre samanlikna åra.



Figur 14: Andel heimetenestemottakarar med omfattande bistandsbehov

Figuren over fortel noko om *kor stor del* heimetenestemottakarar⁹ som har "omfattande" bistandsbehov – men det seier altså ikkje noko om *kor mykje* teneste som faktisk er tildelt.

Fakta:

Figuren over syner at det varierer kor stor andel av mottakarane av heimetenester som har omfattande bistandsbehov. Det vantar tal i tabellen, så siste året det er tal for i Hyllestad, er i 2011. **Hyllestad er den kommunen av dei direkte samanlikna kommunane med lågast nivå (9,4%) for heimetenestemottakarar med registrert omfattande bistandsbehov.** Dei andre kommunane det er tal for i 2012: Solund har høgast registrert andel (30,4%) heimetenestemottakarar med omfattande bistandsbehov – Bremanger 18,4 og Askvoll 17,4%

⁹ Heimetenester inkluderer tenestetypene 1,2,3,7,11,15, dvs: Praktisk bistand - daglige gjeremål, Praktisk bistand - opplæring - daglege gjeremål, Praktisk bistand - brukarstyrt - personlig assistanse, Avlastning - utanfor institusjon/bustad, Omsorgslønn, Heimesjukepleie

7.3.4 Vurdering dekningsgrad – Heimetenester

Hyllestad har **lågast dekningsgrad på yting av heimetenester for innbyggjarar i alle tre aldersgruppene 0-66 år, 67-79 år og 80 år +**, både samanlikna mot enkeltkommunar og aggregert snitt:

Eit interessant element knytt til dekningsgrad på heimetenester er nettopp alder og aldersfordeling: Det er i så måte interessant (i figur 12), at sjølv om materialet syner at andelen *innbyggjarar* som mottak heimetenester i aldersgruppa 0-66 år er lita (1,2%) – så utgjer same aldersgruppa ikkje mindre enn 26% av alle *mottakarane* av heimetenester i Hyllestad (jf. figur 13). Den yngste gruppa heimetenestemottakarar er såleis meir omfangsrik enn den midlare aldersgruppa heimetenestemottakarar (67-79 år) som berre utgjer 20% av alle heimetenestemottakarar.

KS – effektiviseringsnettverka, seier dette om aldersgruppa 67-79 år og mottak av PLO-tenester:

"KS vil påpeke at andel 67-79 år som mottar tjenerer er svært interessant å se nærmere på, fordi dette er en aldersgruppe som gjerne er i "Inngangsfasen" av kommunale tjenester, og dette er et segment hvor diskusjoner om terskler og standarder kan gi stor effekt. Særlig mtp økningen i andel og antall eldre innbyggere vil det være viktig å ha en bevisst og politisk forankret praksis på kva som er riktig terskel for når kommunen starter å gi tenester til eldre".

Altså: Også etter måten unge heimetenestemottakarar er ei relativt omfangsrik gruppe mellom dei som faktisk mottak heimetenester. Gruppa **heimetenestemottakarar definert til å ha omfattande bistandsbehov i Hyllestad er likevel lågast i samanlikninga** (men her opererer ein altså med 2011-tal for Hyllestad og 2012-tal for dei andre samanlikna kommunane) – og dette er, relativt sett, ei dyr gruppe å yte tenester for.

Låg dekningsgrad på heimetenester, m.a. at kommunen ikkje har heildøgnsstilbod i heimetenesta i Hyllestad, kan såleis medføre at fleire av tenestemottakarane som ordinært ville ha motteke heimetenester, i staden får hjelp gjennom det, isolert sett, dyrare tiltaket institusjonsbaserte tenester, då tilbod om omsorgsbustad med heildøgns bemanning ikkje er utbygd i det heile i Hyllestad.

I *Tenesteanalysen for Pleie- og omsorgstenesta i Hyllestad kommune i 2010* (s. 9), heiter det om forholdet mellom heimetenester og institusjonstenester:

«Fråværet av heildøgnsstilbod i heimetenesta medfører i enkelte høve til unødvendig innlegging i institusjon – eit heildøgns tilbod i heimetenesta ville vere ein buffer mot overbelegg og generelt press på omsorgssenteret, med følgjer som svekka re-/habilitering, korttids- og avlastningstilbod, høgt stressnivå og sjukefråvær. Terskelen for å få tildelt institusjonsplass blir såleis for låg.

Enkelte kommunar har ein høg terskel for å yte heimetenester, men yter meir tenester ved behov. Den høge dekningsgraden i Hyllestad, men låge prioriteringa, viser at ein strekkjer seg, og gir hjelp til mange. Det tyder på at ein har ein relativt låg terskel for å yte heimetenester. I mange høve vurderer ein det å yte litt hjelp som bra i høve til å få innpass og observere, med det må presiserast at ein er langt meir restriktiv med ressurstildelinga i dag enn då etterspurnaden var mindre.»


Om ein kommune tilbyr PLO-tenester hovudsakleg som heimebaserte- eller institusjonsbaserte tenester – jf. distinksjonen mellom *heimetenesteorienterte vs institusjonsorienterte* kommunar (omtalt i del 7.2.2) – kan også vere eit resultat av økonomiske betraktningar gjennom *politiske val*: Som ein veit er det, isolert sett, rimelegare å tilby heimebaserte tenester enn institusjonstenester innan PLO. Men her spelar m.a. også *geografi* inn, og dermed reiseavstand med bil for tenesteytarane: I ein geografisk langstrakt kommune, er det tidkrevjande og kostesamt å rekke ut til alle, og det kan – isolert sett – vere meir *rasjonelt* å tilby institusjonsorienterte tenester enn heimetenester. Men rasjonelt er ikkje det same som *lønsamt*: Når ein i Hyllestad såleis ikkje har heildøgns heimetenesteordning (jf. del 3.2.1) i tidsrommet 22.30-08.00 – så kan dette valet i praksis

«tvinge» ei gruppe innbyggjarar som hadde greidd seg med heildøgns heimetenesteordning, til å bli institusjonsmottakarar, med dei auka kostnadene dette kan medføre. «*Utfordringa blir dermed i kva grad det er mogeleg å vri tilbodet frå institusjon til omsorgsbustader med heildøgns tilbod, innafor dagens økonomiske ramme*» (Tenesteanalysen for Pleie- og omsorgstenesta i Hyllestad kommune i 2010 (s. 10).

Figurane over, knytt til **dekningsgrad på heimetenester** i Hyllestad kommune, gjev interessante opplysningar for vidare refleksjon:

- Kva forklarar at dekningsgraden på heimetenester i Hyllestad har minka i perioden 2010-2012 i alle dei tre aldersgruppene? Er det eit resultat av auka terskel for tildeling av tenester?
- Kva konsekvensar har det for drifta at ein har like mange bebuarar med «omfattande» bistandsbehov som landssnittet, men utan at kommunen har tilbod om omsorgsbustad med heildøgns bemanning?

7.3.5 Institusjonstenester:



Figur 15: Forholdet mellom andel innbyggjarar i institusjon og plassar i institusjon, 80 år og eldre

Dei blå søylene i figuren over syner andelen innbyggjarar som er bebuarar på institusjon¹⁰, 80 år og eldre. Linja i figuren over er ein *kapasitetsindikator* – og viser oss *tilgangen* på institusjonsplassar i kommunen, framstilt i % av innbyggjarar 80 år og eldre.

Fakta:

Figuren over syner at i 2012 har Hyllestad **høgast (18,9%) andel innbyggjarar buande på institusjon i aldersgruppa 80 år og eldre**. Dette er 5 prosentpoeng over landssnittet (13,8%); medan Bremanger hadde 10,7% av innbyggjarar 80 år + buande på institusjon.


Hyllestad er like eins, saman med Solund, den av dei samanlikna kommunane med **den høgaste institusjonsdekninga (24,4%) av innbyggjarar 80 år +** av dei samanlikna kommunane. Landssnittet er på 18,5%.

¹⁰ NB! Buform med heildøgns omsorg er inkludert i søylene (blir rekna som institusjon)

Vi ser av figuren, om vi ser på forholdet mellom linje og søyle, at det for Hyllestad sin del er etter måten godt samsvar mellom kapasitet (24,4 %), institusjonsdekning, og faktisk belegg i institusjon (18,9 %). Altså: At det er lågare faktisk institusjonsbelegg enn det er avsett plassar i aldersgruppa 80 år og eldre.

Tidsserie 2010-2012:

Figuren over syner at delen innbyggjarar 80 år og eldre i Hyllestad som bur på institusjon har vore nokolunde stabilt i perioden, på kring 17-18%. Det er dessutan slik at det i heile perioden har vore slik at det har vore større kapasitet – god dekningsgrad – i høve til faktisk belegg i aldersgruppa 80 år+.



Figur 16: Andel innbyggjarar som er bebuarar på institusjon - aldersfordelt


Figuren over er ei utdjuping av førre figur, ved at den syner andelen innbyggjarar – i ulike aldersgrupper – som faktisk bur på institusjon.

Fakta:

Figuren over syner at i Hyllestad så er de facto ikkje innbyggjarar frå dei to yngste aldersgruppene, 0-66- år og 67-79 år representert på institusjon i det heile: **Berre 80-åringar eller eldre får nyttiggjere seg kommunale institusjonstenester** – men for denne aldersgruppa i større omfang (18,9 %) enn både landssnittet (13,8%) og hjå dei andre samanlikna kommunane.

Tidsserie 2010-2012:

Figuren over syner at delen innbyggjarar 80 år og eldre i Hyllestad som bur på institusjon, har vore nokolunde stabilt i treårs-perioden, på kring 17-18%. Det er dessutan slik at det i heile perioden har vore større kapasitet – god dekningsgrad – i høve til faktisk belegg.



Figur 17: Fordeling av institusjonsplassar på ulike typar opphald

Figuren over viser samansetjinga av institusjonstilbodet som ei prosentvis fordeling av ulike typar plassar – både plassar for korttidsopphald og meir langvarige opphald. Figuren viser differensiering innan tilbodet, men fortel oss altså ikkje noko om kapasiteten på tilbodet eller kven som er bebuarar.

Fakta:

Når det gjeld fordelinga av institusjonsplassar, om ein ser på landssnittet først, så utgjer ”øvrige plasser”, dvs. ordinære institusjonsplassar, den største posten (54,5%) – dinest kjem gruppa plasser til demente i skjerma eining (23,3%). 16,5 % av plassane er til tidsbegrensa opphald; landssnittet for rehabilitering/habilitering er 5,7%.

Den same relative fordelinga mellom typar institusjonsplassar som for landssnittet, går att også i søylene for kommunegruppa og for fylket – og for Hyllestad – men ikkje for alle dei direkte samanlikna kommunane.


Samanliknar vi Hyllestad i 2012 med dei aggregerte tala frå dei tre søylene til høgre i figuren, utmerkar Hyllestad seg særleg ved å **ha fleire plassar i skjerma eining for aldersdemente (36,4%) enn desse (landssnitt 23,3%)**. Tilsvarende har Hyllestad noko færre «øvrige plassar» (50%) og plassar på tidsbegrensa opphald (9,1%) enn for dei «aggregerte» kommunane.

I «Tenesteanalysen for Pleie- og omsorgstenesta i Hyllestad kommune i 2010» (s 8) heiter det om Hyllestad si fordeling av institusjonsplassar, innbyrdes:

«Talet på kortids- og rehabiliteringsplassar i kommunen er relativt lite. I periodar med press på tenesta, maktar ein ikkje i tilstrekkeleg grad å oppretthalde eit differensiert tilbod i institusjonen, og ein må kompensere med tilbod i bufellesskapen og overbelegg.»

Tidsserie 2010-2012:

Figuren syner at talfordelinga for Hyllestad i 2010 og 2012 er heilt like. Søyla for 2011, derimot, manglar to plass-kategoriar. Her er det grunn til å tru at det kan vere noko gale med rapporteringane av data for denne tidsperioden.



Figur 18: Figuren syner kor stor andel av mottakarar av institusjonstenester som er registrert med omfattande bistandsbehov.

Figuren over fortel noko om *kor stor del* blant institusjonstenestemottakarar som har "omfattande" bistandsbehov – men seier altså ikkje noko om kor mykje teneste som faktisk blir tilbydd.

Fakta:

Figuren over syner at Hyllestad er den kommunen med **lågast del (68,0%)**

institusjonstenestemottakarar som har omfattande bistandsbehov av dei direkte samanlikna kommunane. Solund har høgast del registrerte institusjonstenestemottakarar med omfattande bistandsbehov (100%).

Tidsserie 2010-2012:

Tidsserien syner at andelen institusjons-tenestemottakarar med registrert omfattande tenestebehov har halde seg stabilt på kring 65-68% i perioden 2010-2012.

7.3.6 Vurdering dekningsgrad – Institusjonstenester

Hyllestad har satsa på god dekning når det gjeld sjukeheims plassar: Hyllestad er den kommunen som har *best kapasitet* til å kunne gje innbyggjarane i kommunen institusjons plass om dei måtte ha behov for det (figur 15): Materialet syner nemleg at kommunen har den klart *høgaste institusjonsdekninga* (24,4 %) for innbyggjarar 80 år + av dei samanlikna kommunane. Dette kan indikere at terskelen for å få institusjons plass er lågare i Hyllestad enn i andre kommunar.

Hyllestad er då òg den kommunen mellom dei eksplisitt samanlikna som har *høgast andel innbyggjarar buande på institusjon (18,9%)* i aldersgruppa 80 år og eldre – som er fem prosentpoeng høgare enn landssnittet. Tala syner også at det berre er innbyggjarar som er 80 år og eldre som har institusjons plass (jf. figur 16). Ingen innbyggjarar i aldersgruppene 0-66 og 67-79 år har pr. i dag sjukeheims plass i Hyllestad.

Samtidig, hugsar vi frå ovanfor, så plasserer Hyllestad seg *midt mellom* dei samanlikna kommunane kva vedkjem yting av **heimetenester i eigen bustad** (31,1% – landssnitt 29,9%) – for gruppa innbyggjarar 80 år og eldre. Med andre ord så har kommunen mange brukarar i institusjon, som vanlegvis elles ville budd i omsorgsbustad (sjå neste delkapittel) eller ha motteke heimetenester. Årsaka til dette, kan likevel diskutert. Som vi skal sjå seinare, er det mogeleg at måten ein har

rigga seg i Hyllestad *med manglande heildøgns* heimetenestetilbod, i praksis kan «styre» dei mest pleietrengande av desse frå heimetenester til institusjonstenester.

Dei som har institusjonsplass, høyrer såleis til ein aldersmessig elite: Hyllestad har fleire *innbyggjarar i den eldste aldersgruppa*, 80 år + enn lands- og fylkessnittet, og det er dei eldste eldre som altså er tildelt institusjonsplassar. Kanskje er det då slik i Hyllestad, i ein kommune med så mange innbyggjarar av dei eldste gamle, og utan eigne omsorgsbustader, at det berre er denne aldersgruppa kommunen då *kan* tillate seg å prioritere institusjonsplass til – eller om dette berre skuldast tilfeldigheter?

I Hyllestad er «berre» 68% av bebuarane på institusjon definert til å ha «omfattande» bistandsbehov. Dette betyr at 32% av bebuarane har midlare eller avgrensa bistandsbehov, noko som igjen tydeleggjer at Hyllestad har etter måten låg terskel for tildeling av institusjonstenester.

Ser ein så attende på søylene og linje i diagram i figur 15 over, så viser dette på ein illustrerande måte korleis *plassar i % "styrer"* andel 80 år som faktisk *er* bebuarar. Høgt volum på plassar gjev gjerne høg bruksrate og omvendt. Vi ser at så er tilfelle for dei fleste samanlikna kommunane. I Hyllestad er gapet mellom søyle (institusjonsbelegg) og linje (dekningsgrad) stort og parallelt veksande i perioden 2010-2012.

Figurane over, knytt til **dekningsgrad for institusjonstenester** i Hyllestad kommune, gjev interessante opplysningar for vidare refleksjon:

- Hyllestad har altså laga seg "ein buffer" gjennom eit gap mellom dekningsgrad og faktisk belegg, slik at dei har noko å gå på, i motsetnad til særleg Askvoll der avstand mellom dekningsgrad og belegg er nesten utjamna. Samtidig rapporterer Hyllestad i tenesteanalysen for 2010 at kommunen har overbelegg på institusjonstenester. Korresponderer dette med faktisk innrapporterte tal? (jf. figur 15 og 16).
- Korleis samantall kapasitetsnivået for sjukeheimplassar med estimert befolkningsutvikling fram til 2040, då det vil bli endå fleire gamle og pleietrengande i Hyllestad, også i aldersgruppa 80 år og eldre?
- Hyllestad har høgast andel innbyggjarar buande på institusjon (18,9%) i aldersgruppa 80 år og eldre – men har samtidig lågast del (68,0%) institusjonstenestemottakarar med *omfattande* bistandsbehov? Indikerer det at terskelen for å få sjukeheimplass er for låg?
 - Kan det indikere at for mange av innbyggjarar som kanskje hadde greidd seg med (heildøgns) heimetenestetilbod, i staden vert tilvist sjukeheimplass, grunna manglande heildøgns drift i heimetenesta?
 - Er det at Hyllestad kommune ikkje tilbyr noko PLO-tilbod gjennom *omsorgsbustader* med heildøgns bemanning i det heile, og har heller ikkje gjort det dei tre siste åra, eit uttrykk for ei medvita og ynskt utvikling? Kva konsekvensar har dette for trykket på høvesvis heimetenester og institusjonstenester?

7.4 Produktivitet/Einingskostnad

Omgrepet produktivitet skildrar kor mykje vi klarar å produsere for ein gjeven innsats av ressursar. Produktivitet blir målt ved å dele kroner som er brukt på talet på produserte einingar.


Produktivitet kan også visast som timar pr. brukar, eller årsverk pr. brukar. Hovudpoenget er å sjå på ressursinnsats pr. eining (brukar). Innanfor Pleie- og omsorgstenester blir ikkje tenester levert som straumlineforma produkt, og vi kan ikkje måle produktivitet direkte. Vi kan derimot seie at Kostra kan gje oss *indikasjonar* på produktivitet, ved at vi bereknar gjennomsnittleg kostnad pr. teneste;

noko som gjerne blir omtala som einingskostnad – t.d. utgift pr. brukar, kostnad pr. institusjonsplass, kostnad pr. time.


Personalet er den viktigaste ressursen i pleie- og omsorgstenestene, og kompetansenivå, kontinuitet og sjukefråvær har innverknad på både produktivitet og kvalitet. Organiseringa av kommunen og den einskilde tenestestad si styring av aktiviteten kan også ha noko å seie – både for heimetenester og institusjonsomsorga. I og med at pleie- og omsorgstenester ofte leverer tenester til mange brukarar, så kan sjølv små nyansar eller skilnader i einingskostnadene ha innverknad på kommunen sine samla utgifter.

Viktig er det likevel å vere merksam på at produktivitet/einingskostnad ikkje seier noko om *kvaliteten* på det som vert levert, eller brukaren si *oppleving*. Nettopp fordi produktivitet er eit teknisk omgrep, så er det heilt avgjerande at ein også tar inn kvalitetsdimensjonen når ein skal vurdere kommunale tenester. I denne rapporten blir det brukt nokre indikatorar som kan gje eit bilete på *målt/objektiv kvalitet i tenesta*, og ikkje opplevd kvalitet (som t.d. brukartilfredshet er eit uttrykk for).

7.4.1 Heile tenesta



Figur 19: Korrigerende brutto driftsutgifter pr mottakar av pleie og omsorgstjenester



Figur 20: Årsverk pr. mottakar i brukerretnede tenester – PLO (Fylkesmannen sin Kostra-generator)

Figuren over viser høvesvis gjennomsnittleg driftsutgift pr. mottakar og gjennomsnittleg årsverk pr. mottakar av pleie- og omsorgstjenester, samla. Dette inkluderer alle kostnader til pleie- og omsorgstjenester, fordelt på alle registrerte tenestemottakarar/brukarar. Figur 20 over syner m.a. dei samla lønsutgiftene pr. kommunalt årsverk, eksklusivt fravær.

Fakta:

I Hyllestad var **brutto driftsutgifter pr. mottakar av brukerretnede tenester** i 2012 kr 521 600 – dette er *betydeleg over* landssnittet (kr 359 230) og berre Solund har høgare driftsutgifter av dei samanlikna kommunane. Askvoll (kr 300 250) og Bremanger (kr 327 492) har lågast driftsutgifter.

Årsverkverknad pr. mottakar i Hyllestad på 0,70 er høgast av dei samanlikna kommunane; godt *over snittet* for fylket (0,52) og landet (0,48).

Lønnsnivået pr. kommunalt årsverk i brukarretta tenester varierende i 2012 frå om lag kr 584 000 (Hyllestad) til kr 648 000 pr. år (landssnitt). Figuren over syner, om forholdet mellom lønnsnivå og årsverkverknad, at:

- **Hyllestad har den *høgaste årsverkverknaden*** av alle samanlikna kommunane (0,7) – men har
- ***lågast lønnsnivå pr. årsverk*** (kr 584421) i pleie og omsorg. Bremanger – på si side, hadde låg årsverkverknad (0,44) men like fullt høgt lønnsnivå (kr 634 510).

I «Tenesteanalysen for Pleie- og omsorgstenesta i Hyllestad kommune i 2010» (s. 8), heiter det om forholdet mellom produktivitet/einingskostnader og årsverkverknad:

«Hyllestad ligg om lag på landsgjennomsnittet for indikatoren brutto driftsutgifter pr. mottakar av plo-tenester samla. Ein ligg under landsgjennomsnittet for utgifter pr. mottakar av heimetenester, men over snittet pr. brukar av institusjonstenestene. Det samsvarar med det som er vist under kap om Prioritering og kap om Dekningsgrad... Samanstilling av utgiftene med samla årsverk, tyder på at Hyllestad får litt mindre [0,43] årsverk ut av sine kostnader enn gjennomsnitt for landet [0,46]. Dette kan ha samanheng med struktur og geografi (rutinar, spreidd busetnad, konsentrasjon av omsorgsbustadar, køyretid, rasjonelle bygningar m.v).»

Tidsserie 2010-2012:

Vi ser at:

- brutto korrigerte *driftsutgifter pr. brukar* i dei brukarretta tenestene i Hyllestad har *auka* i perioden; frå om lag 362 000 kroner i 2010 til kr 521 000 i 2012.
- *årsverkverknaden* auka frå 0,46 (2010) til 0,70 (2012).
- *lønnsutgiftene* pr. kommunalt årsverk har *auka*, frå kr 471 000 til kr 584 000 (2012)

7.4.2 Vurdering Produktivitet – tenesta samla:

Hyllestad merkjer seg ut ved å vere av dei kommunane med høgast driftsutgifter pr. mottakar av brukarretta tenester (kr 521 000 pr. år pr. brukar) – heile 160 000 over landssnittet. Dette gjeld også - som vi skal sjå i dei neste delkapitla – om ein bryt ned tala på driftsutgifter for institusjonstenester og heimetenester.

Det første som slår ein som ledd i å forklare kvifor det kan vere slik, er om lønnskostnadene til pleiepersonalet er høgt? Svaret er nei; Hyllestad har nemleg lågast lønnsnivået pr. kommunalt årsverk i brukarretta tenester av dei samanlikna kommunane (kr 584 000) – kring kr 60 000 under landssnitt i 2012. Lønnsnivået har likevel auka i treårsperioden fram til 2012 med kring kr 110 000.

Ein faktorar i materialet som kanskje kan vere medforklarande på det høge driftsutgiftene pr. mottakar av brukarretta tenester, er at *Årsverkverknad pr. mottakar* i Hyllestad er 0,70, som er godt over snittet for landet (0,48). Er ein for lite produktiv eller er ein for «snill» med tildeling av tenester?

Figurane over, knytt til **Produktivitet for tenesta sett under eitt** i Hyllestad kommune, gjev interessante opplysningar for vidare refleksjon:


- Hyllestad merkjer seg ut ved å vere av dei kommunane med høgast driftsutgifter pr. mottakar av brukarretta tenester. Kva skuldast dette?; er høg årsverkverknad den viktigaste

forklaringsfaktorane – eller er det andre som er meir gyldige? Og kva er årsaka til at årsverk pr. mottakar har auka så mykje frå 2010-2012?

7.4.3 Heimetenester

Produktivitet i heimetenestene vert berekna ved å sjå på ressursinnsats pr. brukar. Dette vert synleggjort gjennom utgift pr. brukar, men kan også visast ved å berekne lønsutgifter eller årsverk pr. brukar. Kommunen sine samla utgifter kjem fram som eit produkt av *kor mange* som mottek tenester og *kor mykje* tenester kvar einskild får.

Ved analyse av pleie- og omsorgstenester må indikatorar for einingskostnad sjåast i samanheng med dekningsgradar – både for heimeteneste og for institusjon.



Figur 21: Korrigerte brutto driftsutgifter pr mottakar av heimetenester, kr.

Figuren over syner alle korrigerte bruttoutgifter kommunen har til heimetenester, fordelt på alle registrerte brukarar¹¹.

11

Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner), konsern KS95254922811808

Indikatoren viser driftsutgiftene inkludert avskrivninger ved egen tjenesteproduksjon korrigert for dobbeltføringer som skyldes viderefordeling av utgifter/internkjøp mv. pr hjemmetjenestebruker. Indikatoren viser dermed enhetskostnadene eller produktiviteten ved den aktuelle tjenesten.

Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester i kroner, konsern= (Korrigerte brutto driftsutgifter for hjemmetjenester f254, konsern/ Mottakere av hjemmetjenester i alt)*1000

Teller=Korrigerte brutto driftsutgifter kontoklasse 1 og 3, funksjon 254, artene(010-290)+art429+art590-art690- art710-art729-art790. Data hentet fra kommuneregnskapet og regnskapene til kommunale foretak (KF), interkommunale samarbeider og interkommunale selskaper (IKS).

Nevner= Mottakere av hjemmetjenester pr 31.12 Data hentet fra pkt 5a i skjema 6 tom. 2006-årgangen. Fom. 2007 er kilden IPLOS, og da også inkl. avlastning utenfor inst. og omsorgslønn, i tillegg til hjemmesykepleie, praktisk bistand og brukerstyrt personlig assistanse (BPA).


Teller multiplisert med 1000 gir indikator i kroner.

Fakta:

Figuren over syner at Hyllestad i 2012, med unntak av Solund, er den kommunen med **dei høgaste gjennomsnittlege utgiftene til heimetenester** fordelt på alle registrerte brukarar av alle dei samanlikna kommunane; kr. 244 509 pr. år pr. mottakar – og over snittet for kommunegruppa (kr 183 543), Sogn og Fjordane (kr 234 845) og landssnittet (kr 214 933).

Tidsserie 2010-2012:

Hyllestad ligg, saman med Solund, høgast blant kommunane når det gjeld brutto driftsutgifter pr. tenestemottakar av heimetenester; og utgiftene har auka frå kr 152 315 (2010) til kr 244 509 (2012).



Figur 22: Gjennomsnittleg nettoutgifter pr brukar av heimetenester – i aldersgruppa 0-66 år og 67 år og eldre.

I figuren over er det mest interessant berre å kunne sjå utgifter som blir brukt til heimesjukepleie og praktisk bistand opp mot talet på mottakarar av nett desse tenestene. Av di kommunane rapporterer alle utgifter på Funksjon 254 samla, er det ikkje mogeleg å skilje ut kor mykje ressursar som blir brukt til dei ulike tenestene innanfor Funksjon 254.

KS har berekna kor stor del av utgiftene som blir brukt til tenestemottakarar høvesvis i aldersgruppa under og over 67 år. Berekinga er gjort ved at pengane kommunen har brukt på heimetenester i ei aldersgruppe, er fordelt på brukarar i same aldersgruppe. Grunnlaget for berekingane er delen vedtakstimar til ulike aldersgrupper, og indikatoren er slik sårbar for feil eller manglar i teljing og rapportering av både vedtakstimar og talet brukarar. Ein er elles allment kjent med at tala for enkeltkommunar kan ha store feil eller manglar – og figuren er såleis meir eigna til refleksjon og diskusjon over eigen praksis.


Fakta:

I figuren over, for *brukarar 0-66 år*, varierer gjennomsnittlege nettoutgifter pr. brukar av heimetenester i 2012 frå om lag kr. 277 000 til om lag kr. 559 000. Hyllestad er den kommunen med **høgast (kr 559 065) netto driftsutgifter til heimetenestene pr. tenestemottakar 0-66 år** av dei direkte samanlikna kommunane i fylket. Askvoll (som høyrer til ei anna kommunegruppe enn dei andre samanlikna kommunane, nyttar minst (kr 277 728) – ein differanse på kring kr 280 000 pr. tenestemottakar frå dei som brukar minst til mest.

For brukarar 67 år og over år varierer gjennomsnittlege utgifter pr. brukar til heimetenester i 2012 frå om lag kr. 88 000 (Bremanger) til Hyllestad med kr. 131 000 i netto driftsutgifter pr. tenestemottakar i denne aldersgruppa – som er det **høgaste nivået blant dei samanlikna kommunane**.

Tidsserie 2010-2012:

Tala for Hyllestad syner, for aldersgruppa 0-66 år, at nettoutgifter pr. brukar av heimetenester har vore aukande frå vel 448 000 i 2010 til vel 559 000 i 2012– medan nettoutgiftene til heimetenester for aldersgruppa 67 år og over, har auka frå vel kr 49000 i 2010 til vel kr 131 000 i 2012.



Figur 23: Andel vedtakstimar til heimetenester for brukarar 0-66 år og 67 år og over.

Figuren over syner andelen vedtakstimar til heimetenester til brukarar 0-66 år og brukarar 67 år og eldre – og syner totalbiletet av korleis ressursane – vedtakstimane – vert fordelt mellom brukarane. Dette er Iplos-tal, og kan vere hefta med feil lik det andre figurar som byggjer på denne typen talmateriale kan ha.

Fakta:


Figuren over syner at i 2012 tildelte Hyllestad kommune **fleire timar heimeteneste til unge enn til gamle folk**: Utporsjonering av talet vedtakstimar er nemleg slik at folk i den yngste aldersgruppa i Hyllestad, 0-66 år, hadde 60 % av alle vedtakstimane, medan aldersgruppa 67 år og eldre år hadde 40% av alle vedtakstimane.

Denne overordna tendensen med tildeling av flest vedtakstimar heimeteneste til den yngste aldersgruppa er ikkje unik for Hyllestad i høve til dei andre tre eksplisitt samanlikna kommunane, som alle har flest vedtakstimar i aldersgruppa 0-66 år og nesten lik relativ fordeling mellom aldersgruppeinndelingane.

Figuren over kan med fordel også sjåast opp mot figur 13, presentert tidlegare, som synte korleis brukarane av heimetenestene fordelte seg aldersmessig. Dersom vi samanheld dei to figurane, ser vi t.d. at i Hyllestad utgjorde **aldersgruppa heimetenestemottakarar 0-66 år 24,6 % av alle mottakarar – men denne aldersgruppa nyttar altså 60% av alle tildelte timar til heimetenesta** (jf. figur 23).

Tidsserie 2010-2012

Tala syner at andelen tildelte timar heimeteneste til den eldste aldersgruppa, 67 år og eldre, er aukande i perioden, frå 23% til 40% i 2012 – på bekostning av tildelt timetal for den yngste aldersgruppa, 0-66 år. Dei gamle får meir og meir, altså – om det då ikkje er eit resultat av bortfall av ressurskrevjande brukarar under 67 år?



Figur 24: Gjennomsnittleg timar til praktisk bistand og heimesjukepleie, pr brukar pr veke

Figuren over syner talet timar som gjennomsnittleg blir tildelt pr. veke for mottakarar av høvesvis praktisk bistand og heimesjukepleie. NB! Figuren seier ikkje noko om kva bistandsbehov som ligg bak tildelinga, eller *ulikskap* mellom grupper.

Fakta:

Det er noko variasjon kommunane mellom i figuren over: Timetalet for tildelte timar pr. veke til dei som mottar *Praktisk bistand* varierer frå 1,4 -11,2 t/v. Hyllestad tildeler i 2012 6,9 t/v til Praktisk bistand – landssnittet er på 7,9 t/v.

Det er mindre variasjon mellom kommunane på tildelte timar pr. veke til dei som mottar Heimesjukepleie – som varierer frå 3,9 - 6,7 t/v. **Hyllestad er den kommunen som tildeler færrest timar pr. veke (3,9) til brukarar av heimesjukepleie.** Dette er under landssnittet (4,7 timar), for fylket (5,0 timar) og same kommunegruppe (4,4 timar).

Tidsserie 2010-2012:

Ser ein på tendensane for Hyllestad dei tre siste åra, har kommunen hatt eit jamt aukande timetal heimesjukepleie og praktisk bistand.

7.4.1 Vurdering Produktivitet – Heimetenesta:

Går ein så inn og ser på enkelttenestene, finn ein at Hyllestad (og Solund) er dei kommunane med dei *høgaste gjennomsnittlege bruttoutgiftene til heimetenester* pr. år, fordelt på alle registrerte brukarar; kring kr. 244 000 (landssnittet kr 215 00). Og utgiftene har auka monaleg på tre år; frå 2010-2012 har *brutto driftsutgifter pr. tenestemottakar* av heimetenester gått opp med kring 90 000 – til kr 244 509 i 2012.

Hyllestad er også den kommunen med *høgast netto driftsutgifter* til heimetenestene pr. tenestemottakar; både i aldersgruppa 0-66 år (kr 559 065) og for brukarar 67 år og over (kr. 131 000) blant dei samanlikna kommunane.

Hyllestad har altså, isolert sett, ei etter måten kostesam heimetenesteordning pr. brukar. Får brukarane då *omfangsrik* hjelp? Nei; gjennomsnittleg antal tildelte timar pr. veke pr. brukar fortel at Hyllestad faktisk gjev færrest timar *heimesjukepleie* pr. veke (3,9 t/v) enn nokon samanlikna kommunar – og færre timar *praktisk bistand* pr. veke (6,9 t/v – landssnittet 7,9 t/v) enn snittet for landet. Lågt timetal pr. brukar pr. veke kan på si side verke naturleg då andelen mottakarar av heimetenester som er registrert med noko eller avgrensa bistandsbehov i Hyllestad er over landssnittet (figur 10). Dette kan tyde på at kommunen gjev litt hjelp til mange, dvs. låg terskel for å yte tenester.

Hyllestad tildelte i 2012 fleire *timar* heimeteneste til *unge* enn til gamle – trass i at denne aldersgruppa berre utgjer ¼ av heile mottakarmassen: Folk i den yngste aldersgruppa, 0-66 år, hadde 60 % av alle vedtakstimane men utgjorde likevel berre 24,6 % av alle mottakarar. Andelen tildelte timar heimeteneste til den eldste aldersgruppa, 67 år og eldre, har likevel auka frå 23% i 2010 til 40% i 2012; altså dei eldste heimetenestemottakarane har fått stadig meir.

Oppsummerande kan ein seie at Hyllestad har ei, isolert sett, dyr heimetenesteordning; både brutto og netto driftsutgifter pr. tenestemottakar er høgast i Hyllestad – trass i at kommunen er den kommunen som både gjev færrest timar heimesjukepleie og praktisk bistand. Og av dei som får slik hjelp, utgjer dei unge tenestemottakarane (0-66 år) 60 prosent av alle tildelte vedtakstimane.


I «Tenesteanalysen for Pleie- og omsorgstenesta i Hyllestad kommune i 2010» (s. 16-17) heiter det dette om manglande kostnadseffektiv drift i heimetenestene:

«Hyllestad kommune er ein klårt institusjonsbasert omsorgskommune. For å kunne drive meir kostnadseffektivt, må innsatsen vriast i retning styrking av tilbodet i heimetenestene med eit tilbod på natt... ...Det kan ligge eit produktivitetspotensiale i heimetenestene – mykje arbeidstid går til dømes med til køyring. Eit tiltak kan vere å konsentrere innsatsen i større grad i omsorgsbustadane ved omsorgssenteret, der dei mest pleie- og omsorgstrengande innbyggjarane vil bu til ei kvar tid bur.»


Figurane over, knytt til **Produktivitet for heimetenester** i Hyllestad kommune, gjev interessante opplysningar for vidare refleksjon:

- Hyllestad er den kommunen med både høgast brutto og nettoutgifter pr. mottakar av heimetenester. Kva forklarar dette? Er det i tråd med ynskt utvikling?
- Kva skuldast det at omfanget av tildelte vedtakstimar i Hyllestad nesten er dubla dei siste tre åra fram til 2012?

7.4.2 Institusjonstenester



Figur 25: Korrigerte brutto driftsutgifter pr kommunal plass i institusjon, i kroner



Figur 26: Korrigerte brutto driftsutgifter pr kommunal plass i institusjon, i kroner, fordelt på funksjon

Figurane over viser korrigerte brutto driftsutgifter til drift av kommunale institusjonsplassar¹². Søylene er delt mellom funksjon 253 som syner "bistand, pleie- og omsorg" og funksjon 261 som syner kostnad knytt til *institusjonslokala*.

¹² **Beregning av Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass**

Indikatoren viser driftsutgifter i kr., inkludert avskrivninger ved egen tjenesteproduksjon korrigert for viderefordeling av utgifter/internkjøp pr plass registrert ved utgangen av året i institusjoner med kommunal eier. Indikatoren viser dermed enhetskostnadene eller produktiviteten ved tjenesten.

Korrigerte brutto driftsutgifter pr. plass i kommunale institusjoner = (Korrigerte brutto driftsutgifter funksjon 253+261/plasser i kommunale institusjoner)*1000.

(("Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon") / ("Kommunale plasser i institusjon i alt")) *1000

Fakta:

Figuren over (figur 26) syner etter måten stor variasjon i samla brutto driftsutgifter pr. kommunal plass mellom kommunane i 2012, frå kring kr 778 000 til kr 1050 000 pr. år.

Dei korrigererte brutto driftsutgiftene pr. kommunal plass i institusjon i Hyllestad var på kr 1050 682 totalt sett (f 261 + f 253). Dette inneber at **Hyllestad har høgast utgifter pr. institusjonsplass** av alle dei samanlikna kommunane – landssnittet er kr 953 670.

Hyllestad har også **høgast driftsutgifter til Pleie av alle dei samanlikna kommunane**, med kr 959 273 i driftsutgifter pr. plass på funksjon 253, "bistand, pleie- og omsorg" - og ligg vel 100 tusen over landssnittet (kr 858 349) pr. plass i institusjon pr. år. Gaular hadde lågast driftsutgifter til Pleie (kr 643 700) .

Hyllestad ligg noko under snittet på brutto driftsutgifter til *drift* (funksjon f 261) pr. kommunal plass – kr 91409, både målt mot eiga kommunegruppe, fylkessnitt og landssnittet (kr 96321)

Tidsserie 2010-2012:

Dei samla driftsutgiftene pr. kommunal plass i institusjon har gått opp alle tre åra; brutto driftsutgifter til funksjon 253 "bistand, pleie- og omsorg" har auka frå kring 873 000 i 2010 til kring 959 000 i 2012 – medan korrigererte brutto utgifter til *drift* har gått ned i same treårsperioden.

I «Tenesteanalysen for Pleie- og omsorgstenesta i Hyllestad kommune i 2010» (s. 8), forklarar kommunen dei høge einingskostnader knytt til institusjon som var tilfelle også då, slik:

«Fråvær av natt-tenestene i heimetenestene forklarar langt på veg dei høge einingskostnadene for institusjon, av di institusjon er einaste alternativet for brukarar med behov for heildøgsteneste. Når behova toppar seg, får ein overbelegg og meir bemanning i institusjon (og bufellesskapen). Det høge sjukefråværet i institusjon og mangel på kvalifisert arbeidskraft/bruk av vikarbyrå er kostnadsdrivande; det same gjeld (kvalitets)krava til små driftseiningar/avdelingar i omsorgssenteret.

Når det er høgt trykk på institusjonstenesta, blir aktiviteten skrudd opp, drifta blir ustabil, uoversiktleg og mindre produktiv. Det er eit mål å stabilisere institusjonsdrifta til normal drift; ein må ha fokus på arbeidsleing, lojalitet til oppgåveprioriteringa og kompetanseheving – det er ein klår samanheng mellom kompetanse og god prioritering. Ein må vidare vurdere organisatorisk og bygningsmessige tiltak med tanke på auka samordning mellom avdelingane.»

7.4.3 Vurdering Produktivitet – Institusjonstenestene

Hyllestad er ein kommunen med svært høge utgifter pr. institusjonsplass: Dei samla korrigererte brutto driftsutgiftene pr. kommunal institusjonsplass i Hyllestad er høgast av alle dei samanlikna kommunane – med kr 1050 682 pr. plass (landssnittet er kr 953 670). Altså: Hyllestad driv isolert sett mindre kostnadseffektivt enn nabokommunane og aggregerte tal for fylket og landet.

Hovudårsaka til kostnadsvariasjonar mellom kommunar pr. plass er allment knytt til:

- Gjennomsnittleg storleik på institusjonane
- Bemanningsfaktor/pleiefaktor/pleiebehov

Teller = Korrigererte brutto driftsutgifter(kontoklasse 1, art(010-290)+art429+art590-art690-art710-a729-a790). Funksjon253+261. Data er hentet fra kommuneregnskapet i 1000 kroner.

Nevner = Plasser i i alt, institusjoner med kommunal eier, barneboliger og avlastningsboliger inkludert. Data er hentet fra skjema 5, pkt 2.

- Avskrivningar av bygningsmassen
- Ulikskap i føringar mellom kommunar
- Utdanningsnivå/lønsansiennitet pr. årsverk

Når vi så delar opp driftsutgiftene pr. kommunal plass *på funksjonar* – ser vi at Hyllestad dels driv billeg og dels driv dyrt: Driftsutgiftene kan delast i to typar, og det er driftsutgifter pr. plass til *"bistand, pleie- og omsorg"* (funksjon 253) at kommunen er særleg dyr, og dyrast av alle dei samanlikna kommunane. Hyllestad ligg her vel 100 tusen over landssnittet pr. plass i institusjon pr. år, og endå meir i høve til samanlikna kommunar – og har vore aukande i treårsperioden fram til 2012.

Sentrale kostnader på pleiesida er arbeidskrafta og lønsutgiftene knytt til denne. Pleie- og omsorgssektoren er ein personalintensiv sektor, og dette gjenspeglar seg i at dei kommunane som ligg høgt på *utgift* pr. brukar gjerne også ligg høgt på *årsverkverknad* pr. brukar – kronene som blir tilført tenesta blir hovudsakleg brukt til bemanning – noko vi ser at er tilfelle i Hyllestad (jf. del 7.4.1)


På funksjonen *drift* (f 261) har kommunen derimot *lågare* driftsutgifter pr. plass (kr 91409) enn dei direkte samanlikna kommunane og landssnittet (kr 96321). Likevel skriv kommunen i Tenesteanalysen for 2010 (s 9) knytt til kostnader ved driftssida:

«Omsorgssenteret er relativt nytt og tilpassa krava frå Husbanken til einerom og mindre grupper/avdelingar, og plassane blir dermed relativt dyre. Institusjonen er elles liten med på stordriftsfordelar».

Figurane over, knytt til **Produktivitet for Institusjonstenester** i Hyllestad kommune, gjev interessante opplysningar for vidare refleksjon:

- Skuldast dei høge driftsutgiftene på institusjon at det er høg årsverkverknad på institusjon? Korleis er bemanningsfaktoren i Hyllestad i høve til andre kommunar? Er det ulikskap i føringa som kan forklare dette?

7.5 Kvalitetsindikatorar Kostra/Iplos



Figur 27: Andel plassar i einerom og andel plassar i brukartilpassa einerom med eige bad/wc

Figuren over seier noko om andelen plassar i *einerom* i pleie og omsorgsinstitusjonar, og andelen plassar i *brukartilpassa* einerom.


Fakta:

Andelen plassar i *einerom* i pleie- og omsorgsinstitusjonar varierer frå 67-100% kommunane i mellom. Andelen plassar i *brukartilpassa* einerom varierer frå 81-100% kommunane mellom.

Hyllestad kommune har **100% dekning på tal plassar i einerom** – og er her over landssnittet (94%), og har også **100% plassar i brukartilpassa einerom**, som er over landssnittet (81%).

Tidsserie 2010-2012:

Status for omfang av plassar i einerom og brukartilpassa einerom er for Hyllestad sin del uforandra alle tre åra – 100% dekning i b   kategoriar.



Figur 28: Tilgjenge til l  kjar og fysioterapeut p   sjukeheim, timar pr veke pr bebuar. (Fylkesmannen sin generator)

Figuren over syner tilgjenge p   l  kjar- og fysioterapitimar pr. veke pr. bebuar p   sjukeheim.


Fakta:

Landssnittet for l  kjartilgang pr. brukar i sjukeheim pr. veke i 2012 var 0,43 timar – og litt mindre tilgang, 0,33 timar/v, p   fysioterapitimar.

Hyllestad var den kommunen i 2012 av dei samanlikna som hadde **d  rlegast tilgang p   l  kjartimar** pr. veke pr. bebuar, h  vesvis 0,30 time (landssnitt 0,43 t pr. veke). Hyllestad hadde ogs   **d  rlegast tilgang p   fysioterapitimar**, 0,18 time pr. veke (mot 0,33 t/v i landssnitt).

Tidsserie 2010-2012:

Tidsserien for Hyllestad syner at omfanget av *l  kjartimar* pr. veke pr. bebuar p   sjukeheim mest er lik fr   2010 (0,31 t/v) til 2012 (0,30 t/v). Omfanget *fysioterapitimar* er ogs   mest lik mellom 2010 (0,19 t/v) og 2012 (0,18 t/v) .



Figur 29: Andel av alle brukarar – eksklusiv brukarar med langtidsopphald på institusjon – med individuell plan

Figuren over seier noko om omfanget av individuell plan for bebruarar på institusjon.

Fakta:

Kommunar med individuell plan, for dei kommunane det ligg føre tal for, varierer frå om lag 11 %-22%. Hyllestad er den av dei eksplisitt samanlikna kommunane **med høgast del brukarar som har individuell plan (21,7%)**. I Bremanger er det 11,1% av brukarane med individuell plan.

Tidsserie 2010-2012:

Omfanget av brukarar med individuell plan har vore aukande dei tre åra frå 2010 (17,3%) til 2012 (21,7%).

7.5.1 Vurdering – kvalitetsindikatorar Iplos/Kostra


Bebuarane på pleie- og omsorgsinstitusjon i Hyllestad, saman med Solund, ligg godt an i høve til dei samanlikna kommunane når det gjeld dei fysiske lokalitetane; 100% av alle rom som blir tilbydd er einerom, og 100% alle roma har eige bad/WC, og slik har det vore dei tre siste åra fram til 2012 – landssnittet er høvesvis 94% og 81%.

Hyllestad har likevel minst omfang av legetimar pr. veke pr. bebruar for bebruarar på sjukeheim (0,30 t/v – landssnitt 0,43 t/v) av alle dei samanlikna kommunane, eit tal som har halde seg stabilt dei siste åra. Hyllestad er like eins den kommunen med dårlegast omfang på fysioterapitimar pr. veke (0,18 t/v) av dei samanlikna kommunane – landssnittet er 0,33 t/v. Også dette talet har halde seg nokolunde konstant dei tre siste åra.

Hyllestad merkjer seg den andre vegen ut ved å vere den av dei eksplisitt samanlikna kommunane med høgast del (21,7%) bebruarar på institusjon som *har individuell plan* – ein auke på tre prosentpoeng dei tre siste åra, til knappe 22 prosent i 2012.

7.6 Medarbeidarane

Medarbeidarane er arbeidsgjevar sin viktigaste ressurs, ikkje minst i Pleie- og omsorgstenestene som er så personalintensive. Kvalitetar ved arbeidsstokken er såleis heilt avgjerande – så som m.a. utdanningsnivå, sjukefråvær og medarbeidartilfredsheit.



Figur 30: Andel årsverk i brukarretta tenester med fagutdanning.

Figuren over syner andelen årsverk med fagutdanning i brukarretta tenester i Pleie- og omsorgstenesta.


Fakta:

Vi ser av figuren over at andelen årsverk i brukarretta tenester der medarbeidaren har fagutdanning, varierer frå 61-83%.

Hyllestad er den av dei samanlikna kommunane i 2012 med **størst omfang årsverk med fagutdanning** (83%) av dei samanlikna kommunane; men Bremanger har lågast del (61%) årsverk med fagutdanning. Landssnittet er på 74%.

Tidsserie 2010-2012:

Vi registrerer for Hyllestad sin del at andelen årsverk i brukarretta tenester med fagutdanning har auka dei siste tre åra; i 2010 var delen på 78% - i 2012 på 83% prosent.



Figur 31: Andel årsverk i brukarretta tenester – etter utdanning

Figuren over syner korleis utdanningsnivået er fordelt på årsverka i brukarretta tenester.

Fakta:

Figuren over syner allment at den største gruppa årsverk i brukarretta tenester er den med fagutdanning frå vidaregåande skule (35-53%); dinest kjem gruppa årsverk med dei med fagutdanning på universitet/høgskole (25-32%). Den minste årsverkkategorien er dei utan fagutdanning (17-39%).


Slik er det òg i Hyllestad: Den største gruppa årsverk i Hyllestad i 2012 er dei med fagutdanning frå vidaregåande skule (49%). Delen årsverk i Hyllestad med fagutdanning frå høgskule/universitet er på 32%. Hyllestad sin andel årsverk i brukarretta tenester utan fagutdanning er på 17%.

Tidsserie 2010-2012:

I Hyllestad har delen årsverk heilt utan fagutdanning gått ned dei siste tre åra, frå 22 til 17% i 2012. Tilsvarende har andelen årsverk for tilsette med vidaregåande skule – og for dei med universitetsutdanning, baa auka frå 2010 til 2012. Altså, delen årsverk med fagutdanning er aukande – og Hyllestad er altså den av kommunane med **størst andel årsverk i brukarretta tenester med fagutdanning frå høgskule/universitet** (av kommunane dei føre ligg tal for i figuren).

I «Tenesteanalysen for Pleie- og omsorgstenesta i Hyllestad kommune i 2010» (s. 15) heiter det om dei medvitne tiltaka som er sett i verk i Hyllestad for å skilje arbeidskrafta:

«Gjennom kompetansereforma har ein stimulert ufaglært personell til å ta fagutdanning som omsorgsarbeidar. Dette har ein lukkast med. Ei utfordring når det gjeld sjukepleiarstillingane, har meir vore å få bemanna stillingane enn å auke andelen høgskuleutdanna. Auka kompetansekrav som følgje av samhandlingsreforma tilseier at ein må vurdere å auke delen høgskuleutdanna og redusere ufaglærtdelen ytterlegare».



Figur 32: Legemeldt sjukefråværet av totalt antal årsverk i brukarretta teneste.

Fakta:

Figuren fortel at det legemelde sjukefråværet i dei brukarretta tenestene i dei samanlikna kommunane i 2012 ligg på mellom 6,8-15,5%.

Hyllestad kommune hadde i 2012 **det lågaste (6,8%) legemeldte sjukefråværet i brukarretta tenester** av dei samanlikna kommunane. Landssnittet er på 8,9 %; fylkessnittet er 8,0% og snittet for kommunegruppa er 8,6 %. Solund kommune hadde det høgaste (15,5 %) legemeldte sjukefråværet av dei samanlikna kommunane.

Tidsserie 2010-2012:

Figuren syner ein nedgang på sjukefråværet i dei brukarretta tenestene i Hyllestad, frå 11,3% i 2010 – til 6,8% i 2012.

	2012
Helsestasjon	5,28
Psykisk helseten.	0,37
Aktivitetssenteret	0
Legekontoret	8,8
Omsorgssenteret	11,77
Heimetenestene	8,62
Forpleiing	8,69

Tabell 6: Sjukefråvær i brukarretta tenester i Hyllestad, 2012:
(Kjelde: Årsmelding Hyllestad kommune, 2012)

Samtidig er det stor variasjon mellom tenestene innbyrdes. Tabellen over, frå årsmeldinga til Hyllestad kommune i 2012 (også gjengjeve i del 3.2.3), syner at i Heimetenesta var sjukefråværet på 8,62% - men så høgt som 11,77% på Omsorgssenteret.

I «Tenesteanalysen for Pleie- og omsorgstenesta i Hyllestad kommune i 2010» (s. 14) går det fram at sjukefråvær har vore høgt i dei føregåande åra i høve til perioden denne forvaltningsrapporten omhandlar. Sjukefråvær vart fokusert på i det såkalla nærværprosjektet som starta våren 2010 – utan at ein ved utgangen på 2010 hadde oppnådd målet om 6% fråvær:

«Fråværsauken er dels samanfallande med behovspresset som starta andre halvår 2009, og dels ligg årsaker i samanfall av tilfældigheiter... .. Sjukefråvær og mangel på vikarar er ein negativ stressfaktor som forstyrrar arbeidsrytmen for ein elles effektiv brukarfokusert organisasjon», heiter det hausten 2010.

7.6.1 Vurdering – medarbeidarane i PLO sin kompetanse og fråvær

Arbeidsgjevaren Hyllestad kommune og tenestemottakarane i PLO kan glede seg over at kommunen i 2012 har det lågaste (6,8%) legemeldte sjukefråværet i brukarretta tenester av dei samanlikna kommunane – landssnittet er på 8,9%. Trenden har vore nedgåande dei tre siste åra frå 11,3% til 6,8% i 2012. Her kane in spørje seg om det er nærværprosjektet referert til ovanfor, som har gjeve resultat. Det er såleis blitt større stabilitet i arbeidskrafta – sjølv om det er etter måten stor variasjon i sjukefråværet avdelingar mellom, og der særleg institusjonstenesta hadde stort sjukefråvær (11,77%, jf. tala henta frå årsmeldinga til kommunen referert ovanfor).

Dette er gunstig med stabilitet i ein slik personintensiv bransje som Pleie- og omsorgstenestene er. Trass i dette kjøpte Hyllestad kommune vikartenester i omsorgstenestene for 2,4 millionar i 2012 (jf. del 3.2.3). Eit høgt sjukefråvær kostar pengar, gjev større slitasje på dei attverande og krev god tilgang på vikarar.

Positivt er det at Hyllestad er den av dei samanlikna kommunane i 2012 med størst omfang årsverk med fagutdanning (83%) i brukarretta tenester – og den kommunen med størst andel årsverk med fagutdanning frå høgskule/universitet (av kommunane dei føre ligg tal for i figuren).

8 RÅDMANNEN SINE MERKNADER TIL HØYRINGSVERSJONEN

8.1 Formelt om høyringa:

Kryss Revisjon sendte revisjonsrapporten på høyring til rådmannen, den 31.01.2014, med 14 dagars ordinær høyringsfrist. Rådmannen bad så om utsett svarfrist på rapporten grunna stor møte- og reiseaktivitet, til den 20.02.2014. Rådmannen vart innvilga slik utsett svarfrist, med ny fristdato den 20.02 d.s.

Revisjonen mottok 20.02.2014 mail frå rådmannen med formelt høyringssvar på revisjonsrapporten, gjennom vedlagt *brev* frå Rådmannen, datert 19.02.2014 - og der rådmannen varsla at eit eige *vedlegg* ville bli sendt for seg i tillegg. Revisjonen mottok straks etter ny mail frå rådmannen, vedlagt her låg eit "Notat" adressert til rådmannen frå Helse- og omsorgssjefen i Hyllestad, datert 11.02.2014, med tittelen "Tenesteanalyse av pleie og omsorg - merknader til førebels revisjonsrapport". Revisjonen har ikkje tidlegare i samband med tilsvarende høyringar på (forvaltnings-)revisjonsrapportar, i tillegg til rådmannen sitt formelle høyringssvar til revisjonen, også fått oss førelagt det som revisjonen tolkar som administrasjonsinterne dokument, som ledd i førebuing av rådmannen sitt høyringssvar. Revisjonen kontakta følgjeleg rådmannen telefonisk, for å få stadfesta status på dette *tilleggsdokumentet* til rådmannen si eige høyringssvar, m.a. om rådmannen tenkte at tilleggsdokumentet skulle takast inn i endeleg revisjonsrapport, under punktet rådmannen sitt høyringssvar på rapporten. Det svarte rådmannen bekreftande på - og bae dokumenta er i sin heilskap teke inn i endeleg revisjonsrapport.

Kryss Revisjon kjem i det følgjande når revisjonen her kjem med sitt tilsvaret til rådmannen sitt høyringssvar på rapporten, til å leggje til grunn og vektleggje det *rådmannen* som øvste leiar av administrasjonen har skrive i høyringssvaret på rapporten, og som er revisjonen sitt formelle og overordna kontaktpunkt med kommunen i samband med utarbeiding av (forvaltnings-)revisjonsrapportar. Likevel finn revisjonen det naturleg å kommentere også noko av det *Helse- og omsorgssjefen* har skrive i sitt Notat til rådmannen, og som rådmannen har bede om at ligg ved rådmannen sitt svar: Dette, fordi revisjonen dels les høyringssvara frå høvesvis rådmannen og Helse- og omsorgssjefen som *noko sprikande* i høve til kvarandre på kva vurderingar som er gjort av rapporten. Dinest røyver Helse- og omsorgssjefen ved sider ved rapporten som går på denne sin metodikk og legitimitet - og som vi ikkje ynskjer at skal stå ukommentert frå Kryss Revisjon si side.

8.2 Kryss Revisjon sine kommentarar til rådmannen sitt høyringssvar på revisjonsrapporten:

Kryss Revisjon er nøgd med at rådmannen i sitt høyringssvar på rapporten m.a. seier at "*Rådmann sine samla vurderingar av konklusjonar og tilrådingar er at det er gjort eit grundig analysearbeid*".

Kryss revisjon vil her få poengtere at politikaane - og administrasjonen - i Hyllestad gjennom denne rapporten har fått eit produkt som i (side-) omfang (omfattande tal på figurar/tabellar), revisjonen sin samla tidsbruk med rapporten, plass som er brukt til å gjere greie for nytta metodikk, og det omfattande arbeidet som er lagt ned i kvalitetssikring av rapporten forut for høyring - langt overstig den samla ressursbruken som Hyllestad har krav på, og som allment er sett av for skriving av tilsvarende rapportar for dei einskilte kommunane i Kryss revisjon sin portefølje for forvaltningsrevisjonsoppdrag.

Dialog i fasen etter oppstartsmøtet:

Rådmann skriv at ho hadde forventa at PLO i større grad vart involvert i revisor si *innhenting av data*, og meiner generelt at ein dialog rundt ein del av talmateriale vil danne eit betre grunnlag for at rapporten vert korrekt - og at ein då også vil få ein meir *objektiv* rapport. Også Helse- og omsorgssjef gjev tilsvarende uttrykk for ynskje om større dialog og avklaringar med tenesta undervegs, og påstått manglande objektivitet ved rapporten.

Kryss revisjon er allment samd i at god dialog mellom *revisjon*, *tingar* av oppdraget og den *reviderte* eininga er viktig, og bidreg til forankring av revisjonsarbeidet, revisjonskriteria og kvalitetssikring av prosjektet (jf her òg Standard for forvaltningsrevisjon, RSK 001 (pkt 12), som vi nyttar som grunnlag for våre revisjonsoppdrag). Når revisjonen ikkje har hatt tettare dialog med den reviderte eininga etter oppstartsmøtet i samband med innhenting av data - så heng dette nøye saman med ordlyden for oppdraget gjeve i **tingsdokumentet** frå SEKOM – og dessutan kravet som ligg i den nemnde **revisjonsstandarden** vår knytt til datainnhenting:

- "Totalgjennomgang av Pleie- og omsorgssektoren sett i lys av KOSTRA-tal" - og den seinare spissinga av denne problemstillinga som revisor er pålagt å gjere.
- I RSK 001, pkt 26, heiter det om **Metode og data**: "*Problemstillingen(e) i prosjektet er bestemmende for valg av metode for innsamling av data*".

Kryss Revisjon sitt poeng her er at dei data som vi trong for å svare på problemstillinga, i dette konkrete oppdraget, lettast og mest presist var å finne på *nettet* (www.ssb.no), og ikkje i Hyllestad kommune. Men - som de veit - tala vi har nytta er opphavleg produserte av Hyllestad kommune sjølve - kvalitetssikra av kommunen - og rapportert frå kommunen til statlege myndigheiter, nettopp for vidare allmenn bruk, m.a. også i ein slik tenesteanalyse som dette er. –Vi har då elles i høyringa ikkje blitt kritisert frå rådmannen for at våre brukte data og brukte kommunale plandokument produsert av kommunen sjølve, ikkje skulle vere *validide* (gyldige) eller *reliable* (pålitelege) for å svare på oppdraget slik det ligg føre i tinginga og vår presisering av tinginga.

Problemstillinga frå kontrollutvalet i tingsdokumentet ber heller ikkje i seg noko ytringar eller pålegg om noko *samarbeid* mellom revisjonen og administrasjonen, korkje om datainnhenting eller vidare analyse av data som grunnlag for rapporten. Kryss Revisjon vil her minne om at ein (forvaltnings-)revisjonsrapport er, og skal vere, eit *kritisk og uhilda, tredjehands blikk* frå revisjonen på kommuneadministrasjonen som faginnstans sin aktivitet på eit avgrensa, og av kommunestyret/kontrollutvalet nøyare definert område – og det er desse organa, og ikkje administrasjonen, som er oppdragsgjevar for og behandlar av rapporten. Her må ein t.d. såleis ikkje feilaktig samanlikne og leggje til grunn den arbeidsforma administrasjonen i Hyllestad kommunen nytta når den deltok i KS-nettverket, og gjennom dette utarbeidde tenesteanalysen innan PLO for åra 2008-2010. Den gongen var dette eit dialogisk *samarbeidsprosjekt* mellom tilsette i administrasjonen som deltok i prosjektet – og med tilsvarende metodisk bruk av kommunen sine innrapporterte data, henta frå same stad som revisjonen har gjort i denne revisjonsrapporten.

Objektiv revisjonsrapport?

Når rådmann, støtta av Helse- og omsorgssjef, gjev uttrykk for at det dei oppfattar som mangelfull *dialog* i datainnhenting og elles langs med i prosjektet fram til høyringa, har hatt konsekvensar for det dei kallar manglande "*objektivitet*" på innhald/framstilling i rapporten - så er det etter Kryss Revisjon sitt syn ei feilslutning, men kanskje mest av alt *feil ordbruk*: **Objektivitet** har med nøytralitet å gjere; dvs om ein greier å vere upartisk. Revisjonen har i rapporten sjølv sagt ikkje noko interesse av å forfekte eigeninteresser, elles ha noko form for "tendens" i framstillinga, enn seie "avsløre" eller sette kommunen i dårleg lys ved å framheve noko, og ha mindre fokus andre element i materialet, slik revisjonen lett kan lese Notatet til Helse- og omsorgssjefen til rådmannen (jf ordbruk som «framhever det som passer» og at revisjonen kjem med «Ymt om feil ressursbruk»).

Viss rådmannen med påstand om mangelfull objektivitet i rapporten i staden siktar til at administrasjonen si "stemme" og innspel ikkje tilstrekkeleg er høyrd eller kome med i rapporten, så snakkar vi ikkje om grad av objektivitet - men om rapporten ber i seg ei større **breidde/fullstendighet** i samla forklaringsgrunnlag på dei analysane som revisjonen har gjort av kommunen sine data, enn dei revisjonen har drege fram for seg i rapporten. Kryss revisjon vil i den samanhengen minne om - gjeve at oppdraget vårt også er strengt styrt av ordlyd i tingsdokumentet frå kontrollutvalet:

- Det er trass alt administrasjonen i Hyllestad kommune som har produsert - kvalitetssikra - og rapportert **data** frå eigen tenesteproduksjon knytt til KOSTRA og Iplos. Det er *desse* data, saman med kommunen sine *eigne* plandokument på tenestområdet vi har nytta - og det har ikkje gjennom høyringa kome fram at revisjonen ikkje har nyttegjort seg data på ein korrekt måte; at vi ikkje har evna skilje mellom fakta og vurderingar, eller at data ikkje er valide/reliable i våre analysar og vurderingar som er gjort av data.
- Tenesteanalysen vi har gjort, er heller ikkje gjort i eit isolert "tomrom", men refererer til og siterer også funn og forklaringar som kommunen sjølv målar i **eigen tenesteanalyse** på området gjennom KS-nettverket for dei tre føregåande åra (2008-2010) i høve til vår tenesteanalyse.
- Like eins er utdrag frå fleire av Hyllestad kommune sine utarbeidde **plandokument**, teke inn i sitats form i vår rapport, som bakteppe for analysen vi har gjort.
- Vi har langs med i revisjonsrapporten fleire stader vidare **stilt «opne spørsmål»** knytt til funna som er gjorde, meint til vidare refleksjon både for politikarar og administrasjonen – for slik å syne at funna frå talmaterialet kan ha fleire og samansette forklaringsfaktorar – og at det er kommunen sjølv som må gjere seg opp meining om kva som er «rett nivå» på dei presenterte indikatorane i høve til samanlikna kommunar – og om funna gjev grunnlag for konkrete tiltak.
- Vidare er altså både rådmannen og dessutan helse- og omsorgssjef sine **høyringsspel tekne inn i sin heilskap** som opplysning om synspunkt, og som grunnlag for at kommunen, om den ynskjer det, kan arbeide med tema som rapporten omhandlar. Revisjonen ser i så måte positivt på at Helse- og omsorgssjefen i høyringa har kome med moglege forklaringar på data og analysane som er gjorde frå vår hand, til bruk i vidare analysearbeid.

Revisjonsrapporten svekka verdi av di revisjonsperioden er åra 2010-2012?

Rådmann og Helse- og omsorgssjef i sine respektive høyringssvar, påpeikar at kommunen sin eigen tenesteanalyse (for åra 2008-2010) munna ut i fleire *tiltak* som administrasjonen har sett i verk heilt fram til i dag, dvs i og etter revisjonsperioden som Kryss revisjon sin rapport omhandlar (åra 2010-2012). Rådmannen skriv i sitt høyringssvar (i pkt 4 og 7) i den samheng at revisjonar bør ha som mål å føre til forbetringar og vere nyttig som grunnlag for iverksetjing av tiltak, men sidan kommunen allereie har gjort endringar som er samanfalle med viktige tilrådingar i rapporten, så har denne revisjonen mindre nytte.

Kryss revisjon tykkjer at det er positivt at administrasjonen, ut frå eigne gjorde analysar alt har sett i verk endringar og forbetringstiltak – dette syner vilje og evne til forbetring og læring i tenesteproduksjonen. Revisjonen er likevel ikkje udelteinig i rådmannen si vurdering av at fordi administrasjonen alt har sett i verk tiltak som er i tråd med «tilrådingar» frå revisor i denne rapporten, så misser revisjonsrapporten relevans. Ëin ting er no at denne nye tenesteanalysen direkte følgjer opp kommunen sin eigen analyse i tid, slik at kontinuerlege samanlikningar kan gjerast for ein tidsperiode på 6 år – 2008-2012. Dinest kjem det at det først er *etter at* revisjonen sin analyse av talmaterialet ligg føre, at ein kan vite kva funn som her blir gjort. Utan ein slik oppfølgjande analyse, ville slikt vurderingsgrunnlag vanta. Revisjonen merker seg her av høyringssvaret til Helse- og omsorgssjefen, under punktet om produktivitet, at «Ein del av dette kjenner ein att frå eigen analyse i 2010. Andre funn gir grunn til undring, og må undersøkjast nærare».

Revisjonen er vidare av den oppfatninga at i fall denne rapporten sine vurderingar og «tiltaksforslag» samanfell med dei tiltaka kommunen sjølv har kome til og også har utført, så kan vår rapport slik fungere som ei «utkvittering» på at tiltak som er sett i verk, har vore rette å satse på – og at fokus no kan leggjast på andre område. Revisjonen ser i samband med (forvaltnings-)revisjonar elles stadig eksempel på at forbettringsforslag og tiltak som vi kjem med, gjerne alt er sett i verk av kommunane sjølve når rapportane ligg føre, beint fram fordi kommunane som blir revidert, av eige initiativ, langs med i revisjonen, finn å ville sette i verk tiltak av ulikt slag. Denne sideeffekten av å drive revisjon, ynskjer revisjonen i så fall berre velkommen!

At analyseperioden for rapporten er 2010-2012, og ikkje nyare, er det tingingsdokumentet til kontrollutvalet som definerer for oss – og først i juni i år kjem dei endelege KOSTRA-tala for 2013; slik at ein ferskare analyseperiode ikkje hadde vore mogeleg no, sjølv om ein kanskje kunne ynskje seg det.

Vårt overordna siktemål med rapporten – springbrett for vidare kommunalt analysearbeid og læring

I høyringa frå Helse- og omsorgssjefen tykkjer denne at det «gjennomgåande er ufullstendige og uryddige samanlikningar når ein summerer opp funna i rapporten». Kryss revisjon sitt syn på det er at det ville overraske om ikkje fagpersonar på området som er revidert, ikkje skulle ha synspunkt på sider ved fakta revisor *tekstuel*t har drege ut, fokusert på og kommentert, på så mange som 32 figurar for PLO-indikatorar og 6 tabellar med statistikk. Det er rett at revisor ikkje – uttømande – har kommentert ALLE sider ved t.d. kvar figur. Dette er m.a. eit resultat av revisors skjønn, basert på kva denne vurderer er det mest sentrale funnet å kommentere ved tabellen – men utan at dette må lesast som at revisor av den grunn har «tendens» eller ynskje om å framheve noko *anna*, eller berre delar av, det materialet gjev grunnlag for. Vi minner om at figurane og tabellane trass alt er *presenterte i sin heilskap* i rapporten – og kan lesast isolert og for seg, og kan brukast vidare slik dei er presenterte. Dette er sjølv sagt òg eit spørsmål om plass; rapporten er lang alt i dag, og med mange detaljar på eit komplekst fagområde i kommunal tenesteproduksjon.

I forlenginga av dette, tillet vi oss å *sitere frå den føreliggjande revisjonsrapporten (del 1.3)*. For – i tillegg til best mogeleg prøve å svare på problemstillinga frå kontrollutvalet – har Kryss Revisjon hatt følgjande ynskje med rapporten:

«Noko av intensjonen med denne revisjonsrapporten og utarbeidinga av tenesteanalysen, er at kommunen sine politikarar og administrasjon får eit statistisk oversyn over status innan PLO i Hyllestad kommune. Dette kan så danne basis for dialog og arbeid med funna frå rapporten, som ledd i å finne forbettringsområde og tiltak/endingar som bør følgjast opp. Skilnadene i funna mellom dei samanlikna kommunane, kan gje indikasjonar på om Hyllestad "har noko å hente" ved å endre praksis i form av betra tenesteyting og/eller effektivisert ressursbruk. Endeleg vil det vere mogeleg for kommunen sjølv å gjennomføre eit tilsvarende statistisk-metodisk opplegg seinare, etter mal frå denne revisjonsrapporten, om det er ynskjeleg.

Det er viktig å understreke at presentasjon og tolking av statistikk, som denne revisjonsrapporten er, ikkje åleine kan gje eit samla bilete av den faktiske stoda innan PLO i Hyllestad. Dei ansvarlege for tenesta i kommunen vil kunne gje eit kompletterande og utdjupande bilete, "dei kjenner best kor skoen trykkjer", basert på erfaring frå drifta over tid».

Gjennom denne revisjonsrapporten leverer vi såleis stafettpinnen vidare: for vidare analysar, refleksjon og eventuelle tiltak. Det er rett når Helse og omsorgssjefen avslutningsvis i sitt høyringssvar seier at det er *kommunestyret* som er ansvarlege for tenestene til innbyggjarane. Men,


vil Kryss Revisjon få legge til, dette føreset samstundes òg at leiarar i *kommuneadministrasjonen* som styrer den daglege tenesteproduksjonen på viktige tenesteområde for brukarane, ser verdien av å nytte seg seg talmateriale produsert av administrasjonen sjølv, her formidla gjennom den føreliggjande revisjonsrapporten av ein nøytral instans – i vidare forbetningsarbeid og læring. For, pr i dag er kanskje KOSTRA og Iplos-tal eit av dei beste føreliggjande verktøya i slik diagnose- og forbetningsarbeid innan PLO.

Endeleg versjon av revisjonsrapporten er ikkje endra i høve til høyringsversjonen, ut over at høyringsinnspel frå Rådmann og Pleie- og omsorgssjef er tekne inn i sin heilskap.

9 UNDERSKRIFT

Denne Revisjonsrapporten er utarbeidd av forvaltningsrevisor Steffen Ben Jonstad i Kryss Revisjon

Førde, 10.03.2014


Steffen Ben Jonstad
Forvaltningsrevisor


Charles Litsheim
Revisjonssjef Forvaltning

10 REFERANSAR

Hyllestad kommune, heimeside	www.hyllestad.kommune.no
Hyllestad kommune, plandokument:	Årsmeldingar, handlingsplanar, rekneskap for åra 2010-2012 «Tenesteanalyse for Pleie- og omsorgstenesta i Hyllestad», utarbeidd i samarbeid med KS Effektiviseringsnettverka, 2010.
KS – Effektiviseringsnettverka	Mal for tenesteanalysar; Statistikkgenerator for Kostra
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag	Statistikkgenerator for Kostra
Regjeringen.no	Veileder for rapportering om ressursbruk i kommuner og fylkeskommuner
Statistisk sentralbyrå	www.ssb.no/kostra www.ssb.no/emner www.ssb.no/kommuner
Helse- og omsorgsdepartementet:	<u>RESSURSBRUK OG TJENESTETILBUD I INSTITUSJONS OG HJEMMETJENESTEORIENTERTE KOMMUNER</u> . Utredning for Helse- og omsorgsdepartementet. Utkast til rapport, 02.03.05

11 VEDLEGG:

11.1 Omgrep frå SSB – KOSTRA¹³

Prioritering:

Prioritering gjenspeiler hvordan kommunen (gjennom politiske vedtak) velger å disponere de tilgjengelige økonomiske ressursene.

Dekningsgrad:

Prinsipielt skal en dekningsgrad si noe om i hvor stor grad behovet for en bestemt tjeneste dekkes.

Produktivitet:

Forholdet mellom produsert mengde av tjenester og omfanget av innsatsfaktorer som er blitt brukt under produksjonen.

Netto driftsutgifter:

Netto driftsutgifter viser driftsutgiftene inkludert avskrivninger etter at driftsinntektene, som bl.a. inneholder øremerkede tilskudd fra staten og andre direkte inntekter, er trukket fra. De resterende utgiftene må dekkes av de frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringer fra staten mv.

Korrigerte brutto driftsutgifter:

Korrigerte brutto driftsutgifter omfatter driftsutgiftene ved kommunens egen tjenesteproduksjon pluss avskrivninger minus dobbeltføringer i de kommunale regnskaper som skyldes viderefordeling av utgifter/internkjøp mv.

Brutto driftsutgifter:

Brutto driftsutgifter viser de samlede driftsutgiftene inkludert avskrivninger korrigert for dobbeltføringer som skyldes viderefordeling av utgifter/internkjøp mv. Brutto driftsutgifter brukes på to måter:

- 1) Som totale brutto driftsutgifter for kommunen/fylkeskommunen
- 2) I stedet for korrigerte brutto driftsutgifter på de enkelte tjenesteområdene.

11.2 Kostra-veileder 2009

Her følger utdrag fra KRD sin veileder for rapportering for regnskapsåret 2009, hvor det er gitt følgende innhold i de ulike funksjonene:

234 - Aktivisering og støttetjenester overfor eldre og funksjonshemmede

Tjenester til eldre, funksjonshemmede, personer med psykiske lidelser, utviklingshemmede mv.:

- Eldresentre og dagsentre for hjemmeboende,
- aktivitetssentre for utviklingshemmede m.m,
- aktivisering av funksjonshemmede barn utover aktivisering i forbindelse med grunnskoleundervisning,
- •transporttjenester,
- støttekontakt,
- matombringing,
- trygghetsalarm (kjøp, installering, vedlikehold og drift av alarmene, men ikke utgifter som er knyttet til utrykninger, som føres på funksjon 254),
- vaktmester,
- vask av tøy for hjemmeboende utført av institusjon eller privat foretak,
- ferietilbud og andre velferdstiltak for eldre og funksjonshemmede,
- frivillighetssentraler,
- frisør og fotpleie til eldre og funksjonshemmede.

Obs: Eldresentre/dagsentre er aktivitetstilbud der brukerbetaling ikke er hjemlet i vederlagsforskriftene for institusjon.

¹³ Henta frå KS – Effektiviseringsnettverka

Utgifter til dagopphold på institusjon, dvs. tjenester innvilget ved enkeltvedtak, med betaling/egenandel hjemlet i forskriften om vederlag for opphold på institusjon skal føres på funksjon 253.

253 - Pleie, omsorg, hjelp og re-/habilitering i institusjon

Direkte brukerrettede oppgaver i forbindelse med pleie og omsorg i institusjoner og boformer (jf. § 7-2 i forskrift til lov om sosiale tjenester) med heldøgns pleie og omsorg (inkl. dag- og nattopphold, samt korttidsopphold (f.eks. rehabilitering og avlastning) på slike institusjoner).

Omfatter også servicefunksjoner som:

- Husøkonom,
- kjøkken,
- kantine/kiosk,
- vaskeri,
- aktivitør.

Dersom institusjonens servicefunksjoner (for eksempel kjøkken og vaskeri) yter tjenester overfor hjemmeboende, skal disse utgiftene fordeles mellom funksjon 253 og funksjon 234. Renhold av institusjonslokaler føres på funksjon 261.

Funksjonen omfatter videre:

- Medisinske forbruksvarer,
- tekniske hjelpemidler,
- inventar og utstyr,
- administrasjon/ledelse av institusjonen (forutsetningen er at ev. ledere ved avdelinger/poster ikke har fullstendig lederansvar),
- inntekter av oppholdsbetaling,
- utgifter til hjelp i og betjening av avlastningsboliger,
- Døgnmulkt ferdigbehandlede sykehuspasienter.

Kommunale institusjoner knyttet til rusomsorg føres på funksjon 243.

254 - Kjernetjenester knyttet til pleie, omsorg, hjelp til hjemmeboende

Kommunale pleie- og omsorgstjenester ytt til personer som bor i eget hjem (inkludert tjenester til beboere i boliger for eldre og funksjonshemmede med eller uten fast bemanning) som registreres i IPLOS med vedtak knyttet til antall timer per uke. Tjenestene er (jf. IPLOS registerkort og veileder):

- Praktisk bistand, daglige gjøremål og opplæring i daglige gjøremål
- Brukerstyrt personlig assistent
- Avlastning utenfor institusjon
- Omsorgslønn
- Pleie og omsorg utenfor institusjon (hjemmesykepleie og vedtak/beslutning om bistand som ledd i kommunens psykiske helsearbeid)

Inntekter av brukerbetaling for hjemmetjenester.

Avlastningsopphold i avlastningsbolig eller på institusjon registreres under funksjon 253.

261 - Institusjonslokaler

1. Utgifter til drift og vedlikehold av institusjoner og boliger med heldøgns pleie og omsorg (med tilhørende tekniske anlegg og utendørsanlegg).

Dette omfatter lønn mv. til eget drifts-/vedlikeholdspersonell, innkjøp av materiell og utstyr til drift og vedlikehold, og kjøp av drifts-/vedlikeholdstjenester (eksempelvis vaktmestertjenester, snøryddingsavtaler, renholdsavtaler, serviceavtaler på tekniske anlegg, avtaler om vakthold og tilsyn mv.) som er knyttet til institusjons-/lokaler. Dessuten avskrivninger av egne bygg

Som driftsaktiviteter regnes løpende drift, renhold, vakthold, sikring, energi og vann, avløp og renovasjon (jf. tabell avsnitt 4.1.). Renhold av institusjonslokaler (dette føres ikke lenger på funksjon 253). Skillet mellom vedlikeholdsutgifter og utgifter til påkostning/investering er beskrevet i Kommunal regnskapsstandard (F) nr. 4 Avgrensningen mellom driftsregnskapet og investeringsregnskapet, se www.gkrs.no.

2. Forvaltningsutgifter knyttet til institusjons-/bolokaler (administrasjon, forsikringer av bygg og pålagte skatter og avgifter knyttet til institusjonslokaler) føres på funksjon 121.
3. Investeringer i og påkostning av institusjons-/bolokaler.
4. Husleieutgifter ved leie av institusjonslokaler/boliger.
 - Ved leie fra AS eller andre private (herunder IKS hvor kommunen ikke er deltaker) føres husleien i på art 190.
 - Ved leie fra kommunalt foretak føres husleien på art 380 i kommunens regnskap, og inntektsføres på art 780 i foretakets regnskap.
 - Ved leie fra interkommunalt selskap (hvor kommunen er deltaker) føres husleien på art 375 i kommunens regnskap, og inntektsføres på art 775 i selskapets regnskap.
 - Dersom kommunen har en internhusleieordning (leie mellom enheter som inngår i kommunens regnskap), skal faktiske utgifter til drift og vedlikehold komme fram på riktig art/funksjon, jf. avsnitt 4.1 og art 190.
5. Inntekter knyttet til utleie av lokalene til eksterne (andre enn kommunen selv eller kommunalt foretak).
6. Inventar og utstyr (innbo/løsøre) knyttet til pleie- og omsorgstilbudet inngår ikke her, men føres på funksjon 253.

08/14 OPPFØLGINGSLISTE 1-2014

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM- sekretariat
Dato: 12.03.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Hyllestad	21.03.2014	08/14	Ja

Saksvedlegg.

Oppfølgingsliste 1-2014 Hyllestad.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 1-2014 Hyllestad vert teke til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 4-2013

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følger ajourført oppfølgingsliste pr. 12. mars 2014.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista. Saker frå førre møte vert ståande til etter neste møte for informasjon.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 1-2014 - Hyllestad.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Hyllestad kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport. Saker på førre møte står til etter neste møte for informasjon.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	17.11.09		17.11.09: Vedtak KU: - Orientering frå adm om einingane. - Tertialrapportar som SM. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen som SM. - Kvalitetsrapportar revisor. - Orientering frå revisor om revisjon generelt og om status i revisjonsarbeidet 1 – 2 g. i året.
006/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Hyllestad	11.03.13		11.03.13 Vedtak KU: Årsmelding frå kontrollutvalet i Hyllestad vert godkjent. 14.03.13 Årsmelding sendt til KS Ikkje kome på saklista i kst.
018/13 Forvaltningsrevisjon – val av prosjekt.	25.09.13		Vedtak: Kontrollutvalet startar opp arbeid med prosjektet : "Totalgjennomgang av pleie- og omsorgssektoren sett i lys av KOSTRA-tal", med budsjett som styringsverktøy. SEKOM-sekretariat utformar tinging av prosjektet som vert handsama på neste møte.
019/13 Prosjektrekneskap – og sluttrapport prosjektnr. 1917 Rehabilitering/ ombygging av Hyllestad skule	25.09.13		Kontrollutvalet sin uttale til kommunestyret : - Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 03.07.2013. Under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre. Sendt Hyllestad kommune 27.9.2013 Sendt påminning 17.12.2013.
024/13 Godkjenning innkalling og sakliste.	16.12.13		Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.
025/13 Skriv og meldingar	16.12.13		Orientering frå rådmannen i SM 17-13, 18-13 og 19-13 I SM 19-13 finn kontrollutvalet etter ei samla vurdering at Hyllestad kommune har gitt saka ei forsvarleg vurdering. Skriv og meldingar vert elles teke til vitande.
026/13 Revisjonsprosjekt – totalgjennomgang av pleie- og omsorgssektoren sett i lys av Kostra-tal, tinging	16.12.13		Vedtak: Tingsingsdokumentet for revisjonsprosjektet «Totalgjennomgang av pleie- og omsorgssektoren sett i lys av KOSTRA-tal» vert godkjent. Tingsingsdokumentet vert sendt over til KYSS-revisjon for operasjonalisering. 19.12.2013 sendt til KRYSS-revisjon
Påminning til seinare revisjonsprosjekt.	16.12.13		Budsjett som styringsverktøy er teke ut av sak 18/13, og vert søkt ivareteke ved seinare revisjonsprosjekt.
27/13 Oppfølgingsliste 4-2013	16.12.13		Oppfølgingsliste 4-2013 Hyllestad vert teke til vitande.
28/13 Eventuelt	16.12.13		Neste møte i kontrollutvalet i Hyllestad vert 10. februar 2014 kl 10.00. Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte for å orientere om praksis for eigedomsskatt for oppdrettsanlegg. Sendt brev 16.12.2013

Oppdatert 12.3.2014 arva

09/14 EVENTUELT

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM- sekretariat
Dato: 12.03.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Hyllestad	21.03.2014	09/14	Ja

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ynskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.